

314.8  
J26 s

THE LIBRARY  
OF THE  
UNIVERSITY OF ILLINOIS

# Skildringar

fraa

## Nordland og Finnmark.

Bed


Kristofer Janson.

---

Bergen.

Hjaa Ed. B. Giertsen.

1874.



914.81  
J265

19 Ag '30 Krogh

# Skildringar fraa Nordland og Finnmorki.

Bed  
Kristofer Janson.

Ferdi nordetter. Trondheims Domkyrja.

Den danske Diktaren Dehleßchläger skrib Aar 1805 soleides i si „Baulundurs Saga“ um Finnmarki:

„Finnmarken er et Land, som ligger saare høit mod Nord. Der er meget koldt; thi Solen hæver sig kun om Sommeren lavt over Synskredsen paa Himmelten. Aften og Morgenryde løbe i et; og hvad der begynder og ender den lange, varme Dag længer Syd paa og ligesom indfatter den i røde Guldbremmer, det glimter her hel mat og sørgeelig, paa det at Livet skal ikke plat forgaa. Derfor er ogsaa al Overflødighed af Væxter og Urter flygtet fra disse Enemærker; kun de magre Naaletræer, som ncerme sig til Forsteningerne, voxe omkring paa de

nøgne Fjelde, der den meste Tid ere bedækkede med Iis og Sne. Folkene her ere ogsaa hel smaa og sammenhængende, og Rensdyret er af Fæ næsten det eneste, hvad der opliver den døde Natur. Den halve Del af Aaret er Solen ganske ikke tilsynne, og da er det kun nogle sære Strimer i Nord, der lyse med et mat Skin, ret ligervis som Metalaarer i de hule Fjelde."

Skulde ein tru paa detta, maatte det inkje vera for fyselegt at bu der. Og ein ser og, for det grys i alle Sørslendingar med Tanken um at fara dit nord, og dei tykja Synd i dei stakkars Embættesmennene, som verd nøydde til at slita ut si Tid deruppe nord fyre Folkestikki i Snjo og Is.

Men vil du vita, kvaat Sumar er, so far til Finnmarki. Der skin Soli baade Dag og Nott, du kann lauga deg i Varme og Ljos, Blomar hrja fram or Fordi, Graset stend knehøgt, dei grøne Liderna luta seg kjærlegt ned mot den speglblanke Fjorden, attum stend Skogen og lyder og bak denne reisa seg dei nakne Tindar og Piggjar, blaae, med Snjorender i, upp i Ljoshavet. Det er som ei einaste Gleda, som ein einaste Takkesong uppimot Baarherre. Og midt i denne lysande Natur yr det

av Liv. Maasar flagsa, Ternor, Skarvar, Teistar  
skrika, Wefuglar symja; Baatar, Iægter og Skip koma  
strjukande, Dampskip fara pustande hver Hav og  
Fjord, dei lada og lossa, Song og Snakk og Laatt  
kring ein. Nordlendingar, Finnar, Kvæner, Ryssar,  
Utlendingar millom kvarandre.

Sjaa detta er no Sumarsandlitet. Um Betren  
hev eg infje seet det, og daa kann det vel vera, at  
Hugnaden forgjeff meg, naar Sjoraaket stend tjuft,  
og Stormen hl nedigjenom Skard og Djuv, og Ha-  
vet stend i Skum, og det syd og kofar kring Baa-  
ten og Snjokaven elder Haglet slær deg heint i And-  
litet, og Snjoskavlarnre reisa seg som Haugar og  
Berg, kvar du smir deg, og det evige Myrkr ligg  
som ei fjøvande Mara paa kvart Liv. Men daa  
kann og Stjernehimmelen lysa med twifald Glans,  
og dei bragande Verljos fara som susande Andar  
gjenom Lufti, brenna, knittra, leika seg paa dei  
blenkjande, endelause Snjovidder. Alt er større her  
Nord, og du ser her Gud liksom meir heint i And-  
litet, som den velduge, agande Herren, som den  
kjærlege, signande Faderen.

Eg hadde lenge lengtat etter at fara dit Nord.  
Vandet der stod fyre meg som eit Eventyrland med

Fanget fullt av Segner, Sogor og Song. Her var Trollheimen, der Asmund Fregdegevar foor etter Prinsessa;<sup>1)</sup> her var det Tor møtte Olav Trygvesson i Skodda og Driv;<sup>2)</sup> her foor Torolf Kveldulvsson som ein Konge og kravde Skatten og slost med Bjarmarne;<sup>3)</sup> her gjøymde Gunhild seg i Finnegammen, daa Eirik Blodøkse fann henne;<sup>4)</sup> her galdrade Raud hin ramme;<sup>5)</sup> her foor Tore Hund paa si bloduge Bjarmelandsferd;<sup>6)</sup> her slost Kongen og Bonden, Heidningadom og Kristendom, det hardaste Taket. Kvar Fjord aatte liksom sitt Dift, si sterke Saga. Og dette Sjolivet og Fisselfivet, sterkt men vinglutt som Sjoen sjølv, med Liv og Dause, Laatt og Graat, Rikdom og Armod tett innpaa seg kvar Dag, det maatte og den Dag i Dag ala Folk, som det var verdt at gjera Kjen-skap med.

---

<sup>1)</sup> Sjaa Landstad: Folkeviser I. <sup>2)</sup> Denne Segni stend infje i Snorre men i ei onnor gomol Saga um Olav Trygveson. <sup>3)</sup> Sjaa seinare i Stykket um Torge og Torg-hatten. <sup>4)</sup> Sjaa Snorre Sturleson: Saga hans Harald Haarfagre 34. <sup>5)</sup> Sjaa seinare i Stykket um Saltdalen, Ranen og Beffen. <sup>6)</sup> Sjaa seinare Stykket um Bjarkøy og Trondenes.

So bar det daa ein Vaardag sidst i Mai upp-  
etter Gudbrandsdalen med meg. Hesten tverstupte  
i dei bratte Øyerbakkom, so eine Skaaki rauk sund,  
og eg russlade or „Karjolen“. Men eg trøystade  
meg med det gamle Ordet: „Fall er Lufka paa  
Ferdi“, og det var og den fyrste og sidste Uheppa,  
som raakade meg heile den lange Beg. Det var  
fine Soldagar mest alle uppatter Dalen, Bjørkerna  
i Ringebu og Fron helsade meg med sine lange  
ljósgrøne Taks, Kyri var utslopne, Bestemor og  
Ungarne sat og solade seg i Bakkene med Begkanten.  
Og so kom eg til Sel, der eg hadde livt tvau  
lukkelege Aar, der eg hadde somange lysande Minne  
fraa Folkehøgskulen og fraa mit Samliv med Bør-  
derne. Det var også, som kvar Stein og kvar  
Kjørr kjende meg og nikkade aat meg, og naar Folk  
møtte meg, smilte dei og kom springande lang  
Leid. Og so spurde dei og fortalte. Og daa eg  
atter sat med Peisen i den gamle Stova paa Ulv-  
vollen med gamle Kjennings rundt ikring og fri-  
skade uppatter gamle Minne, jau daa likade eg meg.  
Den Kvelden skreiv eg eit Dikt, det fyrste paa  
Ferdi, daa eg sat i mitt eget gamle Soverom.

Paa eg kom atten til Sel.

Du staute Bygd, som tok mitt Hjarta,  
som lærde meg, kvat Lukka var,  
som saag meg graata, saag meg garta,  
som saag meg veksa meg til Æar.

I Kveld som Gjenta du meg femner  
med Smil og Graat paa væne Kinn,  
med Kjærast-Namnet eg deg nemner  
og frostar deg aat Bringa inn.

Dei trauste Fjell i Urði spenner  
og lyfta seg i Solargleim,  
kvar Kjørr, kvar Skredelaup eg kjenner,  
dei helsa meg: „velkommen heim!“

Fraa Hus og Hytta Minne strømmer,  
dei mest meg gjera Begen trong,  
eg ser og kjenner, smiler, drømmer,  
og høyrer som ein Takkasong.

Dei kjende Andlit hjost meg møta;  
dei trykkja Hondi, helsa blidt,  
det er som Gleda vil deim grøta,  
naar ut dei spør um meg og mitt.

Ja det er godt at finna Viner  
i kvart eit Liv, paa Land og Strond,  
ein slik som kyla paa seg kjenner  
ei signande og kjærleg Bond.

Min Gud! gib dei av deg maa finnast,  
og finna deg i all si Gjerd,  
sign deim, fyrdi dei kunde minnast,  
lat meg faa vera Minnet verd.

Eg hadde ikje fyrr voret nordan Opdal, no  
fekk eg daa sjaa Bygderna uppetter aat Trondheim.  
Soknedalen var den fagraste, tykte eg, rike Bjørke  
og Granslider, grøne Bakkelag, Elvi snart skumande  
i tronge Djub, snart sigande stilt fram som ei Åa;  
og so kjøyra her sagre Sumarsnotti, naar Lufti er  
mett av Angen av Hegg og Blomar, det er vel at  
liva. Paa Garlid var eg uppe og saag den  
Stova, der Mads Dalekar vardt skoten i Sjauaars-  
krigen 1564. Nordmennene hadde hogget ned Bjør-  
ker og bar framfyre seg, so det saag ut som heile  
Bjørkeskogen kom vandrande. So kom dei paa han  
Mads; han gjøymde seg i dette vesle Buret og  
stengde Øyri, men ein Bonde kraup upp paa Taket  
og skaut honom i Hel gjenom Øjoren. Buret var

no fullstappat av Koppar og Kollar og var so litet, at ein snaudt kunde standa rett der.

Eg traadde etter Eeventhrlondi der nord, so eg gav meg inkje Tid i gamle Nidaros meir en eit Par Dagar; men eg fekk daa alltid sjaa Kyrkja, og ho er Synet verd. Det er som Graaten kann taka ein, naar ein ser den Rikdom, den Magt, den Kunstsans, som preikar fraa desse halvmorkne, sunn-slegne Bogar og Sulor, som ein ofta finn innklinte i den digre Murveggen, som no sthd Taket, og so ser vaare Forfedra Synder og vaar eigi Smakløysa so tjukk som her. Det er som dei skulde grundat paa, forleides dei paa beste Maaten kunde øydeleggja og sopra burt alt det fagre, som endaa stod etter etter Varmen: dei finaste Sulor hava dei ihopmurat og kvitat, so ein no berre ser ein diger Klumpevegg istadenføre Rader av Sulor; dei fagraste Portbogar hava dei stengt og innebøgt med Trev og Kyrkjebaasar klinte med Gulmaaling. At det er gjort i god Meining faa me trøysta oss med, og sumt var vel og naudturvelegt, at det inkje skulde ramla ned alt i Hop — men soleides. Det var vel paa denne Maaten, det kostade minst, kann eg vita. Det minner forfælannde um denne kjeid-

same, turre, flate, nyttige, utverdes ørbare „Upplysningstid“, daa det galdt um at kaska og kitta og kvita alt ein berre orfade. Koren stend daa endaa nokorleides heil, og det er som det finaste Knipplingsverk i Stein. Blomar, Frukter, Kransar vind seg kring Sulorna og Bogarne, som granne og fine lyfta seg upp og peika mot Himmelten. Segner um Kongar og Bispar kvistra fraa Gravom og Kapellom her i Kyrkja. Og so at stira upp i det uhorvelege Kvelvet, det er som Tanken verd lyft til Himmels i ein Gong. Eg høyrde ei Kyrkjekoncert her, Salmarne og Lovsongarne fylte Kyrkja og sveiv under Himslingen; eg drøymde um Munkatidi, høyrde Songen fraa den brunkyrtlade Flokken, kjende Røykelsen og saag slikom Biskopen i sitt fulle Skrud standa i Koren og lysa Belsigningi hver Mengdi, som bøygde kne. I denne Kyrkja var det den fyrste norske Erkebiskopen, Jon Byrgesson, vurdt innsatt av Sendemannen fraa Paven, Nikolaus av Alba, og daa hadde det samlat seg i Kyrkja alt av stort, som fanst i Landet, dei tri Kongarne, Inge, Sigurd og Øystein, alle Biskoparne og tolv av dei beste Männer fraa kvart Biskopsdøme, og daa var det Skalden Einar Skulesson gjekk fram paa Kyrkjegolvet

og kvad sitt makalause Kvæde til Era fyre St. Olav, „so heile Kyrkja vardt full av sot Luft“. Denne Kyrkja var det Erling Skafte helsade og kysste, fyrr han foor til si sidste Ferd; no kviler han her under Hella i sydre Korgong; du ser inkje Inschrift paa Hella, men den kvasse Talen hans Sverre skal standa som Minnetavla paa Gravi. Denne Kyrkja var det Svenskarne gjorde til Hestastall i Sjauaarskrigen, og daa tok dei og dei Sylvnaglarne, som stod att i Olavskista. Danskarne hadde fyrr tekfet alt Gullet og Sylvet dei.

Kunde no det lutherske Kyrkjefolket atterreisa dette Minnesmerket fraa den katolske Stormagt si Tid, so vilde det vera eit fagna Verk. Det vilde vera ein Part av vaar Landssaga støypt i Stein til øevelege Tider. Det er og liksom Hugen er veft Landet ikring fyre denne fredlege Stordaad; det skil seg berre, um denne Uppglödingi kann vara frametter til den Ett, som kjem; for dette Storverket er inkje gjort paa ein Dag. Det var morosamt at sjaa, kor høve dei var til at arbeida her; det var som Arbeidsflokkene gleddest fyre kvart Stig, det gjekk fram. Sume slæpte og velte paa dei digre Steinane, andre sagade og filade og blenkte, andre

skar ut Krot og Render, andre lagade Nasar og  
Kjakar til alle Kongarne og Bisparne og Trollkje-  
ringarne og Djevlarne, som kik fram, kvar du ser  
uppetter Suleverket.

Den vesle tilbhygde Kyrkja, Songhuset (St.  
Clemens Kyrkja, som ho fyrr med Urett vartt kaf-  
lad) stend no fullferdig, nett som ho var i gamle  
Dagar; og med Kapellet hans Tomas Angell lid  
det og no. Der kiler daa denne merkelege Graute-  
mannen, som aatte dei mange Tusind, og som heve  
gjort Trondheim so rik. Han var so tarvelegt van  
og var so forhugad paa Graut, at han sette den  
Vilkor fyre Maagen sin, Peter Suhm, fyrr han  
testamenteraade honom alt sitt rike Gods, at han  
skulde giva honom Graut kvar Kveld, for fint dei  
andre so hadde det. Men so var det ein Kveld,  
Suhm hadde Lag, at han gløymde Grauten til  
Gamlen, og daa vartt denne so harm, at han gav  
Rikdomarne sine til Trondheims By og til alle Slag  
Stiftels. Difyre tora infje Trønderne annat en  
velsigna Grauten den Dag i Dag.

### Paa Dampskip til Hammerfest.

Det gryss vel i mange, naar dei tenkja seg 6 Dagar paa Dampskip, — Sjøsykja, Kjeidsemd, endelause Dagar. Men nei — naar du er komen so langt som nordanfyre Lekøy og ser Torgghatten vest-i reisa seg som ein veldig Hovdingsstol, og Helgeland med sine nakne Knausar, sine Holmar, Skjer og Sjofuglar opnar seg fyre deg, daa kann du sitja Dag og Nott paa Dekket so lognt som i Stova (for Ferdi gjeng øftaste innanstjers) i endelaus Undring paa alt det fagre og nye, som syner seg fyre deg baade paa Himmel og Jord. Eg gløymmer aldri fyrste Sundagskvelden heruppe. Dampen gjekk ut til nokre Utskjer, der han hadde Varor at lossa. Dei makalause Fjell paa Begøy hadde me bak oss, Dønnesfjell rett imot, og dei „sjau Syster“ paa Alstenøy, Topp i Topp paa høgre Hondi. Sjoen laag so stavande still, Folk i Sundagskvila paa Land, Efuglar symjande Bar um Bar kring Skipet, Steggen paa Vakt um sin Mak, alt i raudgylte Straalar. Det var som i ei Kyrkja. Det er merkelegt, kor ein kjem at elska denne Efuglen fraa fyrste Stund ein ser honom. Det er nokot slikt huskoselegt med honom. Han er også vorden

so tam, at han gjeng og ruggar millom Folk, inn i Huset, upp i Gruva og upp i Sengi. Det er ofta, Nordlendingen rømer Sengi si, naar denne kjære Gjesten kjem og legg Egg i sine der. Han elskar Æfuglen som sitt Barn, og det at drepa ein Æfugl gjeld som stor Synd. So giv Fuglen daa til Nordlendingen sitt fine Dum som Taft syre Husværet. Han plundrar aldri Reidet i ein Gong, men gjeng burt, lettar Fuglen upp litet og tek ein Dott. Fuglen murrar, men finn seg daa i det og fyller ut det tome Romet med at ribba seg sjølv. Kvar ein kjem i Nordland, ser ein kvelvde Baatar elder sinnae Skur ihopsett av Bord, der Æfuglen kann liggja og bræda sine Egg i Fred syre Hauf og Kraaka og dei andre Uviner av Fuglastaget. Det er og ein Kær, som er paapassug den Æfuglen; han er infje myket syre, at dei „gjera Kur“ til Kona hans. Eg saag fleire slike Ægttemenner, som var etter nasavise Friarar og duffade deim.

Eg talade um Naturunder i Helgeland, men kvat skal ein segja um Salten, Vesteråsen og Lofoten daa! Det er som Augat kvar Dag verd mett og maa segja: „nei no hev eg visst seet det største, no maa det daa minka heretter.“ Og so aukar det

paa, aufar paa i det endelause, dei same blaae, forrivne Tindar og Toppar, som ein undrade seg paa enkeltvis, veksa og stiga fram, hundrad paa hundrad, og kringsetja deg paa alle Kantar. Og so sigler du inn i Vestfjorden, denne uhorvelege Østunstova, som Bjørnson segjer, med Himmelen til Tak og sundrivne Tindar og Piggar og symjande Kyrkje- taarn kring alle Veggjer. Det var stilt, straalande Solsskin, daa me tok fraa Bode. Eg kvidde meg syre Sjøsykja paa Vestfjorden og skulde jaga dei elgne Tankarne burt med at fortelja Eventyr. Og so sat eg paa „Hytten“ og fortalte um „Kolbrennarpresten“ og „Vesle Frikk med Fela“ og ho Aaslaug; og Menigheti: Matrosar, ei feit Kaffekjerring, som skulde til Marknaden paa Stokmarknes med Tenestgjentom sine og andre Passasjerar sat rundt ikring paa Tog og Kassor og Tunnor og storsskrattade. Men daa me kom inn i Vestfjorden, so gløymde eg baade Sjøsykja, Eventyr og Skratt. Havet laag stilt, me høyrde berre som ein Andepust, naar Smaabaarorna skvalade mot Skipet, og det bar imot Lofoten, desse symjande Eventyrlond, tolv Mil vest i, der Soli just seig imot. Det leid ut paa Notti, eg sat paa Hytta og stirte og stirte

og kunde inkje verda mett. Herre Jesus! den som inkje kann tilbeda her! Detta var større Kyrkjekvælv en i Domkyrkja i Trondheim, detta var større Sulor og Bogar mot Himmelten, detta var høgtidlegare Kyrkjesongar, Bylgjestalet og Susen, som leikade kring Øyar og Tindar. Havet skjer seg inn som ein diger Blegg, og paa alle tri Sidor av denne Trikanten ser du dette same, Horn, Nasar, Tindar, Sagblad, blaae, med Snjorender, det eine attved og bak det andre, so nhe og nhe, som stinga seg fram, naar dei gamle kverva burt. Og hver ast detta Midnettes-Soli med raud, gul, violet, iblaa Lit hver Nutarne og glitrande i Sjoen som sterkt Maanesskin. Sjølv ligg ho og kviler bryg som ei Drottning i eit Straalehav derute paa Lofottindom. Ja Lofottindarne dei lokka paa deg der langt ute som blaa- og kvitkledde Møhar — so kjem du nærrer innat, og det er, som Tind etter Tind reiser seg fraa Sætet og verd til ei Kjempa i blaa Staalsbrynja og kvit Hjelm, som retter Hondi mot deg; og frr du veit det, er du komein midt inn i den mest forrivne, ville Trollheimen, og dei stunda kringum deg desse Kjempegutarne og skratta — dei sjaa, du inkje er ein Kar piskad av Sjoskum,

uppalen millom Sverd, søygd med Saga, versliten og ru av Faarar paa Fjell og Hav, du som gjeng der skvetten og kusken og sveiper Kasteplagget ikring deg.

Eg gjekk paa Dekket til Klofka var 1—2, det var mest umogelegt at leggja seg, men det var ein Dag i Morgen og. Eg tvingade meg ned, eg lyfte Rikaren til Augat endaa ein Gong og so endaa ein Gong — farvel Tindar, Hav, Sol; — Gud er ein stor Gud!

Daa Soli tok til at letta seg fraa Straalsengi si, tok det til at blaasa. Eg vaknade Klofka 4 av di, at Bøkerna mine ramlade ned fraa BorDET; eg sveitte og kjende meg klen; det hukkade og hukkade. Eg tok ein Dram og let Augo etter. Det stod inkje lenge paa, so var me i Livd, og daa eg so Klofka 9 kom upp aa Dekket, byrjade Eventhret endaa større paanhitt. Straalande Solskin var det, og klaart. Me foor just gjennom Raessund, som skil Hindøhi fraa Aust-Vaagøy; dei same Toppar og Tindar med grøne Skard og Beitelider innunder. Segner maa føda seg sjølve paa slike Stelle, og her er og nog av deim. Du fer framum „Fallet“, ein bratt Fjellvegg med ein Brede i Fanget,

der ein Mann ein Gong vardt dømd at reisa utfyre paa Hest. Her var det og Gunnar-Tutelen heldt til; paa Gunnarsholmen budde han. Eit flatt Skjer ligg midt i Sundet, det er „Gunnarsbaaten“; so syna dei og, kvar han turkade Fisken sin „Gunnarssjaaen“, kvar han bankade Bottarne sine, naar han kom fraa Sjoreis o. s. v. Det maa hava voret en rauftleg Kar. Naar ein heve siglt Rafsundet, hjem ein liksom i eit Batn, stengt paa alle Sidor av Fjell. Hasseløy ligg beint imot. Naar ein stend der med Kyrkja paa Hassel, heve ein eit makalaust Rundsyn. Paa høgre Hondi Tindarne paa Aust-Vaagøy, ville, nakne, blaae, med Snjorender som ein uklivande Mur med Taarn, og dei mytaast i ein Halvkrans med Tindom paa Hindøy, der „Møysadlen“ lyfter seg, høg og grann men avskoren som ei Egg øvst, og der paa Eggi ligg daa Snjoen som ein drivande kvit Duk paa den blaae Sadlen. Det var ei Møy, som sat deruppe, segjer Segni, so kom det two Friarar, som treiv i den kvite Kaapa hennar; men ho fastade Kaapa og sprang fraa deim. Kaapa ligg der endaa drivande kvit.

Hasseløy er elles infje fager, jannflat med

Smaaskog og Myrar, men godt syre Rjupor er der, og Engelskmennar ligg stødt der og jaga um Sumaren.

Naar ein kjem yver Nordlandsgrensa inn i Finnmarki, verd det som ei onnor Natur, Fjelli minka, verd rundare og flatare uppaa, infje so sundrivne og ville. Vinlege Gardar med grøne Engjer ikring og Smaaskog laag med dei stavstille Sund og speglade seg i Batnet. Det minte meg paa mange Stelle um Fjordarne kring Bergen, Østerfjorden og Fanefjorden. Trondenes tok seg vakkert ut. Smaaskog innetter heile Dalen og tettgrendt. Ute paa Neset laag daa den gamle taarnlause Øysteinskyrkja, som Jonas Lie talar um i „den Fremshnte“. Der skal me sjaa oss meir um sidan, no fara me berre framum paa Dampskipet. Det var utetter Andfjorden med oss framum Grytøy med sine ville Fjell og radt aat Andenes.

Her bur det ei 300 Sjofolk og Fiskarar paa Lag kring det raude Fyrtaarnet. Her var infje fyselegt at bu. Havet stend beint paa, i Storm driv Sprøyten som ei kvit Sky innhver den vesle Byen, og Mannen i Fyrtaarnet dissar, for Taarnet styn og vrid seg under dei harde Støhtarne. Her kann du faa høyra um Forlis og Rak, um

Folk paa Kvelvet, um Liv sett i Vaagan fyre andre. Her liver vel mangein ukjend Mann, som meir var verd ei Stjerna paa Bringa en dei, som fylgja Kongen og segja „Holdt“ paa ein Mynstringssdag.

Heile Andøhi saag audi ut. Ei uhorveleg Moltemyr kløyver Óhi i two og breider seg uti Fjorden som ei Fjøra attved Toten aat dei trauste Snjofjell; ho ligg so laagt Myri, at ho mest gjekk i eitt med Basskorpa.

Fraa Andenes stemnde me attende mot Bjarkøy, som eg hadde traatt etter at sjaa. Her fekk eg daa fyrste Gong sjaa eit Fugleberg. Det var vel morosamt. Tusund av Maasar flagsade kring oss som ei kvit Skj og skreik, og heile Fjellsida var som dekt av Ungar, Hovud paa Hovud stakk ut or Fjellet; sume skulde freista at fljuga og baskade med dei smaae Bengjom. Berget var inkje høgt, berre som ein skikkeleg bratt Holme, men Bergsida var lik som Hol i Hol, Hylla paa Hylla; og so livde det og røyvde seg alt ihop. So kom me daa seinnottes til Bjarkøy. So her var det du budde Tore Hund! Ei Tagt laag i Hamni, og paa Namnebordet stod: „Tore Hund“; so var inkje Mannet hans gløymt likavel. Óhi var liti og naki og laag, mest trelaus;

men Utsyn hadde ein uppe paa Ryggen, der Gardaen hans Tore laag, Utsyn over Grytøysundet med dei stupbratte ville Fjell, Utsyn inn i alle Gap og Fjordar, so det var lett at leggja Langskipet ut paa kvar Sida det skulde vera og smetta til Havs, naar nokot galet var paa Ferde.

### Hammerfest.

Skulde nokon By faa Præmi, fyredi han var den sthggaste, so kom Hammerfest til at bera Prisen, denne Byen, ihop=knodad av roti Liver, Lyse, Aur og Stein. Her finst mest infje eit Gras, so Gjeiti lyt ganga paa Hustaket, skal ho finna nokot at gnaga. Byen ligg midt uppe i ei naki Steinurd i ein Halvkrans kring Viki, og Tranosen ligg stundom som ein Røyk i Gatom. Gjeng du innover Óhi eit Stykke, finn du nokre grøne Forder, og her hava daa eit Par av Rikmennene bygt seg „Landsteder“ attved ein Belf — Herregud for smaanøgd ein kann verda sel, naar ein er tarvelegt van. Her raakar du og paa „Skogen“, det vil segja ei 10—12 frokutte, smaae Overgbjørker, som rœdde smyg seg burtetter Steinarme. Kjem ein upp paa Høgdi, og det er infje langt, so lyser og letnar det.

Ein ser vidt uthver Sjoen, og Fjelli paa Sørøy teikna seg sagert av paa Himmelshynet. Det var og, som Sumaren gjøymde seg, daa eg kom til Hammerfest. Dagen fyrr kunde eg mest ganga ermesskjorta paa Dekket, og her snoade og haglade det.

Men rike Folk bu der i Hammerfest og hyggelege Folk, endaa du ved i „Chignoner“ og „Falsbelader“ og „Garneringer“ og annan Styggedom, for det er Folk, som veit at phinta baade seg og Husi sine, og detta gjeld no for fint daa. Og godt Vin halda dei, eg heve endaa inkje drukket slikt godt Vin som i Finnmarki. Og so var dei mest tykne fyre, at eg heldt Fyrelesingarne mine so billigt; dei er vane med at verda flaadde, for berre Sverdsklaren Paulsen kjem dit upp, skal det vera Halvdalaren strafst; og dei vil gjerna lata seg flaa, naa dei kann faa nokot som duger fyre Pengarne, for det gror Dalarar av Lysen deruppe, og det er vel inkje so ofta Kunstnarar vaaga seg so langt nord. Tenstviljuge, hyggelege og snilde var dei, det var visst.

Det er ogso so morosamt at ganga i Gatorna der i Hammerfest, for det er, som du var flutt til eit annat Land. Du høyrer Nænemaal, Finnemaal, Russemaal og Norsk ljoma kring Øyro dine. Maas-

Let til Åvænerne (Finnlendingarne) er makalaust mjukt og klangfullt; det lœt mest som Italient, og eg kunde moroa meg med at standa og lyda paa det lange Stunder, endaa eg inkje synade eit einaste Ord. Åvænerne skal vera merkelege Folk, hardbalne og sterke og stride til at halda paa sitt. Dei hava mange av deim slike underlege Namn som: „Munter“, „Hurtig“, „Flink“. Det er Heidersnamn, som dei framisraa Soldatarne sekk i siste finske Ufreden mot Ryssland, som Runeberg syng um, og som no er vordne Døypenamn, endaa dei er svenske. Dei fleste, som bu her, er Sjofolk, med paa Ishavss- og Spitsbergsfangst, so dei hava nog sumt at fortelja. Her er dei, som hava voret ei Snøggreis paa Havsens Botn millom dei store Hogtennifera paa Rossmaalen (Hvalrossen) og er komne fraa det med Livet. Eg høyrde eit Maal ei Nott ropa paa: „Is- havet hoi!“ det Maalset var nog skavet baade av Is og Snjo med Kobbbar og Kval til Faddrar.

Her sekk eg og fyrste Gongen sjaa Lappar el- der Finnar i Mengdevis. Det var mest Sjofin- nar, fatige, skitne, men i denne makalaus fagre Klædnaden. Fjellfinnarne, Adelsmennene, var endaa inkje nedkomne med Reinsflokkom sine; eg saag

berre ein liten Folk paa 10, 12 beita uppe i Urði. Det tok meg so underlegt at sjaa og ganga millom Finnom, dette Folk utan Saga, utan Samlag, med sin barnslege Tanke og sitt syngjande Maal; dette Folket, som fyrr var frie Eigarar av heile Landet baade Fjell og Hav og Skog, men som av Federne vaare vardt jagat upp i Snjo og Is, gjorde til Trælar elder skattlagde og no meir og meir verd innelent av ruddde Forder, av sterke Folkacetter. Reikneskapen millom Normann og Finn er helder inkje avgjord. Finnen kann hugsa, og det kann nog vera faarlegt fyre Normannen den Dag i Dag at vaaga seg einsleg til Fjels med honom. Dei er følest at lesa um, forleides Normennene i gamle Dagar hundsade Finnen. Dei bitalade inkje Barorna, som Finnen selde, slo og skamfor honom. Dei var etter honom med Brennevinsflaska radt upp i ville Fjellet, gjorde Narr av honom, naar han inkje vilde drifka, og bygde Brennevinsbuder utanfyre Kyrkjedyri. Endaa Prestar dreiv Brennevinshandel. Dei kaupte Bornideira, spottade deim, som dreiv paa at beda og lesa, og jagade deim lengst ned i Kyrkja. So myrkst skildrar Tomas von Westen det i 1720 Aari, han

som gav sitt Arbeid og si Helsa til Finnefolket.  
Dei hadde nog Orsa<sup>k</sup> at spyrja honom Finnarne:  
„Fader, skal infje Bumennene og frygta Gud?“

Her i Hammerfest var det mest Vesbarborn, som gjekk og drog seg i Gata. Eg laut heim og skriva eit Dikt um

### Finneguten.

Stakkars vesle Finnegut,  
fostrad upp i Sorg og Sut,  
lurvutt, skiten, godsleg, treg,  
du deg kring i Gata dreg.

Du var Konge her ein Gong,  
foor i Skog og Mark med Song,  
flaug kring Fjell som Drnen fritt,  
heile Landet det var ditt.

Norske Hauken med si Klo  
jagad deg i Is og Snjo,  
du vardt seld som vesall Træll,  
du vardt trødd med jarnskodd Hæl.

No med Rein og Ulv du bur,  
flakkar kring fraa Ur til Ur,  
snikjer deg til eigi Strand  
framand i ditt eget Land.

Stakars vesle Finnegut,  
nøgd du er med Naud og Sut,  
Kongatanken hev du gløymt,  
Trælamerket hev du gjøymt.

Trums og Trumsedalen.

Leidi fraa Hammerfest til Trums er naki og aud, Fjellsformerna for infje at rekna fyre den, som heve set Lofoten. Dens blidare verd ein, naar ein sigler fram gjenom det vinlege Trumsesundet og stig i Land paa den smilande Øyi. Byen Trums er mest berre ei einaste lang Gata med Utsyn til Snjofjell i baade Endar, Øyi, som han ligg paa, ein einaste Bjørkaskog med rudd Flekkjer innimillom, der Hagar og vakkre smaae Landhus dukka fram, rett som det er. Eg var so heppen at faa bu i eit av desse hjaa ein god Vin, og her livde eg daa slike Fagnaddagar, at eg mest infje kunde riva meg laus, so eg vardt verande der ein heil Maanad. Det var no og, som Naturi vilde drysja paa meg all sin Rikdom og Fegra dei Dagarn, for det var Solsskin paa Solsskin, Dag og Nott, endelaust Øjos og endelaus Fred. Eg gløymmer aldri desse Næterna, naar eg sat paa Trevet og saag uthver det blanke

Sundet, inn gjennom Gapet til Balsfjorden med blaae Snjofjell paa baade Sidor; ei Fegt elder Baat kom sigande og skar Gaara i Batnet; Soli skjein so mild med linne, lange Skuggar, burthver Graset og Blomarne, det var som tidlegaste Morgonsoli heima hjaa oss. Og so var det so stilt, so stilt; alt sov so nær som Sporvarne under Taket, som smaa kvittrade, og Rjupa, som karraade burt i Skogen og hadde seg eit litet Prat med Kona si. Og paa baade Sidor stod dei kvite Smaabjørkerna so tette, so tette og tok det vesle kvite Huset slik som i Armarne. Eg thakte mest det var Synd at leggja seg, men ein kunde ikkje holder ganga vaken baade Nott og Dag.

Den Rjupa — den Rjupa — henne kjem ein og at hugleggja heruppe. Ein kann ofta renna heint paa Reidet hennar, naar ein gjeng i Skogen. Ho ligg mest ned med elder under Trerøsterna og er so umogeleg at skilja fraa Lyngset og Mosen, der ho ligg, at ein ofta kann vita, ho er der, men ikkje vera god til at sjaa henne likavel. So misser ho og i den Tid ho bræder, all Utdunstning, so den finaste Hønsehund ikkje kann vedra henne men ofta traffar upp i Reidet utan at merka det. Kor

vislegt Gud heve gjort alle Ting! Men same Dagen Ungarne er utflekte og sovidt komme, at dei kann vandra i Skogen, so før ho Utdunstningi atten, so Hundan kan teva henne lange Leider. Det laag ei Rjupa og brædde tett med Huset, der eg var; eg var tidt burte og saag paa henne, daa eg hadde merkt meg ut Stellet. Ho laag so kryr der millom Trerøsterna i Graset, set seg inkje skräma av nokot, berre saag paa meg med sitt runde, svarte, floke Auga. Det var Bilcetet av ei trufast Moder. Eg var og so heppen at faa sjaa eit Rjupepar paa Vandring med Ungom. Eg gjekk i Skogen, og braadt flaug det upp med Føterne mine eit flagsande Tuglapar og nokot lik smaae, brungraae Nysto, som rullade burtetter. Steggen foor rasande med framrett Hals rundt oss, Ring i Ring, og me stod. Hadde me røykt oss hadde han floget luft i Synet paa oss. Imedan gjøymer Moderi Ungarne, og naar Steggen ser, det er gjort, flyg han burt etter sin trufaste Make.

Beint framføre Trums paa andre Sida Sundet ligg Trumsedalen, som skjer seg ei halv Mil og vel so uppetter. Her ligg kvar Sumar fleire Finnar med Huslyden sin; det var dei eg skulde hessa

paa. Bedret var nokot skoddutt; det hadde riktig litet den Dagen, men daa me gjekk uppetter Dalen, flaarnade det. Begen frøkte seg fram gjenom Smaastog, Regndroparne gleim endaa paa det vaate Lauvet, me sprang Elvar og vod Myrar og kom endeleg til Gammarme. Me vardt straks kringsette av Born og Kjeringar, som baud fram Skallar<sup>1)</sup> og Skeider og Traad, men slapp daa endeleg fraa deim, daa me hadde kjøpt eit Par Skallar. So gjekk me inn i Gammen. Der var friskt og godt derinne, Eld brann paa Golvet, og rundt Elden laag elder sat det Karfolk, Kvinnfolk, Born og Hundar paa Kvister og Reinskinn. Karfolket røhkte elder skar paa Smaaskjeider av Reinshorn, Kvinnfolket skar og saumade Pefkar<sup>2)</sup> og Skallar elder rørde i Gryta. Eg sette meg millom deim paa Golvet, og Vinen min, som funde Lappemalet, tok til at prata ved deim. Me bad Mannen syngja syre oss, og det gjorde han og, men det var ein kvænsk Salme; han strauk Huva av, med' han song.

---

<sup>1)</sup> Finnsto av Reinskinn, der Solen er gjord av Skallestinet paa Reinen.

<sup>2)</sup> Finnmuddar, som er heile framme, berre med ei Hovudsmetta som ei Skyrta.

Me spurde etter Folkevisor paa Lappemaal, men slike kjende han infje elder vilde infje ut med. Eg fekk slik Hug til at liva paa slik Lappevis ein Sumar, sutlaus og sorglaus, steikja seg i Solbaffen, putla med Smaa arbeid, fara eit Par Gongjer i Bika paa Fjellet og driva Reinarne i Hop til Mjøskings. Sutlause er dei, for Reinen giv deim alt: Klæde, Sko'r, Mat, Mjølk, Øst, ja enda atil Ambod og Traad og Skillingar til Koffi og Tobak. Eg saag, kor Kvinnfolket sat og saug og togg paa dei lange Sinestrimlar, og drog deim grannare og grannare millom Tennom til Traad. Eg tenkte paa Sigurd Slembe, som livde eit heilt Aar millom deim paa slik Maate, med' han grundade paa Henn<sup>1)</sup>). Dei skal liva lukelegt i Hop Lapparne, halda trutt saman Mann og Kona, og vera snilde og fredlege, naar ein infje ertar deim; men dei kann og hemna seg. Naar Lappeguten frir etter Gjenta si, er det paa ein underleg Maate. Han freistar at faa draga Bottarne av henne. Fær han gjera det, utan ho strider imot, er det ja; held ho

---

<sup>1)</sup> Sjaa Snorre Sturlason: Saga Inga ok brœðra hans, 6.

atti, er det nei. Det skal vera morosamt at sjaa, for bljug ho er, naar ho slepp Bottarne. Borni var som oftaste vakkre og sunne; fyrst naar dei verd gamle, vedrslitne, brunbarkade og rukkutte av det harde Livet og surøhgde av all Gammerøhken, gjeng Glansen av deim. Her var soleides ein Unge paa sjan Maanadar, nokot so tjuft og lubbet heve eg endaa inkje set; smal Øklesid men Leggjer og Ører mest som kring Tjukkarmen min, og so Kinner og Kjakar! — ja Moderi var ogso býrg av honom. Ja um Sumaren kunde det vera hugnalegt at vera Finn, men Vetren, hussa meg! Flakka kring paa ville Fjellet fraa Beite til Beite i 27—30 Gradar Kylde utan annat Hus en opne Tjeldet, fullt av Røyk og so trongt, at dei mest ligg paa kvarandre; vaka Dag og Nott paa Reinsflokkom, som ofta er fleire tusund Dyr, og verja deim mot Graabeinen; ofta grava seg ned i Snjoen og verda liggjande der lange Tider til inkje at forkomaest i Snjokave og Storm — det skal hardbalne Kroppar til det. Og likvel vil inkje Finnen byta dette Livet syre alt det som til er.

Det var nokre Amerikanarar, som hadde sendt Bod um, at Finnarne skulde驱ra Reinarne i Hop

um Nævelden, og soleides fekk eg sjaa det og. Dei var no reist til Fjels etter deim, og um nokre Timar kom dei. Det kom daa fyrst eit Selskap av Tyskarar, so Amerikanararne med Kvinnfolk ridande; dei hadde med seg smaae Speglar og rauda og gule Turklaede nett som til ville i Negerlandet, og detta gav dei daa Lappom. Det var ei underleg Blanding detta: engelske „ladies“ i himmelblaue Kappaor, som kraup vart inn i Gammen med Kjolen sveipt vel kring Foterne, „sentimentale“ Tyskarar med lange Loffor og Gjerdestaurar i Hondi, den tjukke Amerikanar-Papa med eit Par Skallar paa Magen, som han strakst hadde kjøpt, fastnaglad til Flekken han hadde stelt seg paa, utan at næla eit Ord, utan at ryhva ei Mina, med Money-Pungen i Hondi, og so Lappeborn og Kvinnfolk peskeklædde midt innimillom, Gammarns ifring, blaa Himmel hver, Snjofjell og grøne Lider med Smaaskog og Fossebekkjer paa Sidom, og so mange Maal som ved Babeltaarnet. Den tyske Konsulen var med, og han hadde Nista: Keks, Ost, Pylsa, Rinskvin og Champagne; me vart bedne i Laget, Korkerna small, Skaaler vart drukne, og soleides laag me paa den mjukte Grassvorden og ventade paa Reinom.

Der høyrde me Hundagnell i Urdi, der kom dei. Fyrst gjekk ein Finn, som leidde ein Rein i Tog, og synte Vegen, so kom Flokken etter, drivne av Folk og Hundar. Her sekk eg daa sjaa dei namngjetne Finnebikkjorna i Arbeid, og det var sant, dei var merkeleg paapassige. Strakst ein Rein vilde lura seg undan, hadde han Gneldrebikkja etter seg, og attende i Flokken maatte han. Det var berre nokre hundrad dei hadde fengt samna, daa dei sekk for seint Bod, og det var mest berre Simlor og Kalvar. Dei dreiv deim inn i ei stor Kvi, og no skulde dei til at mjolka. Fleire Finnar gjekk daa med sine lange, granne Reip twilagde og fastade deim burt paa Flokken kring Hassen paa den Simla, dei vilde taka og drog henne aat seg. Og so visse var dei i Kastet, at dei tok aldri i Mist. Detta temja Smaagutarne seg upp til, fraa dei er nevastore. Det er nog naudsynlegt at gjera detta, for Reinarne er endaa halvville; dei var reint ustyrande, sparkade, overfastade seg, stangade, so ein elder fleire laut halda deim, med' dei mjolkade. Eg smakade paa Reinsmjølki; aldri heve eg kjent nokot so feitt; det var som tjukkaste Fløyte, jau det var Helsebot fyre Bringa! Dei mjolkade i ei rund Røks, som

dei heldt under Spenarne med eine Hondi. Me smudde tilbaka til Gammel; der laag den tjukke, vesle Unnen i sin „giedka“, ein Tingest som dei bera Ungarne i paa Ryggen med Toggrindar fyre Andlitet. Og so hadde Moderi bundet ein liten Spegel framved Andlitet, so han laag der so gamall-klokk, smudde paa seg og speglade seg, det var vel løget til at sjaa.

Daa me strauk heim, var det Midnott, Soli straalade i all sin Glans over Sundet, som laag spegelblankt, og Hornmusik klang uthver. Der laag den store „Austria“ paa Hamni, som skulde ganga til Spitsbergen; mot Balsfjorden laag Skodda stinn som ein graa Mur, som Soli inkje kunde brjota gjenom.

### Lynge.

At det kann vera ovlege fagert i Fjinnmarki, det fekk eg daa sjaa i Lyngen. Eg vardt kvinglen, daa Skipet tok til at rulla i Fjordagapet, eg laut standa upp, saa meg ein Dram og reika paa Dekket; men det gjorde so myket, at eg fekk sjaa Fjorden innigjenom, og det var han vel verd. Det er som med Vestlandsfjordom. Vinn ein seg innum

deinakne Skjeri med Havet, opnar det seg rikare og rikare, med kvart som ein kjem lenger inn. Her i Lyngenfjorden fann eg atten dei same takkutte Tindar som i Nordland, stupande bratte og med grøne Isbredar veltande nedigjenom Skardi. Og naar ein so sigler inn i den stille Viki, der Lyngseidet ligg, heve ein fyre Augom nokot med det vakraste i Noregs Land. Paa baade Sidor av Viki ligg Dalen og Liderna som eit stort Fang fullt av Blomar, Gras og Lauvskog, so rikt, so høndelegt, og attanfyre lyfter seg daa dei nakne, graablaae Nutarne, Skard i Skard, og fremst milrom deim Golgevarra med sitt snjokvite Hovud. lengre innigjenom Fjorden ligg daa Tangar og Holmar og Øhar med Gras og Smaakjørr og tu-sund av Fuglar, og so det evige Solsskin hver all denne Rikdomen. Grasvokstren og Skogliderna er reint som tett attmed Bergen og i Vestlandsfjordom. Og so ligg Hus i Hus med Hage framfyre der kring den stavstille Viki med Kyrkja imillom seg so lognt og hyggelegt. Her fekk eg daa Tilsføre til rett at sjaa Lapparne. Fjellfinnarne var nedkomne med Reinom, og daa det var Sundag og Messja, var det ein stor Hop av deim med Kyrkja. Stør-

steparten av Meinigheiti er ogso busette Finnar. Det var tvau Finneborn til Daapen: „Henrik Marinus“ og „Hans Peder“. Det var so løget at høyra slike Nomin paa Finneborn, det skal vel vera fint det, forstend seg. Det er nett det same, som naar vaare Bønder plent vil hava Nann som „Petum“ og „Severine Amalie“. Den eine unge Moderi, som bar Barnet sitt fram, var utifraa vakker; ho hadde ei Twillingsyster mest endaa vakrare. Eg kom til at tenkja paa „Finnekjolen“ i „Sigurd Slembe“. Det var fine, kloke, barnslege Andlit; nokot merkelegt tekkelegt hadde dei i all si Natferd; det var Adalsmerke paa deim. So var det og ein Finn, ættad fraa svensk Lappmarki, ein staut, vakker Kar, med lange, ljose Lofkor. Han visste godt, han var vakker, han var visst litet av ein Sprett og skulde elles vera ein stor Skarv, sagde dei. Han hadde ein liten Son paa  $2\frac{1}{2}$  Aar, som fyrst bljug gjøymde seg i Barmen hans, men sidan fekk meir Mod og foor og sprang i Pessken sin med Kniv i Beltet og kastade Stein med slikt Handlag, at det morosamt at sjaa.

Her fekk eg daa og koma i nærrer Kjennskap med dei namngjetne Finnebikkjom, for her krydde

det av deim. Dei sjaa ut som Millomting millom Rev og Bikkja, trufaste, floke Dyr, som altid fylgja Herren sin. Ein Finn kjem altid med two tri Hundar rennande etter seg. Hunden er umissande fyre honom, han agtar Reinarne, varar mot Ulven, sleikjer alle Koppar og Fat (annan Basf brukar dei inkje) et og sov med Herren sin og Borni. Etter Messa stimde Finnegjentorna i Hop og glaamde paa dei pyke Kjolarne med Sveiv og Drags og „Løvesødder og Gesveisninger“, som Lønsmannsdøtterna og dei andre „kunsererte“ hadde paa; dei thekte denne Stasen var grum. Hadde dei visst, for myket betre dei tok seg ut i sine blaae Vadmaalskyrtlar med Krotabelte, utsaumade med raudt og gult og si Finnehuva!

Eg heve inkje hatt stor Hug til dessa til at tru, at me skulde vera komme fraa Apelkatten; men skulde nokot saa meg til at trú det, laut det vera det eg saag her i Lyngen. Det var eit halvtullat Kvinnfolk, som gjekk klædd som Karmann med Haaret stutt avskoret og Øyredoppar i Øyro. Ho bar ein lang diger Lurk i Hondi, og naar ho kom skridande fram, var det nett som ein Drangutang,

som labbade ut or Skogen. Det hadde voret fyre Karl Vogt<sup>1)</sup> det.

Her fekk me no og kjenna finnmarisk Gjestvin-  
skap. Hjaa Landhandlaren paa Lyngseidet vardt  
me trakterade „two heile Dagar til Ende“ med baade  
Vin og Bakkels og forkunn Mat, so kjøyrde han  
oss Fjordungen hver Eidet, makalaus Veg millom  
Smaaskog, staute Fjell og Finnegammar, til Kjo-  
sen; der dalade me ned i Rjomegraut og Steik og  
Rombudding og Krem og Kakor og Toddh — og  
aldri Tanke um Betaling.

### Ei Ferd med „Alken“.

Klokka 12 skulde „Alken“ ganga, og me skulde  
daa med henne symja heimatt til Trums; men det  
vardt den løgnaste Dampskipserd eg endaa heve  
havt. Fyrst var det no so fullstuvat med Sefkjer  
og Kassor paa det vesle Dekket, at det var litet  
Raad til at røhva seg, og naar ein skulde ned i det  
vesle Kotet, som heitte „Salon“, laut ein krøkja og

---

<sup>1)</sup> Ein thisk Naturgranskjar, som i full Alvora segjer,  
at Menneskja er komi frå Apelkatten.

smetta seg ned millom Koppars og Tunnor, som var staplat upp mot Øyri. Mannskapet var: Kapteinen elder „Sjæferten“, som Matrosarne fallade honom, halvfull, svart og skiten som Bik og Kol og so eit Bar halvvaksne Gutar, som laag og krabbade ned i eit Hol, som heitte Kabyse. Sjæferten hadde nog voret alkesfull, daa „Alken“ kom, men daa han høyrde, det skulle koma „skiftelege Folk“ umbord, skundade han seg at sova Ruset ut. Det var no utigjenom Ulvsfjorden med oss, forrivne, ville, bratte fjell paa baade Sidor. Stakkars Alka puste og stunde og dreiv det til Mili i Timen, men so røhnte det henne for hardt, og so negtade ho at gjera eit Slag lenger. So skulle dei daa til at sota Røhri og reinsk Maskina og imedan laag me og dubblade paa Baara. Endelege hadde Alka kvilt seg sopas, at ho kunde gjera eit Bar Slag frametter, men so kom me til ein Stoppestad, og daa hadde Alka mist Maalelet, Pipa var ubrukande. So tok „Sjæferten“ ein Baat, rodde i Land og skulle upp paa Gardarne og segja ifraa, at no var han her. Han vurd burte eit Bil, og han vurd burte eit annat Bil, dei tok det i Ro og Mak deruppe, og Sjæferten sat og gjorde seg det hyggelegt med ei

Rjomekolla og ein Dram, medan me laag og svalkade ute paa Sjoen og smaatt um Senn dreiv paa Land. So maatte Matrosarne til med Baatshakar og støhta oss ut atten. Eit Par Wender sumde rundt kring Alka og saag forbinad paa henne, men sjaa der kom Sjæferten med eit Par Kassor og Tunnor i Baaten. Daa me tok til at bruka Munn paa honom, svarade han berre, at han skulde hessa so flittig fraa Madam N. og segja, at ho hadde ventat me var gjengne i Land og hadde hessat paa henne. No bar det daa vidare utigjenom, Binden lagde seg, og det vart stavstilla. Baatar laag rundt paa Fjorden og fiskade, og Midnettes-Soli lagde sitt milde, gule Skin burtetter Sjoen, so det blenkte rundt ikring oss som Gull. Eg og Vin min sat og snakte saman burte med Sthret, han kom at leggja Henderna paa det, og daa Sjæferten saag det, at det var komen ny Mann til Rors, gjekk han og heile Mannskapet burt og lagde seg til at sova, viiss um, at Alka nog fann Vegen heim til Trums. Passagerararne tok det og svært huskoselegt; dei prutade Billetten ned til det halve, elder so tok dei Mjølsekken, gjekk iland og sagde berre: „eg heve inkje Skillingar i Dag, du før venta solenge,” og

dermed var Mats Hansa nøgd. Han self no inkje njota sin sæle Svevn lenge, for me purrade honom snart ut, daa me og maatte tenkja paa at sova. Me kraup daa ned i „Salonen“, der me hadde fenget Sjæferten til at setja Glas fyre Gluggarne, og reidde oss Seng, so godt me kunde, paa Golv og Benkjer. Men eit Bil etter vakenade me med slike Knøfeverk, at me gav upp den Tanken, og so drog me Nista vaar og Vinet vaart fram og heldt Spikekjøttag. Ut paa Efta kom me lufteleg og vel med heile Limer til Trums, og lovade, at me inkje so snøgt skulde leggja oss paa Sum med Alfa etter.

### Den Draumen min.

I Trums var det eg hadde den Draumen min, den sælaste Draum eg nokor Tid heve hatt og vil faa. Eg drøymde eg skulde avrettast. Kvæt eg hadde gjort elder var skuldad fyre, det visste eg inkje; men det visste eg, at eg var ovlege glad. Eg skulde faa koma heim til Gud, eg skulde sjaa min Fressar og Englarne og dei Heilage, eg vardt fyld med slike Fagnad, at det skjein av meg, Otte fyre Dauden fanst inkje. Eg gjenomslivde alt i Hop

fraa fyrst til sidst, Skilnaden heima og. Kona mi var sterk, eg hadde gjenomglødt henne med min Varme, og ho gav meg viljukt burt. Moder mi tok meg inn i eit litet Kammers og me taladest ved. Ogsø ho var logn og kysste meg til Skilnad. So høyrde eg eit følande Skrif, det flaug som ein Storm uppetter Troppi, det var Kona mi med Smaagutom i Armom — eg visste det, dei var komne og skulde henta meg. Detta var hardaste Taket. Eg bøygde kne attmed Kona mi, ho laag som daud paa Golvet; eg snakte med henne, ho slo etter Augo upp og saag paa Andlitet mitt; eg kjende, det skjein som forklarat. Ho lagde seg upp aat meg, ho vardt attter sterk i Gud, og so skildest me. Paa Vegen til Rettarstaden smilte eg og nikkade til alle, som fylgde; so steig eg upp aa Bordgolvet. Og daa eg so sidste Gong saag uthver Fordi, daa kom det ein Salme upp i meg, eg kvad Diktet der eg stod og bad ein skriva det upp, so sagde eg med Presten: „no Prest er eg ferdug, inkje langt Snakk no, eg vil helst beda sjølv.“ So lagde eg meg ned paa Stabben, Øksi fall, eg saag mitt eget Hovud rulla — so vakenade eg. Eg var som fortumlad, eg høyrde Songen kring meg, Diktet dreiv i

Stubbar framfyre meg, sume Vers mintest eg grant.  
Eg sprang ut or Sengi, treiv eit Stykke Papir og  
ein Blant, og so skreiv eg det ned, so som eg  
kunde hugsa det fram. Her er det:

Herren er stor, han som flyger paa Stormhestar  
sterke,

Herren er stor, som ber Maaden i Hondi til Merke,  
Herren er stor!

Freden er komen paa Jord,  
Myrkret bar Ljosgneisten sterke.

Herren er stor, som bur evig i Ljoset det hjarte,  
jagar som Doggi framfyre seg Skherna svarte,  
frostar oss varm  
inn til sin gudreine Barm,  
andar oss Freden i Hjarta.

Herren er stor, han som evig i Skherna tronar,  
han som med Blodet av Son sin oss tvættar og  
sonar,  
dit vil eg gaa  
traar etter Bengjor at faa,  
høyr — Englasongen han tonar!

Herren er stor, han som sviv millom solblanke Rader,  
aldri paa Jordi no nokot meg saarar og skader,  
Menneskja varm  
Guds Barn og Syndar so arm,  
Domaren din er din Fader.

Herren er stor, so bøhg Æne alt som Ande er givet,  
knebøhg fyr honom, som hev deg or Avgrunnen  
rivet,  
lovhng og bed,  
taffa fyr Ljos og fyr Fred!  
Dauden er glupt no av Livet.

---

Dette er min fyrste Salme at kalla, giv det  
inkje maatte vera den sidste! Men Gud vere Lov  
og Takk fyre denne Draumen! Eg trur paa Drau-  
mar, eg trur, Gud ofta arbeider paa Sjæli gjennom  
deim, og visst er det, at denne Draumen var fyre  
meg ei stor Naadegaava, han vil gleda meg og  
styrkja meg i tunge Stunder, og mana meg til  
Alvor og Takk. Det som eg er for laak og for  
veik til at kjenna vaken, det sende Gud meg i ein  
Draum, so no kann eg tala um, kvat Marthyrgleda

vil segja. Gud give det inkje berre var i Draumar, eg hadde Mod til at vitna fyre Kristus og Kristendomen!

### Russefarty. Farvel til Trums.

I gamle Dagar var det ein Ting alle Ferdamener laut venta paa i Trums elder Hammerfest, og det var Russelodjerne. No er dei gjengne or Bruf, Russarne koma paa Tagter og Skonnerter, som det inkje er nokot sermerkt ved, og ein før inkje helder sjaa deim reika paa Dekket elder paa Gata med fotside Kjolar av Klæde og høge Topp-huvor. Russeskiparen ser ut som alle andre Folk. Men ein Ting er det, som inkje er gjengen or Bruf, det er Bilcetet av St. Nikolaus elder ein annan Helgen, som heng med ei brennande Kola framfyre seg, i kvar Kahytta, i kvar Bud, der det finst Russar. Denne St. Nikolaus bukka og bøygja dei seg fyre baade seint og tidlege, og detta er deira Guds-dyrking. Vinen min gav meg ei Skildring fraa slikt ei Russekahytta. Kapteinen kjem inn og skal hava sin Mongon=Te, Kahytsguten er inne. So bøygjer daa Skiparen seg fyre Bilcetet: „Herre Nikolaus! ver oss naadig av din Missunn! — (til

Åahytsguten) din Svinehund! kjem du inkje snart med Teen? — St. Nikolaus! gib meg Heil og Lukka i Dag! — ditt Lausingbarn! hev du inkje endaa gjort upp Varme? — dyre Hr. Nikolaus! lat dine Augo lysa paa meg! — kom med Teen segjer eg! Mo'r di heve daa berre født Bikkjeborn til Verdi — aa Herre Nikolaus! sign dine Born og vaka hver oss — —" o. s. v. Detta er ei Russsebøn.

Me var umbord hjaa ein Russ, han var svært vinleg og baud oss Te, Vin og Russeneter. Ein tarv inkje vera so rædd at koma nær deim no som fyrr, for daa kraup Smaadhri paa Silkefjolom aat Kvinnfolket og Klædeskufta aat Karfolket i dei finaste Selskap, det høyrded med til Stasen. Og so var dei føle til at naska. Det var ein slik Russeshandlar, som var god fyre mange tusund, og som Trumsveringarne gjorde seg følt lækkre fyre, daa han borgade deim mange Pengar; men kom han inn i ei Bud og saag seg Rans til at smetta eit Par Turklæde i Luma, so gjorde han det.

Det leid no mot den Tidi, daa eg skulde segja Welfar til Trums. Eg gjorde mine sidste Ferder kring Øhi og paa den vinlege Kyrkjegarden, der

Ærossar og Minnestinar standa millom dei kvite  
Runnarne. Æyrr eg foor, skreiv eg i ei Bok aat  
Vinen min:

„Dei segja, at Livet er ringt og armt,  
aa nei — det er stort og rift!  
her var det so godt, her var det so varmt,  
her livde eg som millom Dift.

Her Barnaflokken kringum meg sprang  
nett som i min eigen Heim,  
dei leikad paa Golv, dei hoppad paa Haug,  
og Gleda av Augom gleim.

Gud signe det Hus, der Æjærleike bur,  
der er Livd fyre Regn og Wind,  
den fagraste Blom i nafne Ur  
er Blomen paa Barnafinn.

Gud signe ditt Hus, han heve det fjær,  
han der før koma som Gjest,  
av all den Fred, som paa Jordi er,  
Gudsfreden han er daa best.“

### Maalselvdalen og Bardo.

Maar du er i Finnmarki maa du endelege infje  
fara framum Maalselvdalen. Uppigjenom denne og

Bardo, og so derifraa um Aasen ned til Sjovegen, er med dei vakraste Ferder du kann gjera. Og no er der god arbeidd Beg heilt fram og Skyssstasjonar, so du kann fara som Storkar. Daa eg var i Maalselvdalen, var det 24 Gradar i Skuggen; det var som ein skulde braana. Eg budde paa Fagerliddalen, og den Garden svarade til Namnet. Store Bidder kring Garden med blomutte Engjar og Aakrar, paa eine Sida ein Nasrygg med tett Skog, og bak der atter Istindarne i sine blaue Kaapor med kvite Flekkjer; paa andre Sida og heint framfyre Haugar, Skog, Gardar, Utsyn over heile Sidedalen, som skjer seg upp der. Og so ei Sumarnott at siga nedetter den breide megtuge Elvi! Logn og klaar sig ho fram, so ho mest er lik eit Vatn, Bjørkerna luta seg ned, Smaabekkjer kjem siklande fram gjenom smaae halvloynde Avdalar, og bak standa Istindarne Bak. Her var at liggja og kvikra med Kjærasten sin, gjøymd millom Blomar, Buskar og Blaad, med Bekkjesurlet attmed seg og med den store Elvi i Gullstripor etter Midnettes-Soli framfyre seg.

I Bjørkelider og djupe Dalar  
der er det Moro med Guten tala

og liggja svalla ei Sumars Nott,  
du skulde vita, for det er godt.

Det var, som Lufti var mett av Elshug, og eg laag ogso i Baaten med eine Alari til Styre og song dei finaste Elshugsvisor eg visste syre Kvinn-folket mitt, Kona til Vinen min paa Trums og ei Kjening av henne, som hadde fylgt med paa Be-gen, daa dei ogso hadde Hug til at gjesta Dalen her. Dei snakka so um ei Maanesskinsnott i Ven-dig, men dei skulde sjaa ei Sumarnott paa Maals-elvi! Og Baaten gleid og gleid med Straumen, Bjørkerna seig mot oss med Kjærleiksvisor i Fan-get, og dette evige Ljoshavet kring oss. Me var komne ei Mil nedetter, daa eg so smaatt tok til at tenkja paa det upoetiske, praktiske Spursmaalet: „Korleides skal du koma tilbaka?“ Eg hadde set, det gjekk so lett upp etter med fleire Baatar, me hadde møtt, dei stakade seg fram med Elvarbarden, og no skulde daa eg og freista. Men det vart annan Leik. Best som det var, i Ring med oss og midt ut paa Elvi etter; for eitt var det at staka, eitt annat at sthra paa same Tid. Eg merkade nog altfor snart, at Alari var for stutt til Sthrestong, og at det skulde eit litet Handlag til, og tre-nevad

hev eg alltid voret, Skam at segja det. Tau detta saag godt ut! Kvinnfolket skulde daa hjelpa, men det vardt verre og inkje betre, dei stakade ut, naar dei skulde staka inn og rodde kvar sin Baat. Denne Baaten tok og no til at missa sin poetiske Glans, for det var med honom, som Bonden sagde til meg, daa eg ein Gong spurde um Baaten hans lak: „nei han lek inkje, men han stridrenn.“ Ein av oss laut ausa mest stødt, og daa me no inkje hadde Tid til det, tok Tiljorna alt til at fijota. So glatt Kvinnfolket paa Tofta, der dei stod og heint uti Vatsuppa, og der vardt dei liggjande og skrattade, so Taarorna draup, Straahatten med sine Rosor paa flaug av den eine og uti Elvi, og no etter honom. Nei detta gjeft inkje! Eg laut til at ro, men jamen var Straumen hard at ro uppimot, det fekk eg snart kjenna. Eg sleit paa, so Skinnet gjeff av Fingrom, men det var, som eg inkje kom eit Fet lenger. Eg maatte segja meg sjølv, at eg orkade inkje Baaten heim, so lagde me til Lands og skulde halda Statsraad. Laatten og Songen var gløymd, me saag alle so utmasade ut, som me skulde hava voret paa strengt Arbeid all Dagen, Kvinnfolket sat som dregne ut or Surpet og flate som vaate Høns paa Tofta.

Ta godt var det, at ingen saag oss no. Me laut freka og krabba oss langs med Land, býksa og smetta og sabba ut i Elvi, rett som det var, og draga Baaten etter oss. Og so desse forsett poetiske Bjørkebuskorna, som plent skulde leggja seg uti Elvi og meinka oss; eg tenkte inkje paa Elshugsvisor lenger. Paa denne Maaten krabbade me oss fram til ein Gard, som heitte Fredriksberg, og der laut me upp etter Hjelp Kl. 1 um Notti, for endaa hadde me tri Fjordungar etter. Me fekk oss og Tak i ein sterk Skysskar, og no steig Modet, Portvinsflaska fram, me saag paa kvarandre og slo i ein Skrelleslaatt. Kl. 3 kom me heim til Fagerliddal, men kor me saag ut! Daa Kvinnfolket drog seg uppetter Bakken, kom eg at tenkja paa Ordi hans Falk i „Kjærlighedens Komedie“:

„Og Fruentimret med det skidne Skjørt  
med skjæve Sko, som klapper under Hælene“. —

Folket her i Maalselvdalen er mest Inflytnigar alle i Hop, Østerdøler (Tynsætinger) og Gudbrandsdøler, staute, sterke, kloke Folk men stride og sjølvbårge. „Bækkelsen“ heve og naatt hit og heve sett sine djupe Merke paa deim.

Mannen paa Garden bad meg lesa nokot syre

deim, so skulde han faa bodsendt Grannarne. „Korleides likar Folket det her?“ spurde eg; „vil dei hava det kvikt elder aalvorsamt?“ „Aa,“ svarade Mannen, „eg høyrde paa Trums, at du kunde faa Folk baade til at graata og skratta, so det er vel best at freista baade Slag.“ Ja eg fekk Møte til sagt, og det dreiv daa ihop sume, endaa det var steikjande heitt, og dei hadde voret i Onni sidan Kl. 4 um Morgonen. Ein møtte fram med Salmebok. Eg fortalte fyrst „Faderen“ av Bjørnson, aa ja — det gjekk no paa ein Maate. So las eg „Per og Bergit“, men daa reiste Salmeboki straks paa Øyri. Og daa var det, som det var gjenget Hol paa Ertesekken. Dei reis smaatt um Senn ein etter ein, og fyrr eg var halvferdig med Bok, stod Benkjerne tome, so nær som paa eit Par „kunsernte“, som endaa sat att. Etterpaa fekk eg no mitt Pass paaskrivet, kann du tru. Iau det hadde voret nokot at trumba Folk i Hop fyre, nokot Vas um Gjentor og Kjærleike. „Faderen“ kunde til Naud ganga, for det var daa nemnt nokot um Prest og Guds Ord der, men „Per og Bergit“ — det var daa det argaste Tøy. Var det slike Folk lydde paa, laut ein segja, eg tiggad Pengar av Folk paa ein

skamlaus Maate. Naar det var Fyredrag, skulde det daa vera nokot med Lærdom i. Ja Gamsen paa Garden sagde, at hadde han visst, eg var slike ein Kar, vilde han infje haft meg i sitt Hus. Det er infje greidt at vera Diktar i Maalselvi, for Diktararne er dei mest unyttige og skadelsege Kref paa Guds grøne Jord. Dei kjenna two Ting, som det er verdt at liva fyre heruppe: Guds Ord og Maten, alt annat er av det vonde. „Storegut“ hadde dei leset, men det var no og nokot stort „Sludder“. Og her vil dei hava ein „Folkehøgskule“. Men det forstend seg, paa den Skulen skal dei læra det som nyttigt er fyre Livet, Skrivning, Rekning, Jordbruks og Pontoppidan. Og so skal Læraren infje faa stella som han vil, nei han skal vakkert standa under Kontrol av Bygdi. Det Namnet „Folkehøgskule“, det verd snart slik ein svart Stakk, som dei kann hengja paa alt, som heter Skule. Eg sagde reint ut, at det maatte vera eit Helsvite at vera Lærar paa slik ein Skule og hava kvar Gardbruks i Bygdi til Herre, men det smilte dei aat; dei vilde nog hava nokot at segja paa den Skulen, der dei skulde senda sine vaksne Born.

Eg sekk snart endaa klaarare Slyn paa, forleides det var voret med Folket her. Paa Sengi til Egteparet stod maalat med kvite Bokstavar:

Naar du for Sengen klær dig af,  
husk, den betegner dig din Grav.

Det var, som det gruste i meg. Eg kom i Hug Trappistmunkarne, som berre hava Lov at segja eit Ord, og det er: „hugsa paa Dauden!” Det var som eg var komen midt innimillom deim. Kvar menneskjeleg Livshttring av Gleda, av Lengsel skal kjøvast ned som Synd. Stira paa Syndi, paa Dauden, paa Moldi, tung som Trældyret syre Plogen, det er det ei Menneskja skal stræva etter, det er det ein Kristen skal gjera, han som eig Tanke: du er frelst ut or Synd og Daude, Guds Son bur i deg med Guddoms Kraft, soframt du trur, du skal koma heim til Himmelten, til din Fader, til Gud i evig Gleda. Na kor utakksame mot Gud gjerer inkje denne Læra Menneskjorna, for eit usant Liv, for ei Hykling maa inkje dette Livssyn ala upp. Tenestgjenta kom burt aat oss, daa ho saag, me stirte paa Sengi, sukkade og sutrade: „aa ja! det skulde ein nog tenkja paa kvar Kveld det.” „Tenkjer du paa det kvar Kveld daa?” spurde

eit av Kvinnfolkem. „Nei, det er ikkje eg, som ligg i den Sengi,” svaraðe ho reint truget.

Dg likavel maatte ein halda utav dette Folket her paa Fagerliddal. Dei var so gjestvinlege, so floke, djerke og heine til at snakka med som faae Bønder, eg heve raakat. Berre det, at dei so heint ut sagde si Meining um „Per og Bergit”, som dei so vel visste, eg hadde skrivet, likade eg svært godt.

Eg kom at snakka med Sonen i Huset um Bonde, og so sagde han reinz av seg sjølv: „Eg skal segja deg, kvar som vantar den norske Bonde,” sagde han, „det er det, at han ikkje vil offra nokot paa ei Sak, som ikkje nett er til Vinnings.” Det gledde meg at høyra detta so heint sagt av ein Bonde sjølv, eg kom i Hug, kvar eg skreiv i Innleidingsdiktet til „Sigmund Bresteson”:

Dg um du urcedd sleppa kann  
dei Tungor two du hev i Munn,  
ei til kvar Bj= og Embætsmann,  
ei til din Famning og din Hund,

Dg trengja fram mot Spott og Straal  
til Bispe, til Fet, til Kongabord

med Samning djerv paa Fedramaal,  
med Meining under brine Ord,

Dg veit og vil du djervt din Rett  
og tiggjar Tankar ei paa Laan —  
daa lyser eg deg her i Ett  
med gamle Sigmund Bresteson.

Det saag ut til at vera eit sterkt Folkeslag her,  
og slike sterkt Nybhngjarliv maa ala sterke Kroppar.  
Gardarne her er infje gamle, det er Farfar elder  
Far, som heve ruvt og brotet, og dei fleste, som  
tok Flekken i ville Skogen liva endaa.

Uppe i Bardo ser ein endaa meir av slike Ny-  
bhngjarar. Eit Skur reist i Skogen, somykhet Kjering  
og Ungar kann bergast, og so — upp med Røterna,  
Steinarne, Tuvorna, endelaust Arbeid og Slit.  
Dg so Nar etter Nar Flekk attaat Flekk, snart stend  
der ein vacker Gard, den skrale Stova er bytt med  
ei stor Laan, og Sønerne taka i Arv Frukti av  
Faderen sitt Helsesslit. Eg var innum Ingeborg  
Fosmoen, naminspurd fyre sin rivande Kjæft. Ho  
heve ført slike sterkt Liv. Ung og kvik som Fug-  
len paa Kvist fylgde ho Guten sin inn i svarte  
Skogen, langt fraa Folk, og alle riste paa Hovudet

aat, forleides det skulde ganga. Men dei braut og rudde, sleit og slæpte, ho tok Ærmaninstak, og no ligg den rike Garden væn og smilande med Fosse-stupet nedføre og Duren, som ber upp. No gjeng Begen framum, so no kann dei faa sjaa Folk meir en dei hava Hug til; men Duren av Fossen syng fyre henne ein Shrgesong, der miste ho sin Son; si kjæraste Dotter miste ho i Barnseng. Ho var endaa eit sterkt og baust Kvinnfolk, og det var som hennar sterke Liv i Basketak med Fordi um at giva Mat, hadde gravet Merke i henne og gjort henne ru og hard. Heruppe kunde vera mang ei sterk Saga at høhra.

Begen upp aat Bardo er makalaus vakker, Skoggrunn heile Dalen uppigjenom, og so Elvi nedføre, som kik fram or Skogen ender og Gong som eit blant Batn. Det er Bjørkestog innsprengd med Tura; vindfall og digre attstandande Røter raakar ein heile Leidi og so grøne Gardar og Nybrot her og kvar. Uppe i Bardo stend endaa Skog urøyd av Øks med svære, famntjukke Stuvar. Ein raakar paa mange Nomn her, som minner um Finn, Finnsund, Finnkroken. „I gamle Dagar, fyrr Bardobrui vartt bøgd,” fortalte Skjesskaren

meg, „var her Sundstad syre Finnom, som kom fraa Fjellet um Sumaren med Rein. Elles er her endaa den gamle Strid millom Bumann og Finn. Finnarne er uwyrde og slepp berre Reinarne fraa seg utan at gjæta deim, jo dei best som det er, er inne paa Bøen og Aakren til Bonden og snøyder honom reint. Ku og Rein trivast infje i Hop; Ku vil infje beita, der Rein heve leget; ho kjenner Teven av honom og elgjest ved honom. Det er no og paa den Tid Reinen røyter som mest, so det ligg Haardottar etter honom burtetter Marki. Naar slik ein Reinsflokk heve voret paa Bøen, mjøskar Krighthri litet elder infje. Finnarne, og mest Kautafeino-Finnarne, skjota stundom Gardhundarne, at dei infje skal vara Bonden. Det er, som dei vil hemna gamall Urett og gjera Krav paa alt Landet som i gamle Dagar. Her er og myket Bjørn paa desse Kantar. Skysskaren min hadde som Gjætargut voret i Kast med honom, fortalte han. Bjørnen vilde hava ein Saud, men det vilde infje Guten; so affederte dei um detta, og Bjørnen sagde seg sidstpaaviljug til Byte med ei Ku. Men detta vardt verre og infje betre. Dei andre Kyri kom seg undan, men ei Ku hadde nær roket med. Ku

sprang paa eine Sida av Stigen, Bjørnen paa andre, og Guten midt imillom med ein Stav. Han sekk berga Kui sagde han; men jamen thekte eg, det var ein godsleg Bjørn. So hadde Bjørnen og ein Gong lurt seg paa ei Merr, som laag og kvilte i Skogen. Merri upp i det same og flaug og valfiske so med Bjørnen paa Ryggen, at Tjoret rauk fundt, Bjørnen rullade av, og Merri kom skjelvande og skumsveit til Gards men ned stygge Saar.

I Bardo er det Blandingsfolk liksom i Maalselvdalen, det meste Thnsætingar men ogso Gudbrandsdøler, Opdøler, Heidemorkinger. Paa Bolstad var soleides Mannen Thnsæting, Kjeringi Nordlending, Verdotteri Gudbrandsdøl. Dei thkte visst, eg var ein Raring Folket der, daa det fyrste eg bad Mannen um, var um Lov til at kliva upp paa Hustaket hans; der stod ein diger Stige med Husveggen. Der sat eg daa paaskrevs hver Mønet og snudde paa Kifaren min, og dei glaamde paa meg som paa ein artig Fugl. Der var no bra vakkert der uppe fraa Hustaket. Eg saag langt uppetter Dalen, Elvi dukaade fram paa tvau Stelle som blinkande Tjørn, og dei runde Skoghaugarne laag mest som Holmar uti henne. Eg vardt no

fælt sine Viner med Folket, fyrr me skildest. Tenestgjenta var Lomver, og daa eg var kjend paa Lom, kunde eg fortelja sumt derfraa. Dei bad meg halda Tysredrag (det vil segja Upbyggels, for annat kjenna inkje dei), men eg hadde fenget nog av Møtet paa Fagerliddalen.

Det skal no aldri vanta paa Orm i Paradis, og soleides hava dei her og ei stor Plaaga, det er Myet. Eg vardt no stungen Bløra paa Bløra i Maalselvdalen, og sikk inkje sova um Notti berre fyre Klaade. So tjørebrædde eg Henderna og Armarne uppetter eit Stykke og ballade heile Hovudet inn i eit grønt Flor, — jau det hjelpte daa eit Bil. Myet i Syd Bardo likade inkje Tjørelufti, men den i Nord Bardo ansade korkje Eld, Vatn, Tjøra elder Flor, han stakk radt igjenom. Eg hadde gledd meg so til Sengi, for eg hadde inkje sovet paa fleire Næter. Tysr eg lagde meg, gjekk eg paa Tagt etter alle dei Smaadjevlar, som var inne i det vesle Romet, drap fleire Thylvter og gjorde rydigt Bord. So ballade eg meg inn i Kasteplagget mitt med Sløret kring Hovudet. Jau eg hadde inkje fyrr lagt Kinni paa Puta, so kveiv og surrade ein heil Her kring meg; det var, som dei urde fram

or Golvet, krydde fraa Dursprunga. Det var til at verda rasande hver denne Surringi heint i Øyrat og sjaa desse smaae, blodgiruge Skadhr dansa fyre Augo ferduge til at bora og eta seg inn i ein, saag dei berre eit Smette. Eg tenkte med meg sjølv, at Helsvite visst maa vera fullt av My, og eg unner infje min verste Uvin at vera ein Sumar i det makalaus væne Bardo. Eg laut fleire Gongjer upp paa Tagt, dei kom lika fullt atten; eg fekk infje Blund paa Augo. „Havet længes jeg mod, ja Havet“ — som kann driva Myet burt. Hadde Skulmeistren voret vaken, som eg hadde avtalt Fylge med, hadde eg rømt um Notti til Salangen. No laut eg sjaa Kloffa draga seg fram — aa so seint, so seint — ; eg høyrde i Halvblund Myet surra og sveitte, so det draup; det var den verste Notti eg heve hatt. Folket her var no og halvt uppetet av My; dei maa røykja baade Dag og Nott til at fri seg nokorleides fraa det. Endelege kom daa Morganen, Karjolen og Skulmeistren var ferduge, og eg sagde med lett Hjarta Farvel til „Øyrfjemoen“.

Kor underlege Tankar ein lagar seg heima, naar ein sit og studerar Landkortet. Eg veit, eg

undradest paa, um eg kunde sleppa fram fraa Bardo til Salangen; eg saag meg sjølv i Hælarne paa ein kjend Mann vassa i Snjo, og brykka i Urer, og vada gjenom Myrar og Bredar paa den aude Fjellheidi med Skreppa paa Rygg, og no — kjøhrande i makleg Karjol paa nharbeidd Veg millom høndelege Bjørkelider og fram med blenkjande Batn. Smaae runde Skogkollar dukka upp mot den blaue Himmelnen og fraudige Gardar ligg heile Vegen burtetter. Det er berre ein laag Nasrygg, Kobberhyggen, millom Bardo og Salangen. Eg rodde ogso det merkelege Salangsvatnet, der Sjoormen held til. Visst er det, at kvar Vaar brøt Isen seg upp som ei lang Raak midt over Batnet, medan han ligg trøgt paa baade Sidor, og dette veld daa Sjoormen, segja dei.

„Sjøvegen“. Paa Prestebaaten. Havnvik  
og Ibestad.

Paa „Sjøvegen“ hjaa den gilde Landhandlar Henriksen sekk eg daa rett kvila meg ut, og det som betre var, der raakade eg ein gamall, kjær Kamrat fraa Studentdagarn, som no var Stiftskapellan her og skulde halda Messa Dagen etter, som var

Sundag. Det var ein hyggeleg Sundag. Kyrkja  
stappande full, Messa gjekk med Liv og Hugnad,  
og Menigheiti song Salmarne med av fullt Brjost.  
Det gjorde meg so godt at sjaa mest all Stad i  
Nordland den Gleda i Kyrkja, som der var, det  
gudlege Liv og det vakre Barnasamhald Prest og  
Menighet imillom. Nordlendingen er godlidande,  
so vinleg og pratsam; det er rein Motsetning til  
dei tunge Dølerne. Men i Namn rasa dei som  
verst. Den Dagen vart ei døyp: „Bertine Olevia“.  
Eg fekk sjaa Protokollen fyre Ibestad Sokn, og der  
var daa Namn som: „Danilfea, Sihart Agenius,  
Peroline, Oldine Davine, Nils Skamfer, Stenette  
Simonet, Lavinia, Indiana, Efrit, Mikol, Sofiana,  
Marelius, Eberg, Gaalla, Evedia, Mosæus Vider-  
vang, Norman Deberg, Teoline Esianna, Pauli,  
Gunnarnia, Urcilie, Deolora, Tentine, Siberhagen,  
Adler Marlus, Matetia, Elone, Evidianna, Ragn-  
vara, Agina, Celsken, Tella, Etine, Claus, Job  
Selliken, Kattea, Ogestinia, Stinkenius. I dei  
sterkt bibelske Bygder hava dei no baade Elimelef og  
Melskisedef. Det er lugumme Namn paa norske  
Bondegutar og Bondegjentor! So hava dei og

teket Ættarnamnet til mange gamle Prestar, Skrivarar og Futar, som ventelege hava voret kjære fyre deim, og gjort um til Framnamn, so naar Folk her Sud heita Olav og Per, heita dei der Nord: „Lind, Begener, Svan, Scheldrup, Richter, Meier, Harder Sandberg, Hetman, Guldberg, Høgh, Balberg, Heggelund, Bang, Bernhoft, Hay, Trane, Ursin, Klæbo o. s. v. Nordlendingen maa hava det litet romantisk han. Det er no og eit Merke paa den djupe Vyrdnad og Alge Folket der nord heve havt fyre alt, som heiter Ørighet og Embættesmann. Det er paa Tide, at det Landet, som eig so store historiske Minne, også sekk meir Sans fyre at verja um deim i Namn, so Torolv, Raud, Tore, Haaref o. s. v. kunde løysa av Hr. Stinkenius og Mosæus Vidervang. At dei kann taka mot annat en nettupp det gudlege, sekk eg no Syn fyre der i Salangen. Dei bad meg halda Fyredrag um Sundagskvelden, og eg fortalte Saga hans Tore Hund og Aasbjørn Selsbane paa Landsmaal. Daa eg endade etterat hava drivet paa ein Time, var det eit einaste — „aa!“ og lysande Andlit kvar eg saag. Dei vilde hava meir, dei skulde gjerna lyda

paa heile Notti, sa' dei. „Og so var det vaart eget Maal og!“ Det var fullt Vederlag syre det tapte Slaget i Maalselvdalen.

I heile Salangen bur det Finnar og Nordmenner kring kvarandre. Finnarne hava kaupt seg Gard og driva Fiske, og det kann ofta henda, at ein Finn er „Høvedsmann“ paa Baaten, medan Resten av Mannskapet er Nordmenner. Men i gamle Dagar var Finnen inkje vyrdt likare en Hund. Han laut vera etter og agta Baaten, naar dei andre gjekk paa Land og moroade seg. Var det trongt i Rorbudi, vart Finnen skumpad ut, han kunde liggja paa Durstokken; fraus han daa formyket, slo dei ein Dram paa honom, so tagnade han og vart nøgd. Sidan den gudlege Bækkels er komen der, smaka dei aldri Brennevin.

Ta den gudlege Bækkels! eg fekk høyra mykst um honom, og forleides han ter seg her millom Finnom, av min Vin Presten, daa me laag i den maflege Prestebaaten med 4 Mann i Skyss og straumt utetter Fjorden. Eg hadde hørt gjetet denne Seksten uppe i Hammerfest, der var det mest Kvæner, som høyrde til honom. Maar dei gjekk til Alters og fekk Vinet, stod dei upp og gav seg til at yla og

gøha nett som Hundar og hoppa paa ein Fot. Detta var Tilfellet hernede og, og mest millom Kvinnfolket. Det kunde stundom verda til Bassetaf i Kyrkja, naar Presten synte deim ut, og so Mennene gjekk fram og skulde verja Kjeringarne sine; det gjeld syre Presten um at hava Medhjelparar, som infje er armeveike. Naar dei so er komne ut or Kyrkja, klumpa dei seg i Hop, ofta ei 14—15, Karfolk og Kvinnfolk. Dei taka kvarandre kring Halsen og gnugga Hovudi mot kvarandre, yla og rista paa seg, og soleides draga dei seg frametter, so dei ofta reint sperra Vegen. Det er greidt, at denne Sekt er ei Etterdyning av den Nøra, som den svenske Lappepresten Vestadius vakte der Nord, og som greip so um seg millom Finnom. No heve mange, baade Nordmenn og Kvæner, givet seg i Lag med deim. Dei hava infje sagt seg ut or Statskyrkja, dei halda hardt paa det, at dei er rette Lutherfolk, og Huspostilen hans Luther er høgt i Era millom deim. Dei er bibelsprengde og sjølvbýrge, og eit Sermerke syre deim er den sterke Motvilje mot Prestarne og deira „Prest“". Dei taka ofta Prestarne skarpt i Forhøyr, og Preika, dei høyra um Sundagen, taka dei tids fram i Forsam-

lingom sine, skjer ho sund og prøvar henne. Lid fyre Lid. Denne Motvilje kann ofta yttra seg bitande kvast; soleides er eit av deira Spursmaal: „Kvat var det Masket, som den fortapte Sonen laut eta i Lag med Svinom?” Svar: „det var Prestarne sine Preikor.” Alt, til den minste Smaating i Bibelen, skal hava si andlege Thding. Soleides heiter det etter deira Utlegging: „Kvat var det for Skoer, den forvillte Sonen sekk?” Svar: „den nhe Vandlings Skoer.” „Kvat var den feite Kalven, som vartd slagtad?” Svar: „det var Kristus, som vartd slagtad fyre oss.” „Kvat var Svini han var millom?” Svar: „Borni av denne Verdi.” „Kvat var det for Vin, Kristus skapte i Brudlaupet i Kana?” Svar: „det nhe andlege Vin.” „Kvat skal Nedfarten til Helvite segja?” Svar: „det er det, at Jesus vartd kjøt her paa Jordi” o. s. v. Dei kann ofta setja ein i Beit med sine underlege Spursmaal. Soleides spyr dei Presten: „Kvar er Gud?” Svarar daa han: „paa alle Stader,” so spyr dei: „er han daa paa Dansehus, paa Horehus, i Helvite?”

I Forsamlingom verd det ofta meir Samsnakken en Preika. Talaren stend fram, held ei stutt Bøn og les ei Evangelietekst. So kastar han daa Spurs-

maal ut i Hopen, og vil ingen svara, svarar han sjølv og spør um dei er samse med honom i denne Utlegging. Naar dei no er ferdige med detta, ropar Talaren: „graat og yl, for Verdi gled seg!” og daa stig Kvinnefolket fram paa Golvet og tek til at andvarpa og hla og vrida Hender og rista paa Kroppen. So ropar Talaren: „rop med Gleda fyre Herren all Jordi, rop og syng med Fagnad,” og so til at klappa og hoppa og dansa kring og hengja seg kring kvarandre og semna kvarandre.

Dei tri formeste Talararne hadde dei kallat: Gud Fader, Gud Son og Gud den heilage Ande, so dei i deim kunde hava ein Abbildning av Trifaldighetheti. Men den Gleda fekk snarleg Ende. For „Gud den heilage Ande“ valdtof ei Gjenta, og „Gud Fader“ var under Tilstale fyre at hava loffat ei Enkja til Fostermord, daa han var Fader til Barnet, og „Gud Son“ var stroken til Ofoten. Ein maa no vel agta seg fyre at døma deim berre etter detta; for elles høyrde eg mange Lovord um deim; dei var fredlege, kjærlege, og aldri var det Strid elder Kjeksl deim imillom; men det er greiddt, at all denne Femning og sjuklege Nervepirring ofta maa føra til Utskeiing. Dei halda tids „Kjærleiks-

maaltid", der det serleg gjeng paa Koffi laust, so at mang ein Mann no lyt vera heima fraa Fisket og agta Kjeringi si, at ho inkje skal syna alle Skilslingarne hans upp i Koffi og Kjærleiksmaaltid, medan han er burte. Det er ofta so, at Kjeringi er med i Sæften, Mannen inkje.

I Øfoten er det og mange av desse Ælarar; der er det mest Kvinnfolket, som skrif. Dei býrja ofta fyre Preika Sundagsmorgonen. Soleides heldt dei ein Sundag paa at hla i Borstova til Presten, so det var høyrande lang Veg. Presten gjekk daa upp og bad deim tegja, so mykst han kunde koma med eit Par Ord; men dei berre hylte endaa verre, hoppade og riste seg. So treiv ein Ælar Presten i Kragen og sagde: „her ser du Jesu Blods Kraft, det heve du kannhenda aldri set fyrr Prest!“ Fyre fleire Ælar sidan hadde dei kringsett Presten paa Vegen og tok til at truga honom, spotta honom og riva so småatt i honom, hylte og dansade kring honom; men han stod reint logn paa same Flekken og sagde inkje eit Ord, og so gav dei seg. Daa han so etterpaa gjekk burt og vilde skriva Nomni deira i Boki si, vardt dei rædde. No heve det sagt seg mykst med Billskapen deira.

Paa Begen ut aat Ibestad høyrde eg Segni um Grutlands-Urdi, som me strauk framum. Der budde ein Gong ein Riking, men ein hard Kropp. So kom det ein Dag rekande ein fatig Mann, som bad um Mat og Hus, men vartt sett paa Dyr. Mannen gjekk og tok Begen uppetter Lidi. Her kvarv han burt, og i det same kom ei Skreda og sopte med seg Rikingen og Garden og alt han aatte.

Ibestad Prestegård ligg tekkelegt med Utsyn over Sjoen og Topparne paa Senja, og tvau gamle Tre standa som Vakt paa kvar Sida av Dyri. Her bur Skribar og Lensmann og fleire andre „kunsererte“, so her mest ser ut som ein liten By. Inkje langt undan ligg Havnvik, der Handelsmann Dons bur; det er berre at ganga ei 10 Minuttar gjenom ein hndefull Bjørkessog med smaae Hus gjøymde i Skogen. Her kann ein daa rett faa sjaa Livet hjaa slik ein gjestmild, nordlendsk Handelsmann, som maa vera ein Fader baade fyre Reisande, som hjem, og fyre Bønderne, som reka dit med Fisk og Lyse og tuska Varorna sine med Tøbak og Koffi og annat dei treng.

Eg gløhmer aldri ei Ferd upp til eit litet Fjellvatn her paa Roll-Dyi, Bjørkelid paa eine

Sida, Lyngbaffen paa den andre. Me kveikte Baal, song og fortalte Eventyr og Rispor, leikade, fiskade paa Batnet, og daa me skulde heim, laag heile Senja sveipt i eit dimt, ljosraudt Skin, som drog seg smaatt um Senn uppetter alle Fjelstindarne. Det var mest same Liten som paa Alstanerbergi attmed Rom i Solarglad.

### Bjarkøy og Trondenes.

Um Notti kom Dampen og tok meg til Bjarkøy, og soleides stod eg etter paa Tore Hund si gamle Tuft. Ohi er liti og mest skapt som ein Hummar med Klør. Det gjeng eit rikt Grasbelte tverthver Ohi paa Smalsida, og midt paa det lyfter seg ein Bakkerhogg. Der var det Garden hans Tore laag, og der kann ein daa sjaa vidt til baade Sidor, som fyrr er umsnaakt. Tett attmed er det ein stor Haug, der det finst 4 runde Steinsetningar, 2 større og 2 mindre. Ingen veit, kvar det heve voret, venteslege Tufter etter Hov elder Gudahus. Nedre ved Grytøyhundet ligg det ei heil Rad med Gravhaugar men laage og ihopsigne mange av deim. Elles er det berre smaae nakne Knausar og Lyngmarker paa Bjarkøy.

Eg hadde stemnt til Møtes, for eg vilde fortelja Saga hans Tore Hund her paa Heimtufti hans. Dei kjende Namnet hans her men dei visste ikkje stort at fortelja um honom. Dei saag stort paa meg, daa eg bad deim koma og lyda paa, og dei spurde Gong etter Gong, um det ikkje var Uppbyggels. At ein ukjend Mann kjem farande med Dampen, stemner Folk i Hop til at høyra paa „gamle Eventyr“ og so ingen Ting tek fyre det — det var dei ikkje vane med, det maalte visst liggja nokot innunder. So tok dei meg daa i Forhøyr, um eg var Lutheranar elder ikkje. Eg trøystade deim daa med, at eg det var, og so gav dei seg. Det var elles ei uslukkum Tid, for baade var det Onnedagar, og dessutan laag Størsteparten av det unge Mannskapet ute paa Seidsfiske; men lika vel møtte daa ei 30—40. Det hadde voret fleire, men sume var gjengne, daa eg ikkje kunde koma nett paa Klokkeslaget; kaut kann Nordlendingen vera. Det er underlegt, for Saga kann gripa baade den, som fortel, og deim, som lyda paa, naar ein stend paa Tufti, der alt detta hende. Eg trur nog mange av Bjarkøyningom skal minnast Tore Hund eit Bil framigjenom.

Um Notti kom Dampen atter og tok meg til Harstad. Det var just Haraldsdagen, og det skulde vera Messa paa Trondenes, som ligg ein Fjordung derifraa. Det var ein stor Kyrkjealmuge samlad, og eg fekk daa til sagt Møte til um Efta til Haraldsfest. Denne Trondenes-Kyrkja er verd at sjaa, det er ei med dei gildaste Landskyrkjor eg heve set. Ho segjest vera bygd av Kong Øystein, Broder til Sigurd Iverssøn, og jamenn er det Murar, som kann taka mot ein Storm. Høg under Kvelvet er ho men no taarnlaus. I Koren er tvau store Altarskaap med utskorne Heilagmenne inne i og Maa-larstykke baade innvendes og utvendes paa Skaap-dyri. Paa eine Dyri stend St. Olav med Kruna og Øks og trakkar paa ein Drake; paa andre er Marthren i Klungren, som Jonas Lie snakkar paa i „den fremsynte“, og Pontius Pilatus, som dømer. Paa Altartavla er og utskorne gylte Figurar.

Um Kvelden møtte 70—80 paa Lag. Stova var pyntad med Kransar og Flagg. Eg fortalte Haralds Saga og snakkade um, hvat Minnestytta der sid i Haugesund skulde preika syre oss. Etter at hava pusstat paa Kyredraget, kom Spelemannen fram med Tela si, og no gjekk Dansen lyftugt til

langt ut paa Nott. Eg trur infje, det var paa mange Stelle, dei hadde sliks morosam og hyggelig Fest som me paa Harstad.

Paa Trondenes er det vakkert. Kyrkja og Prestgarden tett med kvarandre, eit litet blankt vatn som eit rundt Auga i ei Dokk i ett med Prestehuset og Bjørker kringum. Midt etter Neset gjeng som ein Bakkerhogg, og deruppe laag daa Garden hans Aasbjørn Selsbane, med Utkik til baade Leider, nett som hans Tore Hund. Derfraa var eit makalaust Utsyn. I Fjordbotnen paa andre Sida Neset ligg rike Gardar langsetter Strenderna og grøne Engjar og Skogland med vatn langt uppetter Dalen. Hind-Dhi er no vel med dei vakraste Øyar i Nordland. Eg fann meg fram til Haugen hans Aasbjørn; no er han reint forgrodd av Smaabjørker, men endaa ser ein tydelegt den runde Steinsetningi etter honom. Eg sette meg ned der og drøymde um gamle Dagar; det var som Saga hans atter klang i Øyro mine.

### Saga hans Aasbjørn Selsbane.

Paa den Tid Kong Olav digre raadde syre Landet budde det ein Mann paa Trondenes, som

heitte Sigurd Toresson. Han var ovlege rik, var og gift med Syster til den megtugaste Bonden i Landet, Erling Skjalgsson paa Sole paa Fadren. Han hadde ein Broder denne Sigurd'en, som var meir namngjeten en han sjølv, og det var Tore Hund burtpaa Bjarkøy. Tore var ein av Lendermennene til Kongen, men Sigurd hadde infje givet seg i Kongstenesta endaa. Sigurd hadde det svært gildt heima paa Garden sin; med' han endaa var heiden, plagade han jamt halda try Blot elder Offerlag der paa Trondenes, det eine med Betranceaterna, det andre midvetters, det tridje ved Sumartid. Daa han hadde tekfet Kristendomen, dreiv han det paa same Maaten, berre det, at han snudde det etter kristeleg Vis. So hadde han daa stødi eit Lag um Hausten, eit Folalag og eit med Paasketider, og daa bad han i Hop heile Grendi, og det skortade korkje paa Mat elder Drykk elder Gaman paa Trondenes i dei Dagarne. Elles er det infje stort meir um honom at melsda, en at han døydde Sottdaude, og Son hans, Nasbjørn, som daa var 18 Aar gammal, og ein stor, sterk og emneleg Kar, tok Arv etter honom. Denne Nasbjørn vilde驱va alt paa same Gjerdi som Fa'r hans hadde gjort,

og so heldt han daa paa med sine trø Lag um Aaret. Men no hende det so uheppelegt til, at det nett vardt naar der nord i dei Tidom. Fyrste Aaret gjekk no paa ein Maate, for han hadde altid sopass myket gamalt Korn liggjande paa Laaven, at han kunde berga seg til Gjestbodi sine; men daa jo andre Aaret kom, og det vardt verre og infje betre, saag det galet ut fyre honom. Moder hans gjekk til honom og sagde, han maatte sleppa Lagi sine i Aar, men det vilde infje Aasbjørn. „Eig eg infje sjølv, so kann eg vel altid kaupa elder tinga sopass myket av Vinom mine, at eg er bergad,” sagde han, og dermed strauk han ifring og sekk kara i Hop jo myket, at han heldt sine trø Lag paa Fedravis nett som fyrr. So kom daa tridje Aaret. Den Vaa- ren hadde dei litet fenget saatt, for dei kunde infje faa kaupt Saakorn, og litet og laakt var det, som upp kom og. So sagde daa Moderi med Aasbjørn, at han laut skilja seg ved nokre av Huskarom sine. Men Aasbjørn var strid og sagde, at det skulde infje skje, solenge han raadde Garden, og han vilde halda sine trø Lag det Aaret og. „Er her infje Korn at faa her, so er det vel at faa sørpaa,” sagde han. Og dermed strauk han med 20 Mann

sudpaa og skulde kaupa Korn. Det var ei gild Fegt han hadde; all Børnskapen var og utifraa god, og Seglet hans var namnspurt i heile Nordland; det var av Vadmaal og striputt.

Det er ingen Ting at melda fraa Ferdi deira, fyrr dei kom til Karmt\*) og lagde til ved Agvaldsnes. Der var ein gild Kongsgard, og syre honom raadde ein Fut, som Kongen hadde sett inn der, og som heitte Tore Sel. Denne Tore var av ring Byrd, men han hadde farat seg fram, var djerv og kaut og uvyrden men hæv til at styra. Han kom um Morgonen tidlege ned til Sjoen og spurde, kven som raadde syre den gilde Fegti, som laag der. Asbjørn svarade og namngav Fader sin. Tore spurde, kvart han etlade seg. Asbjørn svarade, han vilde kaupa seg Korn og Malt; „for det er Øyrtid uppe hjaa oss,” sagde han, „men eg heve høyrt gjetet, det skal vera bra Nar her sud. Kan skje du Bonde, hadde Koren at selja? eg ser her er store Hjelmar (Kornstakkfar) her, og det kunde spara oss myken Umaf, um me slapp at fara lenger.“ „Åa den Umaf kann du nog spara deg sel,” sagde

---

\*) Gi stor Øy med Stavangerskanten.

Tore; „for du veit kanskje, at Kongen heve forbodet oss at selja Korn; du fører inkje i heile Rogaland elder nokot annat Stelle, so du gjerer nog rettast i at snu Naserna heimatter so snøgt du kann no, Glunten.“ Aasbjørn svarade: „er det so som du segjer, at eg inkje kann faa kaupt Korn her sud, so er eg no inkje lenger undan Sole, en eg kann lydast innum og sjaa, forleides Frenden min Erling liver.“ „Er du skyld honom?“ spurde Tore forbinad. „Ja han er Morbror min,“ svarade Aasbjørn. „Au — au — daa heve eg nog voret uvar med Kjæsten min,“ sagde Tore, „for den Rygja-Kongen er inkje at skjemta med. Men eg vonar no du ser innum, naar du kjem etter.“ Aasbjørn lovade det, og dermed straum dei til Iadren til Erling Skjalgsson og kom dit til Kvelds.

Um denne Ruggen her nede paa Sole er det at fortelja, at han var gift med Syster til Kong Olav Trygvesson. Den Tid han fekk henne, vilde Kongen gjera honom til Farl, men Erling svarade: „aa nei! Bonder hava Forfederne mine voret, og Bonde vil eg og vera, men vil du gjera meg til Viljes, kann du gjera meg til største Bonden i Landet.“ Det vardt han og, for han fekk heile Landet

fraa Sognsjoen til Lindesnes, og der felk han raada mest som han vilde, berre det, at han svarade Skatt til Kongen. Paa Garden sin hadde alltid Erling 90 frie Mann umfram Trælarne. Til Dagverd draff dei etter Maal, men til Nattverd kunde dei eta og drifka, so myket dei lykte. Naar Kongen var nær, elder han laag i Herferd, hadde han 240 Mann kring seg. Han hadde det og paa den Maaten, at Trælarne hans hadde sitt visse Dagsarbeid; var dei ferduge med det, kunde dei arbeida fyre seg sjølve, og so gav han dei Fordflekkjer til at stella med. Mange kunde daa samla seg so myket, at dei kunde kaupa seg frie fyrste Aret, og alle, som det var litet Mun i, kunde no iminsto løysa seg ut tridje Aret. Fyre dei Pengarne, som kom inn, kaupte han seg nye Trælar, og soleides hadde han skapt seg av dei gamle Trælom ein heil Hop frie Husmennar, som aatte Smaagardar heile Iadren nedigjenom, dreiv Sildfiske elder rudde Skogarne der, og som kunde takka honom fyre alt dei aatte. Daav Olav Trygvesson fall ved Svolder Aar 1000, og Farlarne Eirik og Svein raadde i Landet, tykte dei nog, Erling var for truten, men daa han mest var jamsterk med deim, kunde dei infje mukka, og solei-

des sat han nett slik som fyrr under deim. Men no hadde han funnet Karen sin i Olav digre; det var ein Mann som infje tolade meir en ein Vilje i Landet, og Erling hadde alt haft fleire Samanstøyt med honom og hadde maatt giva fraa seg myket av Magti si. Det var infje altfor blidt imillom deim daa, kann du vita.

Til denne Storkaksen var det Nasbjørn kom, og Erling tok vinlegt mot honom. Han sette honom nærmast Høgsætet sitt, og dei hadde det lyftugt um Kvelden. Erling spurde um Tidender der nordantil, og Nasbjørn fortalte si Ærend. „Det var leidt detta,” sagde Erling; „her finst ingen, som trøystar seg til at brjota Kongsbodet, og du veit, det er nog av deim, som freista at setja Kongen upp mot meg.” Daa svarade Nasbjørn: „seint skal ein daa faa Sanningi at vita. No heve eg høyrt fraa min Barnedom, at Moder mi var fribori i alle Etter, og at Erling paa Sole var den gjævaste av Ærendom hennar. Men no ser eg, at du er rødd desse sta-kars Kongstrælarne og infje torer gjera med ditt eget Korn som du lyster.” Erling saag paa honom, drog paa Smilen og sagde: „du er kvass i Munnen du Nordlending, men eg kjenner Ætti mi

atter. «Lat oss no drifka i Kveld, so kann me i Morgen sjaa at hitta paa nokot." Det gjorde dei daa.

Dagen etter sagde Erling med Aasbjørn: „eg heve grundat paa Saki di, og eg veit nog Raad, soframt det er det same, kven du kauper Kornet av." Aasbjørn svarade, at det var nett det same. „Ja," sagde Erling, „Trælarne mine hava visst so mykhet, at du kann faa Farm, og du veit, at dei standa utanfyre Log og Landsrett." Aasbjørn sagde, han gjerna vilde kaupa av deim. So vardt daa gjort, og han fikk segti si full baade med Korn og Malt. Han bad daa Erling liva vel, og dei skildest med stor Vinckap. Erling gav honom rike Gavor og mange Helsingar med heim. So siglde daa Aasbjørn og kom med Kveldstid til Agvaldsnes.

Tore Sel hadde spurt Ferdi hans, stemnde strakst til seg Folk, og med 60 Mann kom han i Graalhsingi umbord til Aasbjørn.

Aasbjørn og Folket hans hadde nett klødt seg. Aasbjørn helsade Tore, og Tore spurde daa, kva Farm det var han hadde. „Det er Korn og Malt," segjer Aasbjørn. „Det var likt Erling det," sagde Tore, „endaa er han inkje kjeid av at leggja seg ut

med Kongen; det er berre underlegt, at Kongen toler alt av honom." Og dermed gav han seg til at bruка Munn paa deim alle samen. Daa han sidst paa tagde, svarade Nasbjørn logn: „Kornet heve eg med full Rett, det er Trælarne hans Erling, som selde meg det." „Aa eg brør meg korkje um Erling elder Trælarne," sagde Tore, „anten skal de no ganga paa Land elder me fasta dykk fyre Bord, for eg vil infje hava Trengsla av dykk, med' eg ryd Skipet." Nasbjørn saag, han var infje mannsterk nog til at taka det upp med Tore; han laut ganga paa Land og sjaa paa, kor Tore rullade Tunna paa Tunna og Seff paa Seff or Fegti. Daa Skipet var rudt fraa Ende til annan, sagde Tore: „nei sjaa det var eit vakkert Segl denne Glunten heve; det er Shnd at reisa med tomt Farth og slikt Segl; aa Halvar, spring inn i Maustet og tak det gamle Filleseglet der, det er godt nog fyre honom." Nasbjørn beit seg i Lippa, der tok dei Seglet hans med, fastade Skarvaseglet umbord og gjekk. Han steig umbord og foor heim, men den Gongen tok han ytre Leidi. Han kom heim fyrst paa Betren, og det spurdest daa snart, kvat Ferd han hadde faret; han slapp iminsto halda Lag det Aret.

Daa Tore Hund høyrde detta, bad han Aasbjørn, Moder hans, og so mange han vilde taka med til Solaturing paa Bjarkøy. Aasbjørn skjemdest fyre at fara og sat heima, men Tore Hund likade inkje det, at han skulde vera so kaut paa det, og ut paa Kvelden tok han til at spita paa Aasbjørn. „Det er no inkje til at undraſt paa, at Frenden min inkje vil koma hit,” sagde han, „for han er ventelege so vitskræmd, at han trur at finna ein Sel-Tore i kvar Holme han kjem til.” Desse Ordi spurde Aasbjørn, og dei gjorde honom inkje blidare. Han sat heima og furtade all Betren og vilde inkje fara i nokot Lag.

Aasbjørn aatte eit Langskip paa tjugo Sessar, som stod i eit stort Naust.\*<sup>)</sup> Etter Knyndelsmess skaut han det paa Vatnet og reidde det til. Han stemnde Biner og Folk til seg, og 90 Mann sterk foor han sudetter. Han strauk havleides, og femte Dag Paaske um Kvelden kom han til Karmt. Denne Øyi er soleides lagad, at ho er stor og lang, men paa dei fleste Stelle inkje alt so breid; paa den eine Sida ut mot Havet er ho litet brygd men paa den andre

---

\*<sup>)</sup> Tuſti etter Naustet ser ein endaa.

Sida ligg det mange Gardar. Aasbjørn tok Land paa den nakne Sida, og daa dei hadde fest Skipet, sagde han, han vilde ganga einsleg paa Land, dei kunde bida paa honom solenge; det var best at sjaa, forleides alt stod til fyrst.

Aasbjørn var stygt kledd, hadde ein sid Hatt paa og ein diger Lurk i Hondi, men Sverdet bar han kring Livet uppunder Kaapa si. Han gjekk framigjenom eit Stykke og upp aa ein Haug; daa saag han, det foor so mange Folk att og fram med Agvaldsnes. Han gjekk daa inn paa Garden og burt i Kofkehuset; der fekk han høyra, at Kong Olav var komen til Gards og nett no sat med Maten. Aasbjørn gjekk daa aat Stova; daa han kom i Svali, vartt han standande og saag inn, for Øyri stod opi, og dei flaug att og fram med Mat og Drykk. Kongen sat i Høgsætet, og Tore Sel stod nett framføre Bordet og lagde ut um Verdi hans Aasbjørn og Aasbjørn høyrde, for han smurde paa. Dei log daa, og so var det ein, som spurde: „men forleides tedde han seg den Gongen du rudde Skipet?“ „Aa,“ sagde Tore, „han bar seg no paa ein Maate, daa me rudde Skipet, men daa me tok Seglet, daa gret han.“ I det same flyg ein Kar

inn i Stova og høgg til Tore, so Hovudet dansar framhver Bordet mot Kongen. Kroppen dett paa Føterne hans, og Blodet flaumar uthver Dukken. Kongen spratt upp og sagde, dei skulde bera Liket ut og taka Maten burt. So vardt gjort, og det var no ingen, som hadde stor Mathug helder det Maalaet. Nasbjørn tok dei strakst og leidde honom ut. Kongen var ovlege vreid, men han visste at styrha seg. Det var ei lang Stund stilt, men so gjekk Skjalg Erlingsson fram og sagde: „Herre Konge! det er vel no som oftare, at ein av deg kann venta seg alt godt; eg vil hjoda deg Bøter fyre denne Mannen, at han kann faa Liv og Limer; so raader du fyre Resten.“ Kongen svarade: „du thikjer vel inkje, det er Dauden verdt det, fyrist at ein Mann bryt Paaskefreden, so at han drep ein annan Mann i Herbyrget til Kongen, og so at han brukar mine Kne til Hoggestabbe, men det finn vel baade du og Fa'r din lugumt det?“ Skjalg svarade: „det er illa Konge, at du mislikar detta so, for sant at segja so var det eit Karssthukke. Eg heve no helder inkje bedet deg um so mange Ting, og det kunde vera dei som meinte, eg var meir verd.“ „Eg kann

infje brjota Logi fyre di Skuld, Skjalg," svarade Kongen. Daa snudde Skjalg seg og gjekk harmfull ut; tolv Mann hadde voret med honom hjaa Kongen, dei gjekk alle etter honom, dessutan fylgde honom mange andre. Ute paa Tunet raakade Skjalg paa Torarin Nebjulfsson, ein Islending, som var ein god Vin av Kongen. Til honom sagde han: „vil du vera min Vin Torarin, so haldt Liv i Mannen til paa Sundag, daa kjem eg attende." Dermed sprang han og Mennene hans i ei Roskuta, og rodde, so det fossade og bran kring Stamnen, alt til dess dei naadde Sole. Det var i Graalysingi, dei kom til Fadren, og Skjalg sprang straks upp aat Garden til det Loftet, der Erling sov. Han rende so hardt paa Dyri, at ho sprakk kring Naglom. Erling sprang ut or Sengi, treiv Sverd og Skjold, foor mot Dyri og spurde kven detta var, som foor slik aat. „Aa det er meg Skjalg, Son din." „Er det du Galningen? er det Skikk at koma inn i Folksens Hus paa?" „Aa lat berre upp Fa'r min, han Frenden vaar Nasbjørn, som no sit i Bolt og Tarn paa Agvaldsnes, tykkjer nog infje, eg er for snar." Erling skaut Loka ifraa, og Skjalg lagde

ut. Strafst sende dei Bodstifka kring, at alt som kunde bera Vaapen maatte møta fram, og 1800 Mann sterk strauk dei stad til Agvaldsnes.

Det var stilt i Halli paa Kongsgarden, den kvelden Draapet gjekk fyre seg. Ingen vaagade snakka til Kongen, og han var ovlege vreid. Endelige spurde han, korleides det var med Draapsmannen. Dei svarade, at dei hadde honom ute i Svali. „Kvifyre drep dei honom infje?“ spurde Kongen. Daa gjekk Torarin Nevjulfsson fram og sagde: „Herre Konge! fallar du infje det Mord at drepa Folk Nattartider?“ „So set honom i Fotjarn og drep honom i Morgan,“ sagde Kongen. Dei sette daa Aasbjørn i Fotjarn um Matti.

Dagen etter lydde Kongen Morgonmessia, sidan høyrde han paa dei Sakr, Bønderne lagde fyre honom, og sat i Tinget radt til Høgmessetid. Daa han gjekk fraa Messia, sagde han med Torarin: „no er vel Soli so pass høgt komi, at Vinen din, Aasbjørn, kann verda upphengd?“ Torarin bøygde seg fyre Kongen og svarade: „Herre, Bislop Sigurd sagde sidst Fredag, at den Kongen, som heve Magt hver alt, bar lika vel Spott og Haad, og at den er sæl som verd honom lik, og infje deim, som

den Gongen dømde Menneskja til Dauden, elder deim, som var Skuld i Manndraapet. No er det inkje langt til Morgons, og daa er det Byrkedag, daa kunde min Herre og Konge gjera som honom lyster." Kongen saag paa honom og svarade: „eg skal giva meg i detta, men vit, at du skal bøta med Livet ditt, um han paa nokon Maate slepp undan." Torarin gjekk daa dit, som Nasbjørn sat, løyste honom or Farni og fylgde honom inn i ein liten Kleve, der det stod Mat og Drykk aat honom. Torarin sagde honom og, kvat Kongen hadde sagt, soframt han slapp undan. „Du skal vera urcedd fyre meg," svarade Nasbjørn. Torarin var daa der den Kvelden ogsov hjaa honom um Notti.

Laurdagen stod Kongen upp og lydde Morgonmessan som vanlegt; sidan gjekk han paa Ting med Bøndom og sat der til langt paa Dag, daa det var mangt, Bønderne hadde at fjæra. Etter at han daa hadde lydt Høgmessa, gjekk han til Bordet. Torarin smaug seg daa stad til Presten der med Kyrkjja og sagde med honom: „sjaa her heve du eit Par Dalar og so maa du vera so snild at ringja inn Helgi,<sup>1)</sup>

---

<sup>1)</sup> Dei plagade ringja inn Sundagshelgi den Gongen med Nonsbil, Kl. 3 paa Lag.

med det same Kongen reiser seg fraa Bordet." „Godt," sagde Presten — staak Pengarne i Luma.

Kongen sat lenge med Bordet den Dagen men sidstaa gav han Teikn til, at dei skulde bera Maaten ut, og so sagde han: „no er det vel paa Tide, at Trælarne drep denne Karen." I det same ringjer Kyrkjekloffa, so det ljomar uthver. Kongen ser forbinad ut. „Er det no alt Helg?" spyr han. „Du hører det Herre," svarade Torarin, han kom fram og bøygde seg, „og det var daa Sjnd at drepa Mannen no i Helgi." „Hm —" sagde Kongen, „lat honom liva til Maandags, men agta honom vel Torarin."

Um Sundagen gjekk Bislopen til Aasbjørn, let honom skrifte seg og gav honom Lov at lyda Høgmessa; men han skulde standa utanfyre Kyrkja i Farni sine og Vakt ikring. So vartd daa gjort, Kongen og hans Folk var inne i Kyrkja, Aasbjørn stod utanfyre; men paa den Tid var det nettupp Erling og hans Flokk kom til Øyi. Snaudt nog var Presten ferdug med Evangelieteksti, so kom Erling farande med Ylkingi si; dei slo Farni av Aasbjørn og reiv honom inn i Flokken sin. Daar vartd det følt til Staak. Dei som ute var, foor inn i

Æyrkja; og dei, som inne var, glaamde ut; berre Kongen røhvde seg inkje, stod still og bøhgde Hovudet i Bøni.

Erling fylkte Hopen sin som ei Gata, Mann fyre Mann, paa baade Sidor aat Æyrkjeposten og radt aat Kongsgarden, og der stod dei daa med Vaapn i Hond og ventade Kongen. Daa Kongen kom, vardt han standande paa Durstokken litel, men so gjekk han fram gjenom Manngarden, rett som inkje var, og Mann fyre Mann etter honom. Daa han kom til Kongsgarden, stod Erling paa eine Sida Øyri, Skjalg, Son hans, paa den andre. Erling steig mot honom paa Durstokken, og der vardt dei daa standande og saag paa kvarandre eit Bil, Kongen og Bonden. So tok Erling til Ords: „eg høyrer, at Frenden min, Nasbjørn, heve forbrotet seg mot deg, og det er illa, at so skulde henda. No er eg komen og vil bjoda deg Forlik og Bøter fyre honom, so myket du sjølv vil fastsetja, og so skal du giva honom Liv og Limer til Vederlag.“ Kongen svarar: „det ser ut til Erling, som du meiner, det er du, som skal raada fyre Livet hans, og eg veit inkje, kvifyre du læst, som du vil bjoda Forlik; eg kann nog skyna, at du heve

fenget denne Fylkingi saman i den Tanke, at du skal raada." Erling svarar: „nei du skal raada Konge, og raada soleides, at me skiljast forlikte." Kongen segjer: „tenkjer du skræma meg Erling, daa du kjem so mannsterk?" „Nei," svarar Erling. „Ja for stikk det nokot annat under, so kann eg segja deg det, at eg rømer inkje," sagde Kongen. Daa vartt Erling raud som Blod i Andlitet, og so sagde han: „du skulde inkje minna meg for hardt paa det, Konge, at dei Gongjer me fyrr hava voret i Hop, var du den mannsterkaste. Idag er det eg, og det segjer eg, at eg rikkar meg inkje av Flekken, fyrr me skiljast forlikte, elder detta verd vaart sidste Møte." Daa lagde Bislopen seg imillom og bad Kongen fyre Guds Skuld inkje lata det koma til Blodspilla, og so gav Kongen seg. Aasbjørn gjekk fram, kysste Kongen paa Hondi, og Kongen tilslagde honom Fred. So dømde daa Kongen soleides: „Ettersom du Aasbjørn drap ein av Tenestmennene mine, so skal du lyda Landslogi, som segjer, at du skal treda i hans Stelle, soframit Kongen det vil. Difyre vil eg, at du no skal vera min Aarmann her paa Agvaldsnes, og styra Kongsgarden her." Aasbjørn takkade Kongen og sagde, at det skulde

i det Stykke vera som Kongen vilde, men han bad fyrst um Lov at fara heim til Garden sin paa Trondenes og stella alt til Rettes der, so skulde han koma atten. Det sekk han, og dermed skildest han og Kongen. Erling foor og heim med Heren sin, men det vardt no inkje betre millom Kongen og honom etter den Dag.

Det gjekk no snart Ord um denne Ferdi hans Aasbjørn, og dei fleste tykte, det var Karsferd. Ein var det, som inkje tykte detta, og det var Tore Hund burt paa Bjarkøy. Det fyrste han møtte Aasbjørn, spurde han honom nøgje ut um alt fraa fyrst til sidst, og so sagde han: „du tykjest vel hava hemnt den Spe, dei gjorde deg i Haust?“ „Ja,“ svarade Aasbjørn, „elder kvat meiner du Frende?“ „Aa, det er snart sagt,“ sagde Tore, „eg tykte, det var ei skrapa Ferd du foor fyrste Gongen, men jamen tykjer eg denne sidste var laakare; for at du, som er av vaar gode Ætt skal smaaminka deg til at verda Kongstræl og Tamning med den Skarven Tore Sel, det hadde eg inkje ventat av deg. Syn deg no som Mann og verd sitjande her paa Garden din; me Frendar skal nog hjelpa deg, um du kjem i Knipa.“ Desse Ordi grov seg djupt i Aas-

bjørn, han vardt sitjande paa Garden sin og kom infje etter til Kongen, som han hadde lovat. Daa Kongen saag, han vilde brjota Ordet sitt, vardt han harm, og det var kunnigt syre kvar og ein der i Hýrði, at Kongen infje vilde vera uglad den Dagen, han fekk Hemn paa Aasbjørn Selsbane. Det varade no infje alt so lenge, fyrir han det fekk.

Aasmund Grankelsson heitte ein ung Mann, ein Nordlending, som var ein god Vin av Kongen; han foor og siglde der millom Óhom, for han var vorden Sysselmann (Fut) der. Med honom var eit Par Brøder fraa Langøy, Gunstein og Karle. Dei kom paa Snakk um denne Aasbjørn Selsbane, og Aasmund sagde, han skulde hava god Hug til at sjaa honom. Eingong, som dei daa laag i eit Sund, kom det ei gild Tegt imot deim. Tegti var lett kjennande, ho var maalad kvit og raud og hadde eit stripett Segl. Daa sagde Karle til Aasmund: „du heve tidd snakt paa, du skulde hava Hug at sjaa han Aasbjørn Selsbane; infje er eg kjennespak, um dette infje er Tegti hans, som kjem fraa Vaagøy-Stemna.“ „Gjer jo vel og seg meg, kvar han sit,” sagde Aasmund. I det same foor Tegti framum. „Der sit han,” sagde Karle, „der med Styret, han

i den blaae Kjolen.“ „So skal eg giva honom ein raud Kjole,” sagde Aasmund, og dermed so skaut han Spjotet sitt etter honom, og det høvde so vel, at det raakade Aasbjørn paa Midten, gjeff tvert igjenom honom og stod fast i Styrvolen. Aasbjørn stupte daud paa Dekket.

Det var ein tung Farm dei kom med til Trondenes den Kongen, i det minste thekte no gamle Moder hans, Sigrid, det. Ho gjorde eit stort Gravøl etter Son sin, og han vardt hauglagd der tett med Garden paa Aasryggen. Ho gav alle sine Viner rike Gaavor ved Burtferdi, so nær som Tore Hund, han fekk ingen Ting; men honom fylgde ho ned paa Bryggja. Daa dei no skulde handta-kast til Farvel, sagde Sigrid: „no vil eg tafka deg Tore, syre den gode Raadi, du gav Aasbjørn, Son min, at han ikkje skulde fara til Kongen. Han fekk ikkje langt nog Liv til at løna deg, som han skulde, og eg synar meg litet paa slikt, endaa det ikkje skortar meg paa Vilje. Her er no ei Gaava aat deg, og eg vil hnskja, du maa bruuka Gaava vel.“ Og dermed stakk ho eit Spjot i Neven paa honom. „Sjaa dette Spjotet stod gjenom Son min Aasbjørn, og endaa sit Blodet, som rann av hans Saar,

fastklistrat paa det. Den Dagen, det Spjotet sit i Bringa paa Olav digre, skal eg lova meg lufkeleg, og no lyser eg deg til at vera kvar Manns Niding, um du inkje hemner Nasbjørn.“ Tore vardt so reint magtstolen av Ordi hennar, at han gløymde at sleppa Spjotet, ragade som ein drukken Mann burtetter Bryggja og hadde gjenget luft i Batnet, hadde inkje Mennerne hans tekst honom. Han foor heim til Bjarkøy og sagde inkje eit Ord. Spjotet var litet, men det var Runer rist paa Bladet. Det vardt snart spurt, kven som hadde voret Upphavet til Draapet paa Nasbjørn, og det kom og til Tore Hund.

Sumaren etter fekk Tore spurt, at Brøderne Gunstein og Karle etlade seg til at fara Bjarmelandsferd,<sup>1)</sup> og Kongen skulde hava halvt i Skipet. Strafist sende han Bod aat deim og sagde, at han vilde og dit, so kunde dei slaa Fylge. Han fekk Svar atten, at han gjerna det kunde, men han skulde inkje hava meir en 25 Mann liksom dei, og so skulde dei skifta lift, alt dei tente paa Ferdi. Daa Tore so raakade deim i Sandver, hadde han

---

<sup>1)</sup> Bjarmeland er Landet kring krite Havet.

det svære Langskipet sitt og 80 Mann. Gunstein sagde daa ved Karle, Broder sin, at han tykte, det var inkje raadelegt at fara lenger, daa Tore var so mannsterk. Karle-svarade: „snu vil eg inkje, for det heve eg aldri gjort: men hadde eg visst detta heima paa Langøy, so vilde eg nog teket fleire Folk med.“ Dei spurde daa Tore kvaat detta skulde segja, at han hadde so mange Folk. Åa, han hadde stort Skip „og etter mi Meining kann ein inkje hava for mange flinke Gluntar med paa slik ei Ferd,“ sagde han. Dei kom lukkeleg og vel til Bjarmeland og handlade seg til baade Skinnvaror og andre Ting, men daa dei vel var ut Elvi (Dvina) komne, sagde dei upp Freden med Folket der. Dei hadde daa ei Samraad, og Tore spyr, um dei hadde Hug til at faa seg Pengar. Ja kven hadde inkje det. „Ja men det kunde ganga paa Livet laust.“ „Ja det fekk vera det same.“ So sagde daa Tore, at det var Skikk der i Landet, naar ein Mann døydde, at dei daa skifte Arven millom den daude og dei etterslivande, soleides at den daude fekk minst Tridjeparten. Dei Pengarne vardt daa utborne i ein Haug elder i Skogen og der nedgravne. „Og no veit eg eit Stelle, der det er fullt av slike Sylv= og Gull=

haugar," sagde han. Ja dei var daa fuse etter at fara dit, men dei maatte lova at lyda Tore i det, han sagde. So gjeff dei fraa Skipi paa Land. Vegen gjeff fyrst hver lange, slette Bollar, so bar det gjennom ein Skog. Tore gjeff fyrst, bad Folket vera stilt og riva litet Bork av Treom, at dei kunde finna same Vegen attende. So kom dei til ein stor Skigard med Port fyre, som var lœst. Baktmennene var nettupp fraagjengne, og dei nye, som skulde løysa deim av, var endaa inkje komne. Tore sprang uppetter Skigarden, hogg Øksi fast og halade seg upp etter Skafset; det same gjorde og Karle paa den andre Sida av Porten. So slo dei Stengsla ifraa og opnade Porten fyre dei andre. Midt paa Plassen stod eit Bilæte av Bjarmeguden, Tomale; det sagde Tore, dei inkje skulde røvra. Dei gjeff daa paa Haugen, og auste upp i Fanget sitt, Gull, Sylv og Mold, alt dei berre orkade. So sagde Tore, dei skulde fara, men han vilde vera Sidstemannen. Daa so dei andre vel var ut or Porten komne, sprang Tore attende, treiv ein Sylvbolle full av Pengar, som stod i Fanget paa Tomalen, hellte Pengarne i Kjolen sin, stakk Armen i Hodda, som var hver Bollen og gjeff. Daa Karle

jaag, at Tore var burte, skulde han sjaa etter honom, og der kom han dragande med Sylvbollen. So sprang daa Karle og burt aat Tomalen og jaag eit digert Halsband kring honom, som var fest bak med ei Snor. Han lyfte Øksi og vilde hogga Snori av, men Hogget var so sterkt, at Hovudet rauk av Tomalen med ein stor Smell. Karle treiv Halsbandet og sprang, men aldri sognart høyrde Baktmennene Skrellet fyrr dei kom fram paa Plassen og bles i Horni sine, og so svarade det paa Lur rundt ikring i Skogen. No gjekk det paa Sprang med Nordmennene gjennom Skogen, men Bjarmarne etter; dei høyrde deim hua og ropa bak seg. Men daa synte Tore, at han kunde meir en Fadervaar. Han gjekk sidst og hadde eit Par Mann med seg, som bar ein Sekk, der nokot laag, som var likt til Øska. Tore stakk Hondi i Sekken og straadde av Øska paa Begen rund ikring, stundom fastade han henne fram over Folket og fiktade so underlegt i Lufti. Dei kunde daa skyna, dei vardt usynlege, og at Tore skynade seg paa Finnegan, for Bjarmarne urde kring deim med Rop og Staaf, men naadde deim inkje. So kom dei seg lukkeleg umbord, kappade Landtogi og sette til Havs. Det

var berre maateleg Býr, og daa det Skip, som Brøderne aatte, var lettare til at sigla, kom dei snart langt framum Tore. Fyrst daa dei hadde siglt framum Ganvik og laag med nokre Øyar og bidde paa Straumfallet, naadde Tore deim. Han sette strafst Baat ut og gjekk umbord til deim. Han bad Karle um at faa Halsbandet, „for det var no mi Skuld, at me slapp utan Manntap, og det var du Karle, som sette oss i Faaren.“ Karle sagde han gjerna skulde fengt det, var det inkje fyre di, han hadde elsat det aat Kong Olav. „Men vil inkje han hava det, av di det hev voret kring Hal-sen paa ein Avgud, so skal du faa det,“ sagde han. Tore segjer daa, dei skulde ganga upp paa Øyi og skifta Herfanget. Gunstein svarar: „no er det Straumskifte og nettupp Tid at sigla.“ Og dermed vatt dei upp Seglet og lettade Ankar. Tore laut i Baaten atten og umbord til seg, og fyrr han fekk gjort seg ferdug var Brøderne langt til Havs. Men no aukade Binden, so Tore fekk snøggare Fart, og med Geirsver tok han Brøderne att. Han gjekk daa atten umbord til deim og tok til at gnika paa same Strengen, at dei skulde skifta Herfanget. Brøderne meinte, det var tidsnog, naar dei kom heim;

og daa Tore saag, han ingen Veg kunde koma, gjekk han med Fylget sitt. Men braadt, som det var, snudde han og spurde, um han kunde faa tala nokre Ord ved Karle i Einrom. Karle gjekk burtaat honom, og i det same dei møttest, rende Tore eit Spjot gjenom honom og sagde: „her Karle skal du smaka ein Bjarkøying; du skulde vel infje kjennast ved Spjotet Selshemnaren?“ Karle stupte straks, og Tore gjekk umbord til seg sjølv. Gunstein og Folket hans saag Karle stupa, dei sprang til og bar Liket ned aat Skipet, vatt upp Segl og hadde seg ut som snøggaste. Tore etter, og no vardt det eit Dag nedetter heile Leidi; dei siglde og dei rodde Dag og Nott. Ved Lenvik naadde Tore deim, Gunstein og Folket hans laut springa paa Land, men Tore etter. Gunstein sprang inn til ei Kjering der, og ho gjøymde honom so vel, at Tore fann honom infje. So snudde Tore, tok Skipet til Gunstein og bar alt Godset, som i var, umbord til seg, fylde det so med Stein, førde det ut paa Fjorden, hogg Hol i det og sekte det ned. Etter detta strauk han heim til Bjarkøy. Gunstein surte seg under mange Faarar sudetter, kom lukeleg og vel til Nidaros (Trondheim) og fortalte Kongen det, som hendt var.

No hadde Tore fullført den eine Hemnen sin, no var den andre etter, den at setja Spjotet i Bringa paa Olav digre, og han mintest Ordi hennar Sigrid. Det var nettupp paa den Tid, at Danskekongen, Knut den megtuge, som også hadde vunnet Engeland, gjorde Krav paa Noregs Kongestol, men vardt burtshnt av Olav. Men Knut var inkje raadlaus; han visste Nordmennene var pengakjære og hatige paa Olav, av di han var hard og streng ved deim. So sende han Folk ut, som auste Gaavor og Pengar paa Storkalarne i Landet, og det var mange, som heit paa den Shlyfkroken. Kongen saag, det maatte koma til Slag millom honom og Knut, og difyre baud han ut Herstyrken sin fraa heile Landet. Han sende ein av sine gode Biner, Finn Arneson, nordpaas og han stemnde daa heile Floten til at møta med Vaagøy visse Bilet. Dit kom daa og Tore Hund med det store Langskipet, som han um Sumaren hadde hatt i Bjarme-landsferdi; han hadde tilreidt det paa eigen Kostnad. Daa Finn kom, bles han i Hop Husting, og saag daa etter, um Vaapen og Tilreiding var som det skulde vera. Daa han var ferdig med det, snur han seg mot Tore Hund og segjer: „og so spyr eg

deg Tore Hund, hvat Øster du vil giva Kong Olav, fyre di du drap Hjordmannen hans, Karle, og tok Kongsgodset der i Lenvik? Eg heve Fullmagt fraa Kongen til at greida det.“ Tore skjeglade kring seg; der stod Gunstein og fleire av Frendom hans Karle i fullt Vaaben. „Aa mitt Tilbod er snart sagt,” svarade han, „eg vil skjota Saki under Kongen, so kann han sjølv døma.“ „Aa nei! du lyt finna deg i ringare Heider en som so,” svarade Finn, „du lyt lata meg døma.“ „Eg er nøgd med det,” sagde Tore. So dømde daa Finn, at Tore skulle betala 10 Merker Gull til Kongen, og til Gunstein og hans Frendar andre 10 Merker, og fyre Ran og Skade paa Gods dei tridje 10 Merkerna. „Og det skal framleggjast no strafst,” sagde Finn. „Det var mange Pengar detta,” sagde Tore „og du maa no unna meg Frist til at faa laana i Hop so myket.“ „Paa Flekken skal du koma med det,” sagde Finn, „og jo skal du attpaa koma med det digre Halsbandet, du tok fraa Karle.“ „Eg tok inkje nokot Halsband,” sagde Tore. Daa gjekk Gunstein fram og sagde: „Karle hadde Bandet kring Hassen, daa me skildest, og daa me tok Livet hans, var det burte.“ „So maa det vel liggja i ei Ro derheimia paa Bjarkøy,”

svarade Tore „eg heve inkje anSAT vidare paa det.“ Daa sette Finn Spjotsoddens fyre Bringa paa Tore og sagde lognt: „vil du koma med det Tore?“ Tore reiv daa Bandet av Halsen sin og gav det til Finn. „Ja var det inkje det eg visste,” sagde Finn, „du fann det nog fram, naar du berre fekk sansa deg litet vetta, men no var det Østerna.“ Tore snudde seg og gjekk umberd paa Skipet sitt, Finn etter honom. Daa saag Finn, at det stod under Tiljom attmed Mastri two Tunnor so svære, at det thktest reint underlegt. „Kvat heve du paa dei Tunnom?“ spurde Finn. Tore svarade det var Øl. „Kvifyre byd du oss inkje ein Skjenk daa?“ sagde Finn. Tore bad ein av Mennene sine ganga ned og tappa ein Bolle. Det var Øl, og det som godt var, og. Finn bad daa Tore koma med Pen-garne. Tore slang att og fram paa Skipet og ta-lade snart ved den eine, snart ved den andre av Mannskapet. Tore bad Finn fylgja seg i Land, so skulde han betala der. Finn so gjorde. Tore kom fyrst fram med ein Pung; der var daa 10 Merker. So kom han berande med mange knyte og løyste upp. I sume var daa 12 Skilling, i andre ei Mork, i andre berre eit Par Skilling. „Sjaa

her ser du, for eg maa laana meg fram," sagde han, „det Sylvet eg og mine aatte, heve eg brukt." So gjekk Tore ut etter paa Skipet og kom attende med ein heil Hop nye Knyte og betalade Skilling paa Skilling. Under detta tok Folk paa at reisa. Finn saag, det minskade kring honom, og Folket hans bad honom skunda seg, at dei kunde koma stad. „Det gjeng seint med Betalingi Tore," sagde daa Finn, „og eg ser, det tek hardt paa deg; no kann det vera med detta solenge, Resten kann du svara Kongen, naar de raakast." Dermed stod Finn upp og vilde til at ganga. „Det er nog bra, me skiljast no Finn," sagde Tore, „og no skal eg lova at betala baade deg og Kongen, so de inkje skal synast, de sekk for litet." Soleides stildest dei, Finn fylgde etter dei andre Skip, men Tore sette beint utigjenom Vestfjorden og radt til Havs og stansade inkje, fyrr han kom til Knut den megtige i Engelland. Der baud han seg fram. Daa syntre det seg, at Karen hadde Gods nog, for dei two svære Tunnorna var fullstappade med det Godset, han hadde teket i Lenvik, han hadde berre gjort dubbel Botn i Tunnorna og millom baade Botnarne hadde han fyllt Øl. Den Gongen hadde han narrat Finn.

Og han gløymde inkje det Ordet, han hadde sagt, at han skulde betala Kongen. For daa Kongen og Bønderne seinare møttest ved Stiklastad, daa stod Tore Hund klædd i Reinskufta si med Spjotet Selshemannen i Hondi som Hovding i Bondaflokkene og hadde tingat paa at ganga mot Kongen. Og daa dei møttest, hogg Kongen til Tore, men det berre gauv av Reinskufta hans og Sverdet heit inkje. Daa stakk Tore etter Kongen, og dei skifte Hogg, men Tore stod like fast. „Aa slaa til Hunden, som Sverd inkje bit paa,” sagde Kongen til Bjørn Stal-lar, som gjekk attmed. Bjørn snudde Øksi i Hondi og dreiv til Tore med Økshamaren, so han ragede; men i det same stakk Tore Spjotet gjennom Livet hans og sagde: „soleides veida me Bjørnar i Finnmarki.” Bjørn stupte ned fyre Føterne til Kongen og var daud. Daa stod Tore etter Andlit til Andlit med Kongen, men daa hadde Kongen alt fengt eit Hogg i Beinet av Torstein Knarrarsmid. Han kastade Sverdet, studde seg upp mot ein Stein og bad Gud taka seg. Daa kom Tore rennande, kjørde Spjotet uppunder Brynja, og det vartt hans Bane.

Men daa Slaget var endat, segjer Saga, var

Tore den fyrste, som fann Kongslifet. Han turkade Blodet av Andlitet, lagde det ned og rette det ut, og daa saag han, det var so forunderleg fagert. Kongen laag, som hansov; Kinnerna var endaa rauder, og det straalade som ein Glans fraa honom. Og so rann det nokot av Blodet fraa Kongen ned paa Tore si Hond, der han hadde eit djupt Saar og det Saaret slap han reiva, det grodde i Hop av seg sjølv. Daa tok Tore til at tenkja paa, at han kanskje hadde voret paa den range Sida sel, og han var den fyrste av deim, som hadde voret mot Kongen, som trudde paa honom som ein heilag Mann. So sat han daa myrke Vetrarne heima paa Bjarkøy og grundade paa detta, og so fann han, at han hadde nog mangt at sona, og no vilde han, fyrr han døydde, fara til Jerusalem, lauga seg i den Elv, der Frelsaren vardt døypt, sjaa Stallen, der han vardt fødd, og beda ved Gravi, der han var lagd. So sette han Langskipet paa Vatnet og strauk stad, men aldri heve nokon spurt meir til honom og hans Ferd; han kom aldri attende.

### Øfoten.

Begjerne i Nordland er Sjoen, og Baaten og Seglet er Karjolen og Skjysshesten; paa Land er det ofta skralt med Begom, det fekk eg røyna, daa eg skulde ganga hver Eidet til Prestgarden i Øfoten. Det finst inkje Veg, berre ein smal Stig, som ein paa ein Maate kann ride, endaa der er so for grodt med Bjørk, at Buskarne slaa deg i Andlitet, og du maa ro deg Beg millom deim med Armom sume Stelle. Nei for myket Land her ligg ubrukt og ubrotet, og det godt Land saag det ut til. Paa hmse Stelle laag det vakkre Gardar, men so milevidt av skoglendt og myrlendt Land etter, som visst ligg endaa, som Gud heve skapt det. Blomar og Bregner og Gras voks knehøgt i Smaaskogen, og eg laut liksom vada gjennom deim. Mange av Husmennerne hara no ruvt kring seg store Stykke, so leides hadde ein Husmann aat Presten no 12—14 Åhr; han var Finn og budde i Gammen som fyrr. Det er no Pengar, som det skortar paa, og det attaat, at Folk legg seg so litet paa Fordi her, dei vil helder pløgja Blaamhri, som kann giva hundredarfald paa ein Dag utan at vera saadd.

Æyrkja i Øfoten ser ut som ein stor, stygg, kvitmaalad Gard paa two Høgder men gjøymer daa eit Kunstverk inne i seg likavel. Det er ei Altartavla, som er maalad av Gørbiž: „Jesus signer dei smaae Borni“. Ho er gjevi aat Æyrkja av ein Prest, som var der infje alt so lenge sidan, og ho skal koste 400 Spd. Det er underlegt at finna eit Kunstverk soleides burtstengt i ein Avkrok, og endaa underlegare, at Presten, som kostade Tavla, var ein stor Gnifar. Offerskillingarne skulde berre betalaast i Sjølv, og naar han hadde samlat deim, slo han deim ned i ei stor Gryta og stod sjølv og rørde i Gryta med ei Sleiv og skumade av nett som ein fløyter Sod elder Brim. Dei fyrste Dagarne i det nye Aaret maatte også Tenararne hans sitja og blenkja alle Dalarne, som han hadde paa Kistebotten, og dette var Dagsverk fyre lange Tider, og sjølv gjeff han daa og agtade deim som ein Smed. Den, som fortalte meg det, var ei gomol Tomfru, som sjølv hadde voret med mang ein Gong paa dette Arbeidei. Ho fortalte meg og av si Ungdomssaga, forleides ho ein Gong hadde lotet klæda seg ut som Lænsmann og skræma burt eit Fantafylge. Alt Husfolket var paa Fiske, og Fantarne heldt ei

Leven, som var følt, trugade seg til baade det eine og det andre og skräemde mest Bitet av Kvinnfolket paa Garden. Daa tok Tomfrui Mod til seg. I Lensmannsuriform med Logboki under eine Armen, Jarni under andre og digre Kolstrik kring Munnen, gjekk ho inn til Fantarne, bad deim hava seg undan, og sagde til ei av Gjentom, at ho skulde springa upp i Borstova til dei 9 Kararne, som der sat og beda deim koma ned. Ho heve ventelege gjort sine Safer godt, for Fantarne spaknade og hadde seg ut som snøggaste. Ein kunde visst samla i Hop mange slike underlege Rispor um Livet i desse avleides Bygder, naar ein var der lengre.

### B o d e.

Bjen Bode skulde med Retten hava Namnet Hundholmen, og det Namnet høver mykst betre, for der er sthgt. Men gjeng ein so berre vel ein halv Fjordung utanføre Bjen til Prestgarden, er det med det vakraste du ann sjaa. Kyrkja og Prestgarden ligg i ei liti Dolk millom store Bjørkehaugar so lognt og tekkelegt, og so ser ein derfraa uthver Saltenfjord med Fjell som blaae, symjande Kyrkjetaarn. Kyrkja er fraa det 13de elder 14de Aarhundrad.

Paa eine Muren er det innfelst ein gammal Gravstein med ein tjukk, seit Prest i Ornat, og der kann ein lesa: „Her huiler Hans Lauritson Blix, Sogneherre til Baadegjeld och Prowist offuer Saltens Lehn, født och baaren Anno 1596 och i Herren Hensoffuit saligen Anno 1666.“ Der gjeng mange Segner um denne Steinpresten; ein skal infje uneist funna spotta elder gjera honem nokot ilt. Ein kaat Gutunge, som slo Beslefigren av honom, gjekk fraa Bitet, og ein annan, som vilde forgripa seg paa honom, vardt naamen. So var det daa ein Bymann, som tok paa seg at rydja ut denne Overtrur or Alsmugen. Han reid framum der og slo til Steinpresten med Svipa, men i det same snaavar Hesten, han dett av og bryt Fingren sin, og skamfull og flat vardt han innboren paa Prestgarden.

Altertavla er elles merkeleg. Ho er fraa 1670 og er eit rikt Friskjerararbeid. Her er Adam og Eva, Moses og Aron, Petrus og Paulus. Nedst paa Tavla er utbygt som ei Stova, der er sett Bord og Benkjer, og paa deim sit Jesus med dei 12 Apostlom etter Rad og held sidste Paaskemaaltid. Altertavla er gjevi Kyrkja av Kjeringi til Steinpresten, ho kunde infje faa Ro i si Grav, fyrr Tavla

var uppsett i Kyrkja. Ho skal hava kostat store Pengar, denne Tavla, men Steinpresten var og ein grunnrik Mann, som tente grust paa Lofotfiske. Bi-  
læte av honom og Kona hans heng i Kyrkja.

Paa Prekestolen er det og mange Utskjeringar. Umfram dei 4 Evangeliemennar, er der ein Bisshop i katolsk Bispeklædnad, og so eit Mariabilæte med tvau Born paa Fanget, Jesusbarnet med eit gylt Eple, og so ei liti Gjenta med Kruna paa og gylt utsleget Haar, som tøygjer seg etter Eplet. Kvæt dei hava meint med detta, veit eg ikkje.

Prestgarden er ein gammal Hovdingagard med latinisk Inschrift over Døri, gamle Beggjedukkar, Maas-  
larstykke og skapt som til Skrymt og Spøkri. Det  
er nog ikkje so reint fritt fyre det holder ettersom  
dei segja. Presten Schølte, som heng der paa Beg-  
gen, vandrar endaa i fulst Ornament rundt i Prestgar-  
den um Næterna. Han hadde hatt slik Hug til at  
studera til Doktar, men vurdert vringad av Fader sin  
til at velja Presten. Han gløymde ikkje Doktarhu-  
gen sin likavel. Han fekk mange Rom i Prestgar-  
den gjorde til Sjukehus, foor dessutan rundt i kring  
og gjorde mange Under paa sjuke Folk, so han galdt  
fyre litet av ein Trollmann. Han tok aldri Betaling

fyre Umaken fin. Han var grunnrik, og daa Son hans døydde barnlaus, gav han alt Godset til Stor-skulen i Kristiania til eit Legat fyre fatige Studenter, som studera til Doktar. Det er det største Legat, Skulen kann raada hver.

Den store Stova i Prestgarden ser rett ut som ei Hovdingastova. Den gamle Husbunaden, som var her fyrr, hadde Kong Karl den femtande tilbytt seg, men endaa stend daa Peisen, innbygd med Treverk med gylte Sular og adelege Baapenmerke, ei Greivekruna, som kviler paa ein Bibel, og eit Sverd. Eit stort vakkert Bilæte av ein Adelsmann heng paa Veggen; reisande Engelsmenner hara sagt, det er Karl Edvard, den siste av Stuarterne. I Sideromet, der Ludvig Filip laag, den Gongen han var paa si Finnmarksferd, er der snodige Veggedukar, Kvinnfolk med Tarnsprifestakkar og Vistor, elskande Par klædde som Langgodfederne vaare. Paa Prestgarden heve det fyrr voret Taarn, no er det nedrivet, daa dei laut betala Skatt av det.

Tett attmed Prestgarden ligg det ein Gard, som Amtmannen fyrr budde i. Han og Presten laag stødt og kjeklade, so Peder Dass skreiv um den vesle Bekken, som renn mellom Gardom:

I mellem dem begge der rinder en Bæk,  
den skyller nok deres Kjærighed væk.

Dei slost og um Skoggrensa, og Presten klagade  
hver, at Amtmannen hogg langt inn paa hans Gren-  
sor. So fekk dei reist ein Stein paa Grenseskilet,  
som dei kallade „Krusemynnen“, av di Presten heitte  
Krus og Amtmannen Munte. Steinen hava Folk  
leitat etter i 50 Aar, no hava dei sidstpaa funnet  
honom fram, forgrodd med Mose, men K. M. stend  
innhogget der tydelegt. Bardt dei no stundimillom  
blide paa kvarandre, gav dei kvarandre Jordteigar,  
so endaa finst det smaae Teigar midt inne paa  
Prestgardsjordet, som høyrer andre Garden til.

### Saltdalen, Ranen og Vessen.

Saltenfjorden fekk eg infje stort godt av, men  
eg siglde daa den namngjetne Saltestraumen, som  
endaa veit at raada somykhet, at Dampen vakkert  
maa bøygja seg og retta seg etter Straumskifte; han  
kann infje baska seg upp, naar Straumen gjeng stridt  
imot. Og her var det daa Raud hin ramme budde,  
som gjorde Olav Trygveson somykhet Mein. Fyrst  
sloft han med honom i Lag med dei andre Haalo-  
galendingar, og daa so Kongen etterpaa vilde knipa

honom paa Garden hans, galdrade han paa honom somyklet Skodda og Uveder og Motstraum, so Kongen laut snu. Eit Bil etter kom han attende og skulde freista, men Raud var vaken han, og same Driv og Skodda stod utigjenom Fjorden. Kongen laag og ventade og ventade, men daa det inkje vardt likare, gjekk han til Bisikop Sigurd og spurde, um inkje han var Mann syre at vinna paa dette Djævelskapet. Bisikopen svarade, han skulde freista, og dermed so tok han alt sitt Messeskrud, gjekk fram i Stamnen paa Kongsskipet, kveikle Kjertor og bar fram Røykelse; so sette han eit Bilete av Kristus paa Krossen upp i Stamnen, skvette Bigselvatn paa heile Skipet, og so las han Evangelium og bad med høg Røyst. Daa det var gjort, bad han Kongen ro til og sjaa — Sjoraaket skilde seg og stod tjuft som Murar paa baade Sidor. Kristi Kross og Bøni skar Beg, og i Kjølvatnet paa Kongsskipet gleid heile Floten innetter, Skip syre Skip, radt til dei kom aat Garden hans Raud. Daa kneip Kongen Raud, og daa han inkje vilde avsverja Heidningatrui si men twertum spottade Gud, so drap Olav honom paa ein stygg Maate. Han sette ein Lur inn i Munnen hans, stakk ein Drm i Luren og

tvingade Ormen med gloande Tarn til at ganga ned gjennom Hassen paa Raud. Raud liver endaa i Segni deruppe som ein stor Trollmann, og dei syna Sundet, der Olav skar seg igjenom, men no er det sjølv sagt St. Olav, som skal hava skoret seg Beg igjenom Fjellet der, daa han var etter Troll.

Saltdalen uppetter er ovlege fager. Lange Furemoar med Berlyng i Grunnen, skogvaksne Kollar, store, slate Slettor, der Gardarne ligg i store Klumper, og so grøne, bratte Bakkar som Festningsvollar, ofta med Olderskog. Det saag ut til at vera Velstandsfolk alt ihop, her liksom i alle Nordlandsbygdom. Her maatte dei funna liva av Jordi, men Ungdomen stryk stødt paa Fiske sel, og Baatebyggjarar finst det mest paa kvar Gard. Det var underlegt at sjaa dei nybygde Baatar standa langt upp i Landet, men dei floyta deim ned etter Elvi og fiskhyra deim sume Stykke paa Føret. Nordlandsbaaten er fagraste Baaten i Landet. Den frie, karslege Reisning, den kvelvde Barmen, den lette, liduge Skapnad. Gjenom heile Ranen ser ein og det same, Baatar mest paa kvar Gard.

Dei hadde mest skremt Livet av meg i Bode med at fortelja um, for umogelegt det var at finna

fram til Ranen um Fjellet, og so var det ei av dei lettaste Fjellsferder eg heve gjort. Det er 6 Miler hver, men paa Vegen heve Telegrafstjorni bygt two makalause Steinstovor, der du kunn finna alt, du tarv, um du vil vera der Notli. Der er Ved og Koffsikjetel og Koppar og Fat og Bytta og Øks og Skinnfeldar og Aaklæde. Kjendtmann tarv du inkje; det er berre at fylgja beint etter Telegrafstolparne, so kjem du fram. Fjellet er lik dei mange hundrad Høgfjell i vaart Land, Lyng- og Steinvidder med smaae Tjørn innimillom og blaae Fjell i Himmelshynet. Lidi upp fråa Saltdalen var skogutt, og naar du vurdt turr og heit i Munnen, so stod Blaabær og Molteber med Vegkanten og baud fram Lippona sine. Ja Moltor — stod det inkje reint raudt etter deim som Blomar burtetter Fjellet sume Stader; men so var dei inkje gjorne. Det var som Tantalus<sup>1)</sup> at kvila millom lokkande Frukter og inkje funna taka deim. Daa Skreppa var tung, og Vegen lang, tok eg Kjendtmann dei 4 fyrste Mi-

---

<sup>1)</sup> Um honom fortelst det i ei græst Segn, at han traassade Gudarne og difyre til Straff laut liggja millom dei yndelegaste Frukter, men naar han fyrst rette seg etter deim, bøygde dei seg attende.

lerna, og me sat daa og kosade oss i Fjellbudi, kveikte Barme paa Peisen, sette Koffikjetelen paa og sekk Nista vaar fram. So sagde Eirik Farvel og strauk heim, og eg var daa einsleg att paa ville Fjellet. Det er underlegt at vera einsleg so langt fraa Folk; ein kjenner seg so utrygg, so hjelpelaus. Eg skulde freista at sova, men det vilde inkje ganga; eg drøymde um Huldri og alt som til var, og so fraus eg, endaa eg hadde lagt paa meg alt eg hadde i Skreppa. Skinnfelden, som hekk paa Slindi, vaagade eg meg inkje i kast med; eg tenkte paa det gamle Ordet „her er mange her, sa' Guten, saag i Huva si“. So stod eg upp kl. 3, koste min Koffi, vaskaude og sopte etter meg og so —

„Farvel Huldr, som her budde,  
flyt no du 'ti Selet inn,  
Vinterstid er ilt at liggja  
ute baar' fyr Ve'r og Vind.

At eg med heile Føster kom ned til Ranen var ei Guds Lukka, for Urði eg laut krabba fram gjennom, var so forgrodd av Gras og Blomar, at eg, best som det var, reiste ned i eit Hol. Og so blaute Myrar ender og Gong, so eg laut krøkja langt upp i Urði til at sleppa fram. Eg kom daa sidstpaa ned

i Dunderlandsdalen, so trøytt og trota, at den mafalaust sagre Bjørkaskogen, som eg gjekk igjenom, ingi Magt hadde hver meg, eg berre stundade etter Mat og Seng. Eg undradest paa, at eg ikkje raa-kade ein Sæter, daa Fjellet tok til halla undan, og eg saag gilde Beite paa baade Sidor av Dalen, men nei — Sætrastel bruka dei ikkje heruppe endaa. Det var fleire Gudbrandsdøbler, som hadde faret der og undrat seg paa det same, sagde dei, men kor kunde dei tenkja paa det, naar dei laut draga  $\frac{1}{2}$  ja endaa 1 Mil fraa Garden. Eg fortalte daa, at paa vaare Kantar hadde dei fleste Sætrarne sine 3 Miler, ja mange til 5 Miler fraa Garden, men daa slo dei Henderna i Hop. Dunderlandsdalen er høideleg med sin tette Bjørkaskog og smilande Engjar innimillom. Naar ein kjem lengre ned i Stordalen, ser det ut som i ei vakkert austlendsk Skogbygd: Skogaasar med Gron paa baade Sidor, Elvi i Midten og grøne Gardar, naar Dalen vider seg ut og giv Rom. Ettersom ein nærmar seg Fjorden glid Asarne til Sida, Slettorna verd større, Gardarne fleire og med Fjordgapet ligg daa som ein heil By, der Pakhusi og Bygnadarne hans Lars Meier, Landhandlaren, herskar hver dei andre. Det

var straalande Solsskin, daa eg gjekk med Skreppa paa Rygg dei sidste Milerna nedetter Dalen. Dei skiftande Skoglider, den sjogrøne, blanke Elvi, Sundagsstilla og den Gleda og Lufka, som Solljoset kastede hver det heile, gjorde meg jo lett og glad; det var ein av dei lukelegaste Dagar paa Ferdi. Men so tok eg og til at trøytna duglelegt, og Tanfarne um ei god Seng hjaa Landhandlaren og all den andre Mathygge, slike eit Stelle kann bjoda ein forsvolten Ferkdamann, raadde med Skogpoesien. Daa eg so endeleg kom fram til Meier, var det berre sovidt eg vaagade meg inn i den fine Hagen upp mot det gilde Huset. Ei ung Gjenta gjekk og stelte i Hagen, det var Lærarinna syre Bornom. Ho fortalte meg, at det ingen var heima, dei var alle paa Fessjaa uppi Dalen og kom fyrst heim ut paa Notti. Daa eg spurde etter Hus, saag ho fyrst stort paa meg, føl som eg saag ut etter Fjellferdi; so sagde ho, som saut var, at Huset var jo fullt av Gjester, at ho visste inkje av Rom at segja, men ho laut snakka ved Tenestgjenta fyrst. Enden paa Aukederingi var daa, at dei hadde eit litet øot burti ein annan Bhgnad, men det var jo simpelt, at det var vandt um eg vilde taka til Takk. Tau det var

meg det same, naar der berre var Seng. Men kvat var daa Namnet mitt? „Kristofer Janson.“ Nei daa glaamde ho stort. „Kristofer Janson — han som heve skrivet 'Liv' og 'Marit Skjølte'?“ Tau det var nog so. — Men daa skulde du sei Moro. — Hagagrindi, Dyrerna upp, Ruggstolen fram, bayersk Öl, Egg, Kjøt, alt det beste, Huset aatte, sett fram, fineste Romet i Huset stelt til aat meg, Kvinnfolk, som laag der, utjagat og ned i Kotet, som eg skulde havt, og ein Plakat uppsleget paa Porten i desse Ordelag: „Diktaren Kristofer Janson sov i Romet der og der; Kvinnfolk maa hava seg ned i Kotet.“ Denne Tillysning tok daa mot „Fesjaafolket“, daa dei kom heim um Notti.

Men daa Kristofer Janson laag i den mjuke, gode Sengi, som han hadde vunnet utan Sverdflag, i det smakfulle Romet med Bilete etter Tidemann paa Beggjom, tenkte den gamle Adam i honom soleides: „Civilisationen“ er daa ovlege god, serleg naar ho tred fram syre ein svolten Vandringsmann i Skapnad av friskt Braud istaden syre steinharde „Kamfakor“, som Peder Dass syng so uppglødd um i sin „Trompet“; elskeleg er han, naar Dyrerna spring upp syre Namnet Kristofer Janson, og ein daa

er kjær Vinagjest, som ingen Rekning skal betala, men berre verd beden um at vera lenger. — — — Men Skjemt til Sida! Ataatt det, at det maa vera meg kjært, soleides at finna ein Heim og Kjennigar og Viner millom villframande, fyredi dei hava meg kjær gjenom mine Bøker, so er det og saart at tenkja, at dei, som dette er Tilsfelle med, endaa i vaart Land mest er Embættesmennene og Folk av Bydannelsen, stutt sagt dei, som eg, med at skriva paa Landsmaal, paa ein Maate heve skilt meg fraa, i det minste skrämt burt. Det er saart, naar ein arbeider fyre Bonden og vigjer seg heilt til honom, daa at sjaa, at ein infje heve rokket til Durstokken hans endaa, at ein infje er meir kjend, en um ein var dotten fraa Maanen. Det er naturlegt, at det er so, men det er tungt. Her i Ranen, og visst i alle dei indre Nordlandsbygder, er Landsens Diktarar reint ukjende endaa av Namn. Bjørnson, Ibsen, Vinje, Lie kann fyre deim lika godt vera Namn paa Skreddarar og Skomakarar. Men kor kann ein venta annat, der alle gamle Minne fraa Song og Saga er burtdøydde, der Folket endaa infje er komet solangt, at dei halda det minste Bladet. Her var store, rike Gardar i Ranen, der dei

infje heldt somykret som „Almuvennen“. Livet gjeng i sitt daglege Trakk, og dei veit infje um nokot av det, som hender utum Býgdi, med minder dei faa høyra det av Kramkaren elder Býgdarsnakk. Eg kom paa Tale um „Tusindaarsfesten“ som nettupp hadde voret, med ein Gardmann, som skyssade meg ei Mil der øvst i Ranen. „Ja det skulde daa vo ret etter ein gamall Heidning, som heitte Haakon elder Harald, hadde Folk sagt.“ Eg spurde, um han daa infje visste meir um honom, um han aldri hadde høyrt gjetet Namnet Harald Haarfager. Nei det hadde han daa aldri. So fortalte eg Haralds Saga der paa Kjerra me sat. Daa skulde du set honom. Augo vardt so store og blanke; heile Tidi, med' eg fortalte, hadde eg hans: „nei seg det! — umogelegt! — netupp! — rett so ja!“ — til Fyl gesvein. Daa eg sluttade, sagde han: „nei, den Bok, som det stend i, maa eg kaupa meg, for dyr ho so skal vera.“ Na her er store Ting at gjera, dei lengta, utan sjølv at vita det, etter meir andleg Nærings en Pontoppidan kann giva, som verd plug gad inn i deim i Skulen; dei er takksame fyre det minste, naar dei berre faa det i ei Form, simpel og greid, og som dei kann kjennast ved og hyggja seg aat.

Det er ingen Ting, som soleides styrkjer meg i mi Tru paa, for naudsynlig Maalsaki er synre vaart Land, som at lyde paa ein Skuleeksamen, og det sekk eg daa, daa me var fremkomne til Storforshei. Der stod desse smaae Stakkarar, som leikade seg nogso friskt ute paa Tunet, nett som Synadarar synre Skulebordet, glodde fram synre seg med nokre daude Fiskeango, og remsade med ihoplagde Hender paa det stivaste Bokmaal etter Pontoppidan og Raskisma. Ein gammal Støyt av en Prestemann var daa Skarprettar her, Skulemeistren leidde Ofserdyri fram. Eg thikjer altid slike Synnd i Skulemeistrarne. Um det enn er nokot til Kar, som heve Hug at gjera Skulen frisk, hyggeleg og kjær synre Borni, so er han magtstolen paa so mange Maatar av Log, Prest, Skulekommision og Lærebøker, at han med sin beste Vilje inkje kann leda seg som han vil. Denne Kroppen her sat no og og vred seg paa Krakken. Bonden, som skyssade meg, hadde alt fortalt, kvat Kar eg var; dei kom og baud meg Mjølk, og han slo duglekt av i Skyssen synre Harald Haarfager si Skuld.

Synst i Ranen heve Saabækbladet vekt litet Liv, um det inkje alt er av det gode. Saabæk var

den Mannen i Noreg, som var best kjend heruppe, og som Bønderne gleddest ved. „Den Jaabæk er ein gild Kar, han hjelper Smaamannen han“ var det vanlege Ordet um honom. Dei taka no også hans Namn „forsængeligt“, for ettersom eg kunde skyna, tru dei um honom, at han skal hjelpa til at velta all Skatt, all Byrda, alt Offer paa Storkarne, so Bonden kann sleppa fri. Det var infje stor Federalandshug elder stort Livssyn, som synte seg i Samtalom deira, det var Sjølvfjærleiken og Hatet mot Embættesveldet, som stakk Hovudet fram. Det er rimelegt, at dette maa vera den fyrste Livsytring, og at denne maa te seg hardt og hatefullt her i desse Bygder, der Bonden meir en andre Stelle i Landet heve voret eit umhndig Barn under Embættesmannen. Eg talade med ein Embættesmann paa Hemnes um detta, og han flagade gudsjammerlegt. „Det at vera Embættesmann her, er det same som at vera ein Kjeltring,“ sagde han; „eg kann gjera, kvat eg vil, segja kvat eg vil, altid verd det møtt med Mistru, der skal gjøyma seg Tanken um Vinning under; det er infje greidt at arbeida under slike Forhold.“ Og det er sant, det maa vera hardt, og det maa ganga ut hver mange

skuldlause og velmeinande; men det peikar og paa  
Forfedra Synder, som den Etti, som liver no,  
maa suffa under og avsona. Naar Esings-Tidi er  
ute, Synet til Bonden klaarnat, Tanken lyft upp  
hver det smaalege, daa vil dette Misforhold kverva  
burt av seg sjølv. Men det gjeld og um, at Em-  
bættesmannen forstend Tidarteikni, infje set hardt  
mot hardt og endaa drøhmer um, at Bonden maa  
verda dregen inn i hans Dannels, skal han verda  
ein brukande Kar, den Dannels, som heve voret so  
unorsk, so ufolkeleg og disyre og boret slike beiske  
Frukter.

Morgenen etter laut og segja Belfar til desse  
gjestmilde Folk, som berre bad meg vera lenger, og  
tafa med Dampskipet til Hemnes. Lukka var med meg  
daa som altid. Eg skulde hava Skjot 2 Miler inn  
til Korgendalen, men det var infje at faa fyre Gull  
no midt i Skurd-Dnni. Daa laag Doktaren fer-  
dug med Baaten sin og skulde dit inn, og eg fekk  
vera med. Korgendalen er rik og fager, Skogland  
med Gardar uppetter Aasarne. Daa eg stod paa  
Høgdi og saag uthver, var han infje ulik Gausdal,  
tykte eg, berre fagrare. Det var ein vakker Dag  
eg gjekk burtetter Skogaasarne her, Soli skjein paa

Bjørkebladi, so dei glitraðe som Sylv, og paa vinstre Hond, langt burte, dufkade Økstindarne upp or Snjohavet som blaae Piggar. Paa Langmo raakade eg paa ein Døl; han var Dovring, Skulemeistr, hadde gift seg inn paa Garden og fenget Fa'r og Mo'r og heile Huslyden upp aat Nordland. Han sagnade meg vel, daa han kjende Namnet mitt, og me sat og pratade ei god Stund. Han fortalte meg, at det paa ein Gard langt uppe i Skogen paa andre Sida Elvi var ei Gjenta, som hadde voret paa Folkehøgskulen i Stjørdalen, og straکt strauک eg daa dit. Det er underlegt at ganga einsleg og tulla i ville Skogen, der det snaudt finst Veg og er langt millom Gardom; men Bønderne veit altid at giva slik fast og god Greida, at den, som er litet fjellvan, inkje heve godt fyre at tulla seg reint burt. Eg fann no og fram til Bleikvasslid, og her sekk eg daa sjaa ein god, nordlendsk Fjellgard og sekk kvila meg ut hjaa hyggelege Folk. Um Sumaren held Nordlendingen mest til i Eldhuset, og det er daa tillagat nett som ei gomol, norsk Stova fraa Sagatidi. Det er ei Rotstova med Øjore og Takbjelkarne svarte av Røhk, Naren midt paa Golvet, Matgrýta hangande i Skjeringen hver Elden, Langbord og

Benkjer i eine Enden. Det var morosamt at sitja her med den sprakande Elden og fortelja um Olav Trygvesson og Nordlendingarne, Mannen kjende det nog fyrr fraa ein gomol Bok av Ramus, som han aatte, men no vartt det so livande, som han høyrde deim snakka, sagde han. Elles er det trongt um Folkehjelp heruppe um Sumaren, Slaattekarar er inkje at faa fyre Gull, og Tenestgjentor er det mest likso vandt um. Herupp skulde dei draga mange av deim, som er plaagade av Amerikasotti. Denne Garden, og dei fleste Gardar her, er Leiglendingsgardar. Det er Koldevin, Brodkorb, angelske Stiftelse i Trondheim, som eig mest halve Nordland; men ho er inkje stor Avgifti, som Forddrotten krev, og dei var velhaldne dei fleste av desse Bygselmenner. Likvel var det at hnsfja, at dei kunde løysa desse Gardarne ut, for det er underlegt, for den Tanken kvesser baade Hugen og Dugen hjaa ein Mann at han er fri, og at hans Arbeid paa Garden skal koma Sonen og Etti nedetter til Godes.

Det var ein hyggeleg Dag eg hadde paa Blekvasslid. Friske Blomar møtte meg i Glaset, daa eg slo Augo upp, og Molteber hadde „Karen“ funnet i Skogen aat meg. So song eg med henne,

manade fram atter gamle Folkehøgskuleminne og hjelpte til med Høyingi. Dagen etter fylgte Mannen meg gjenom Skogen eit Stykke og fortalte um Starkad; det var ei underleg livfull og poetisk Sjæl her uppe i ville Fjellmarki. Det var Ramus, som hadde gjevei honom Kjærleike til dei gamle Minne og Hug til, at Borni hans skulde læra meir. For ein Skatt slike eit gamalt Ervestykke kann vera paa ein Gard, der dei ligg utestengde fraa den andlege Røra elles i Landet, og maa liva sitt einslege Liv.

Eg var inkje langt fraa det store Røsvatnet no og hadde Hug at gjera Kroken um det, men det var inkje slike lagat. Fyrst gjekk eg og tullaide i Skogen og paa Myrom mest i 2 Timar etter Slaattefolket, daa eg laut hava meg kjend Mann; so laut eg attende til Garden eg var komen til, og freista koma hver Elvi paa ei onnor Leid; men ast eg hude og skreik, var det ingen, som vyrde meg. So sekk eg Kjeringi til at losa meg aat Slaattefolket, men daa var det lidet so langt paa Dag, at eg maatte taka beinast um Fjellet til Bessen. Skoddutt vardt det paa Fjellet og Ausevatn, so eg dyvaat naadde fram til fyrste Gardarne i Almliddalen. Her høyrde eg daa strakst det snodige Bessenmaalet,

som gjerer a til æ (jæ istadenfyre ja) og e til i (sir, Fjill-istadenfyre ser, Fjell). Kornet stod alt paa Staur, og Augustmaanad var netupp býrjad; vinlegt og vakkert var her. Dagen etter var eg daa i Store Bessen, saag atter Fjorden og ventade paa Damphesten, som no skulde bera meg ut mellom Sund og Skjer og Øyar. I Bessenbotnen ligg daa mest ein liten Bj, Mossjøen, eit uteklelegt Fantahol, som alle slike „Øyrar“ er. Um Notti slost dei utanfyre Huset, der eg laag, og braut Foten av ein Mann. Her er no og samlat alt Slag Nass, som før seg Arbeid paa dei store Sagbruk, som Engelsmennene hava býgt her, etter at dei hava kaupt Skogarne. Det ser ut til, at dei skynd seg paa den Kunst at reinska Skogen desse Engelsmennene; i Aar hadde dei hogget 22,000 Tylvter, Aaret fyrr 16,000; driv dei paa so hardt, verd nog Bessenkallen snart fleinstallad, endaa han no saag ut til at hava diger Lugg til at taka av. Harmeligt er det, at alle desse Pengarne skal ganga til Utlandet, og so attpaa Bygdi verda øydelagd. Det er infje nog med, at uvituge Folk av vaare eigne ruska og riva i vaare arme Skogar, no skal Utledingar og faa Tak i deim. Her er svært til Han-

delsliv no her i Bessen, Skip ganga og koma stødt Sumar og Vetr; det er Timbr og Bord, som ganga til England. Gjestmilde Folk var her som all Stad i Nordland. Dampen kom daa, tok meg vidare, og Dagen etter var eg i Brønøy.

### Torge og Torghatten.

Torghatten og dei gamle Minni fraa denne vesle merkelege Øy vittade paa meg, daa eg stod paa Troppi paa Prestgarden i Brønøysund, og daa det var Solskinsvedr den Dagen, fekk eg meg strakst Tak i ein Baat og foor dit ut. So her var det, du budde Torolv Kveldulvson! Ein vinleg Gard i Lidd av Torghattfjelli, inkje ast jo stor, flate, grøne Mar-ker som halla jant mot Sjoen, elles skoglaust. Det maatte nog vera Fisket og dei makalause Egg- og Dunvær, som bar Rikdomar til Torge den Gong som no. Garden hans Torolv laag litet burtan-  
føre der som Garden no ligg, dei syna endaa Tuf-terna av det digre Skipsnaustet hans. Det var snilde og hyggelege Folk, som no budde paa Torge; det var so reint og fint og velstest i alle Maatar, at det var Hugnad til at sjaa; Komoden og Skjenken og den andre nette Husbunad hadde

Gamlen paa Garden gjort med eigne Hender. Likso fint var det i Plassarne paa andre Sida Torghatten. Dei kjende nog Saga um Torolv Kveldulvson men mest etter ei Bok, som Stortingsmann John Nordhuus lagde upp 1848, og som er ei Skildring av „Brøns Hovedsogn“ i stort og smaatt. Meir li-vande paa Folkemunn var Segni um Aksel Gün-tersberg og Kona hans, som aatte Torge paa Fred-rik den andre si Tid, daa den nordiske Sjauaars-krig var ifring 1560. Han var ein tykk Adelsmann som hadde sengt Fotfeste heruppe og styrde Hel-geland som Gut. Han var hard og streng mot Bøn-derne, tok fraa deim baade Forder og annat, og naar dei spurde harme, um han visste, kor mykje som høyrde til Torge, svarade han bryg: somykje som eg kann øygna fraa Garden. Kona hans var Kirstine Benkestoff men som av Segni er døypt til Groe. Ho var, segjer Segni, so rik og bryg at det var utan Maate. Ein Gong stod ho paa Bryggja og saag sine 7 Skip koma heim fullsladde, og daa tok ho ein diger Gullring av Tingren, heiv honom i Havet med dei Ord: „likso umogelegt, som det er, at denne Ringen kjem atta, likso umogelegt er det, at me kann verda fatige.“ Men Ringen fann ein

Fisfar i Magen paa ein Fisk, og Frua fekk honom atter, og no valt Ullukka inn paa deim; Skipi forliste, Garden brann, eine Dotteri vardt gift med Sjørvaren Magnus Heinesson, men fyrr han foor fraa Torge lofflade han Syster hennar med seg til Sjøs og hadde dessutan forført den tridje Systeri. Daa hennar Skam vardt openberr, vardt ho innmurad paa Bergenhus Festning. Elles fortel Segni, at daa Groe Güntersberg med 7 Døtter skulde kjøhra til Bedehuset paa Lunderhaug, kjøhrde ho ned i Tilrumsvatnet, og der bleiv dei alle. I Kyrkja i Brønsh hekk der til 1772 ei Tavla, der ein saag baade Aksel og Kirstine med 4 Søner og 6 Døtter. Marknadsplassen paa Tilrum er elles namnspurd av alle dei Dragsmaal, som hava voret milslom Overhaldingar og Helgelendingar, der Helgelendingarne stødt fekk Bank; men etter Ulfredsaari i 1807 og 8 tok Helgelendingen Mod paa seg, og no lyt Overhaldingen giva seg.

Her er mange Segner her i Brønsh. Paa Garden Skille budde soleides i Byrjingi i fyrrre Aarhundradet ein rik og girug Gast, som grov Skattarne sine ned i Skogen. Men der fann ein Husmann deim og tok heile Greida. Daa Kniparen

saag, at Pengarne var burte, drap han seg sjølv. Husmannen, som fann Skatten, heitte Herman og var slike Krypling, at daa han skulde gifta seg, drog Medhjelpararne honom paa ein Kjelke upp aat Altaret. Han gjekk etter den Dag under Namnet Herman paa Kjelken.

Paa Kvaløya gjeng endaa Segni um Handelsmannen Peter Ebbe, som budde der 100 Aar sidan. Han hadde slike rivande Kjering, Kari Kolsteinsdotter heitte ho, at ho strauk til Bergen med Tegti, medan Mannen sat heima og saug paa Labben. Daa ho døydde, gjekk det attende fyre Peter, og verre vart det, daa han gifte seg med eit Laustroll fraa Bergen, som heitte Gunhild. Um Kjærleikssevenyri hennar gjeng endaa Bygdarsnakket.

Paa ytre Torge budde i Fyrstningi av 18de Aarhundradet den fyrste Mannen som strauk til Lofoten med Tossegarn. Namnet hans var Peter Ulrik. Han fekk ein ulukkeleg Lagnad. Han hadde med Guten sin voret inne i Naumdalen etter Trevyrke, og der hadde han fengt Tak i two Masskor, som var sjeldsynte den Tid. Paa Heimvegen var han innum Buskholmen, der det budde ein gammal Husmann, og der skremde han med Masskom solei-

des Vitet av deim, at Æjeringi uvitade og Mannen mest gjekk fraa seg; dei trudde, det var Djevelen sjølv med ein Fylgesvein. Daa no Mannen raadde med seg litet, tok han ein Baat og strauk som fortaste burt aat Presten paa Nærøy og fortalte det, som hendt var. Presten skynade strakst, forleides det hekk i Hop, og sette etter Djevlarne, men naadde deim inkje. Presten gav seg inkje med dette og sekk Saki fyre Retten. Peter Ulrik vardt innstemmt og no vardt det Alvor i Leiken. Det stod slik Støkk av Øvrigheiti den Tid, og Peter Ulrik var so rædd fyre at koma i Skade fyre det han hadde gjort, at daa dei tvingade honom til at gjera Eid, sovor han paa at han ingen Ting visste um det heile. Men fraa den Stund hadde han inkje ein roleg Dag. Han sjuknade burt baade paa Sjæl og Likam.

Torghattholet er merkelegt; ei diger Steinurd, forgrodd med Einestabbe og Gras, ber dit upp, og svarte, bratte framstupande Bergveggjer er Durstolparne til Halli. So tred du inn. Ævelvingen er so høg, at dei godt kunde sigla gjennom med ein Tremastring, store Steinar slengde kring kvarandre i ville Kast er Golv, og so ser du tvert igjenom Berget Himmelen og Havet med Øyar, Holmar,

Skjer og kvite Segl. So syng og kling det, berre  
det rapar ein Stein, Maaleit ditt verd mangdub-  
belt. Ævar Jonsofnotti samlast Ungdomen fraa heile  
Grendi med Fjelror og Dragspel her i Holet, daa  
er her Song og Laatt og Klang i Østunstova, daa  
skin det av dei raudne Baaleit gjenom Torghattholet.  
Eg sette meg i Urði framføre det uhorvelege Ævel-  
vet med Bertuvor, Bring og Bregner kring meg  
og saag paa Leka-Møhi,<sup>1)</sup> som lyfte seg blaa der-  
ute i Himmelshynet. Hestmannen<sup>2)</sup> paa Hestmannøh  
skaut ei Pil etter henne, men eit Halmstraal laag i  
Vegen, og Pili flaug gjenom Torghatten og skar ut  
Holet. Leka-Møhi saag Pili koma fljugande og  
bøygde Hovudet undan, so det endaa sit skakt, og Pili  
datt ned tett attmed henne og er endaa synande i  
Holmen der.

Eg steig upp aa Torghatten, han er infje alt  
so høg men bratt. For eit Utsyn! Paa eine Sida  
det endelause Havet glitrande i Soli, paa andre  
heile Helgeland, med sine runde, vridne,nakne Knau-  
sar. Nordigjenom: Havet straatt med Øyar, Alsten,  
Tjotta, Godøy, Vegøy, i Sud Innsiget mot Naum-

---

<sup>1)</sup> Eit Fjell paa Lekøy. <sup>2)</sup> Eit Fjell.

dalen. Eg krabbade meg ned etter gjenom Djuv og Gil og Staup og Hamrar; i Skorom voks det Smaabuskar, Bregner og Mose so tjukk og sin som den finaste Fløyelsduske; ein Rev smatt framum meg og under ein Stein.

Eg hadde voret inne paa Plassen, som ligg nedføre Torghatten; det var hyggelege Folk at snakka ved. Gamlen paa Plassen var sjuk i Mjødmene, so han litet funde ganga, men daa han høyrde, at eg den Kvelden vilde fortelja um Torolv Kveldulvson og det, som hadde hendt paa Torge i gamle Dagar, sagde han: „ja daa lyt eg nog saa Staven og sjaa til at krabba meg fram.“ Det vart for seint for Gamlen sel Stakkar, for fyrst kl. halv 10 paa Kvelden samladest Folket, daa dei laut driva hardt paa Onni den Dagen, det var slike makalaus Høyerre. Og daa fortalte eg paa Lag soleides:

### Saga um Torolv Kveldulvson.

De hava vel allesamen hørt gjetet han Harald Haarfager, den Kongen, som øydelagde alle Smaakongarne i Landet og samlade Riket til eit. Det var inkje lett Arbeid, han der tok paa seg, for Nordmennene den Tid var sjølvraadne, og Fri-

domshugen var soleides inngrodd i deim, at dei li-  
tet tolde hava nokon hver seg. Daa Harald difyre  
var nøydd til ofta at taka paa deim med harde  
hender, so strauk mange burt ifraa Landet med alt  
dei aatte og busette seg paa Island, Færøerne og  
dei skotske Øyarne, som soleides fekk Folk; dei som  
atter var, flagade jamt hver, at Harald gjorde deim  
til Trælar og tok Fridomen fraa deim. Men endaa  
det at Nordmennene soleides i mange Stykke laut  
mislika han Harald, so stod det slik Støkk og slik  
Glans av Namnet hans likvel, at til honom flokka-  
dest alt av Ungdom, som traadde etter Storverk og  
lengtade etter Eventyr. Det hadde no og gjenget  
mest som ein Leik fraa Slagmark til Slagmark;  
der den unge Kongen med det luvutte Haaret<sup>1)</sup> og  
Ulvhednerne<sup>2)</sup> etter seg skreid fram, stoikk alle undan;  
ingen var god at standa seg mot honom, og solei-  
des gjekk det i ein Sigersgong fraa Upplandssko-  
garne gjenom Trondheimsbygderna og heile Vest-  
landet radt til Hafsfjordslaget Aar 872.

---

<sup>1)</sup> Han hadde lovat infje at sjera elder kjemba Haaret  
sitt, fyrr han hadde vunnet Noreg; difyre fallade dei ho-  
nom Lurve-Harald.

<sup>2)</sup> Namnet paa dei grumaste Kjemporna hans, av di  
dei klædde seg i Vargstakkar.

Daa no heile Noreg laag i hans Hond, galdt det syre honom um at grunnfesta si Magt, og det trudde han best let seg gjera paa den Maaten, at han batt seg i Hop med dei megtugaste Etter i Landet og tvingade alle urolege Hovud inn under sin Tarnvålje. Difyre gifte han seg med somange Jarladøtter baade i Nord og Sud, difyre vaka han med vart Auga yver alle, som han thekte lyfte Hovudet vel høgt. Dette gjorde honom og mistruuen og viljug til at lyda paa Baksnakk, so han ofta vartd urenferdig og laut gjera det, som han kvidde seg syre, og som skar honom i Hjartat; men det galdt um med sterk Hond at vaka yver Livet til det nyfødde Barnet, Noreg som eit Rike, og syre dette Verket maatte alt offraast. Detta maa ein koma i Hug, naar ein høyrer um, forleides det gjekk millom Kongen og Torolv Åveldulvson, annars kann ein lett koma til at gjera Kongen Uskjel.

Fader til denne Torolv heitte Ulv. Han hadde voret ein stor Viking i sine unge Dagar, no sat han heima paa Gardom sine inn i Fjordom. Dei kalslade honom Åveldulv, av di han var so sømning um Åvelden, og daa var han so sær og vill, at det var litet Raad at snakka til honom. Denne Ulv

var ein Åar av den gamle Skulen. Maar han funde verja seg og sitt og, kom det høgt, si Bygd, jo tenkte han infje lenger; det var Bygdarpolitiken, som raadde den Tid; Tanken um Federalandet som Samling av alle Bygder med Krav paa Offer og Åjærleike, var reint ny, det var den, Harald Haarfager skulde bera fram. Daa Kongen hans soleides sende Bod aat honom, at han maatte koma og hjelpa honom med Folket sitt mot Lurve-Harald, dei skulde fara nord til Sunnmore og slaa Lag med Kongen der, jo svarade Ulv, at det var han slett infje noydd til; vilde Kongen hans vera heima og slaast i sitt vesle Land, skulde han mota fram men hver Landsgrensa drog han infje.

Daa Kong Harald hadde vunnet Landet, sende han Bod paa Ulv og bad honom koma og verda hans Mann, men Ulv svarade, at han var for gammal og styrd no, men Sonerne funde faa Lov at fara, um dei vilde. Grim elder Skallagrim, som dei fallade honom, av di han vardt fleinsfallad jo tidlegt, som var ein eigt Ærsson baade til Kropp og Sjæl, og som mest hadde voret heima og stelt med Garden, drivet Sildfiske og Smidning, svarade nei; det var det same, um dei baud honom verda

Lendermann,<sup>1)</sup> han vilde inkje vera meir en Fær sin; men Torolv, som fraa han var 20 Aar stødt hadde faret ute paa Viking, høyrde inkje so snart Tilbodet, fyrr han strauk stad med Vinom sine, Eyvind Lambe og Olve Hnufa, eit Par Brødr, som hadde faret med honom paa Viking. Kveldulv talde honom fraa at fara, han trudde inkje det kom nokot godt av det, sagde han, men Torolv var inkje til at halda. Der hjaa Harald raakade dei daa i Hop med ein ung, gild Nordlending, Baard Brynjulvson fraa Torge, og desse fjore fylgdest stødt aat som dei beste Viner. Serleg var det no Baard og Torolv, som gav seg i Fostbroderskap, og Torolv fylgde Baard, daa han var nordpaa og gifte seg med Sigrid av Sandnes (Sannæssund) og var hjaa honom paa Torge eit langt Bil.

Fader til Baard, Brynjulv, var den megtugaste Mann der Nord; han var Lendermann og hadde Retten til at handla med Finnom og krevja Kongsskatien av deim. Daa Brynjulv døydde, sekk Baard Garden og all Rett og alle Embætte, som Faderen hadde hatt.

---

<sup>1)</sup> Ein som heve fengset Land i Len av Kongen.

I Slaget paa Hafrsfjorden var dei 4 Binerne med; dei var fremst i Stamnen paa Harald sitt eget Skip og tok mot verste Støften. Dei slost og som Karar, so det gjeff Ord um deim, at dei hadde voret dei formeste; men daa Slaget var til Endes laag Baard og Torolv blødande paa Dekket med mange Saar. Dei laag lenge av Saari sine, Torolv tok til at besna Dag syre Dag, men det vartt verre med Baard, og daa han merkade, at detta vartt Dauden, bad han Kongen um Lov til at gjera som han vilde med Arven sin. Kongen gav sitt Samtykke til det, og daa sagde Baard, at han gav alt av laust og fast, som han aatte, til Torolv paa det Vilkor, at han skulde gifta seg med Enkja og fostra hans Son; „for honom trur eg best av alle,” sagde han.

Det vartt no skotet til Bitnes paa detta, Baard døydde, og Torolv strauk daa nordpaa til den nye Garden sin paa Torge. Fyrr dei skildest, gav Kongen honom Finneretten, dessutan eit godt, fullt tilreidt Langskip, og synte honom Heidr og Kjærleike paa mange Maatar. Enkja tok ogso vel imot honom, endaa ho syrgde paa Mannen sin, lovade at giva honom si Hond soframit Fader hennar inkje hadde

nokot mot det, og Brudlaupet stod same Haust. Um Betren døydde Fader til Sigrid, og daa ho var einaste Dotter, ervde Torolv Sandnes og alt hans Gods.

Torolv var soleides vorden den rikaste og megtugaste Mann her Nord og han var og verd at vera det. Fager var han og ljos som ein Dag, givmild, vinsæl og hovdingsleg i alle Maatar, so Folk laut halda utav honom baade høge og laage, rike og fatige. Likso framdjerv som han var i Striden, likso dugeleg og um seg var han i Freden. Han hadde Folk ute paa Skreid= og Sildfiske, paa Eggver og Dunver. Han foor sjølv ikring og handlade med Finnem, og 90 Mann hadde han kring seg, naar han foor. Han visste ogso med det gode at lokka Finnarme aat seg og gjera seg til Bins med deim, so han fekk Skatten mykst lettare en dei, som shrr hadde voret Skattekrevjarar. Torolv foor gjenom heile Finnmarki til lengst Aust. Russarne var den Tid føle til at herja og rana der, men Torolv gav deim so dugeleg Tulsing og tok Godset fraa deim, so dei etter den Dag heldt seg i Skinnet. Paa denne Maaten aufade Torolv sitt Gods, men han trengde det og, for han livde nett som

ein Røuge. Aldri hadde han minder en 100 frie Mann paa Garden umfram alle Trælarne, og Folket sitt heldt hann med Baapn og Klæde so det skjein av deim. So gav han og rike Gaavor baade til deim og alle Vinom sine.

So var det ein Sumar, at Kongen etlade seg der Nord paa Gjesting, og alle Storkafssarne gjorde daa Lag fyre honom, kvar han kom. Torolv stelte og til eit dugande Lag paa Torge og hadde bedet i Hop ikring 500 Gjester; Kongen hadde med seg 300 Mann, so det i alt var 800 Mann Torolv hadde at halda med Gjestebodskost i 3 Dagar. Daa det inkje fanst Stova paa Garden, som var stor nog til at taka denne Flokken, stelte Torolv til Kornløda si og phytade henne med Skjoldar kring alle Beggjer, so ho vartt som ein stor Hovdingahall, og her stod daa Laget. Daa Kongen var komen i Høgsætet og saag nedigjenom paa denne Mannamengd, vartt han raud og mælte inkje eit einaste Ord, so det var lett skynande, at han var vreid. Laget var framisraa gildt, og Trakteringi so god som ein kunde hyskja seg; men Kongen sat der sur og ublid alle 3 Dagane, med' Laget varde. Daa Kongen skulde fara, fylgde Torolv honom ned aat Sjoen og gav

honom eit nytt Drakeskip tilbuit paa det fagraste, og sagde honom, at han hadde bedet i Hop so mange Gjester berre til at heidra Kongen dess meir, og slett inkje til at brasska. Daa blidkadest Kongen, og daa so fleire Menner kom til, lovade Laget og Torolv med og sagde, at slike Folk var den beste Stydnad syre Kongen, so skildest han fraa Torolv med største Vinskap. Men Mistrui var no ein Gong vekt, og ho var inkje so lett at faa ut. Det synte seg ogso snart.

Paa Leksh budde det eit Par Brøder, Haarek og Rørek; dei var Farbrøder til den syrre Eigaren av Torge, Baard Brynjulfson. Det hadde seg soleides, at Farfader til Baard, gamle Bjargulv, som var Føderaadsmann paa Torge, vartt hugstolen paa sine gamle Dagar av den fagre Hilderid, ei Bondegjenta fraa Leksh. „Gamle Kubbar brenna lenge“, veit de, og Gamlen var so braad, at han strakst strauk til Leksh, tvingade Fader hennar, som var ein rik men simpel Bonde, til at halda Lausabrudlaup<sup>1)</sup>), og foor attende til Torge med si unge Brud.

---

<sup>1)</sup>) Brudlaup utan at Festarmaal var gjenget i Threven. Borni etter slikt Egteskap var inkje arvborne.

Med henne fekk han daa desse Sønerne, Haarek og Røref, men daa Faderen vel var daaen, vartt baade Moderi og Gutarne heimatter sende aat Leksh, og fekk inkje Smaken av Fadersarven ein Gong, daa gamle Bjargulv alt fyrr han feste Hilderid, hadde gjevet alle Eigedomarne sine fraa seg til rette Son sin, Brønjulv. Daa Baard tok Arv etter Brønjulv, Fader sin, kom desse Hilderidsønerne fram med Krav paa ein Part av Arven; men Baard negtade. Daa so Torolv igjen erwde Baard, og soleides ei ny Rett var komi paa Torge, kom dei atter fram og gnikade paa same Strengen; men Torolv heldt seg til det, Baard hadde sagt, at dei var at rekna som Frillesøner og ingen Rett hadde. Dei heldt paa at gnaala, og sidstpaa fekk dei Torolv harm, so han svarade heint ut, at dei var Lausingborn og trælaafodde. Med dette Ordet laut dei fara heim men dei gløymde det inkje. Daa Kong Harald var paa Heimvegen fraa Haalogalandsferdi, bad Brøderne honom aat seg paa Leksh. Her var inkje mange Gjester, Trakteringi var god, og Kongen var lystig hver all Maate. Under heile Laget gjekk Brøderne og sleisskade seg inn hjaa honom, og daa dei var vordne følt fine Viner med Kongen, sagde

Haaref, at han hnskte Kongen til Lukka med at han so vel var sloppen undan den store Faare, som hadde trugat honom, og at han hadde gjort flokt i at lata Mennene sine bera Vaapn Nott og Dag paa Torge. Kongen bad honom snakka reint ut kva han meinte, og so freistade no Haaref ut or seg, at Alsmugen der Nord var leid og kjeid av Kongen sitt Hardsthre og ventade berre paa ein Hovding, so han kunde reisa seg; ingen var betre lagad til detta en Torolv, for han var rik og bar seg i alle Maatar som ein Konge, og no var det avsnakkat, at dei skulde brenna Kongen inne i Laget paa Torge, naar dei fyrst hadde drukket honom og Mennene drukne, difyre hadde han bedet i Hop so mange og difyre hadde han haldet Laget paa Laaven, daa han inkje vilde kosta Stovebygnaden. At det inkje gjekk etter Avtalen, kom seg berre av di, at Kongen hadde voreit so sløg og var, og Bønderne var rædde vordne, daa dei saag, at Kongen hadde so mange og gode Skip. No skulde Kongen taka Torolv til seg i Hyrdi som fyrr, so kunde han hava Auga med honom; det var faarlegt at hava honom gangande her einsleg so langt Nord.

Kongen vardt ovharm, daa han høyrde detta

og spurde strakst um Torolv var heima no. Haa-rek svarade, at han var stroken til Garden sin paa Sandnes, so det kunde inkje nyttta at leita honom upp. So foor daa Kongen vidare inn i Naumdal-en, Hilderidssønerne gav honom rike Gaavor ved Skilnaden, og han tilzagde deim sin Vinskap. Med' Kongen var i Naumdal, gjorde dei seg fleire Gon-gjer Wrender aat honom og visste kvar Gong paa ein sløg Maate at eggja honom mot Torolv.

Medan detta gjekk syre seg, hadde Torolv gjort Finnesskatten ferdug, og var meint at fli Kongen honom, naar han kom attende. Da han høyrde, Kongen var i Naumdal, sende han fyrste Huskaren sin, den djerne Torgils Gjallande, som hadde gjort seg namnspurd i Hafrsfjordslaget, med Skatten aat honom. Torgils fann Kongen, helsade honom og sagde si Wrend; men Kongen saag vreid ut og vilde inkje svara. Torgils gjekk daa til Olve Hnusa, Ungdomsvinen aat Torolv og bad honom leggja godt Ord inn syre seg hjaa Kongen. Olve so gjorde og sekk Kongen talt til, at han iminsto skulde umaka seg ned aat Skipet og sjaa paa Skatten. Da sekk Kongen sjaa, at Skatten var større og betre en som syrr. Han vardt daa blidare, og Torgils gav

honom daa fraa Torolv nokre Bjorsskinn og andre dyrlege Safer, som han hadde fengset i Finnmarki. Kongen vardt no glad, bad Torgils fortelja um Torolv sine Ferder og sagde sidstpa: „det er Skade, at Torolv inkje skal vera trufast men vil vera min Banemann.“ - Men daa sagde alle, som der stod, at detta var skamlaus Lygn og Baksnakk av deim, som vilde Torolv ilt. Kongen svarade inkje vidare til detta.

Betren etter strauk Torolv atten til Finnmarki, gjekk i Samlag med Kvænkekongen mot Russen, vann paa deim og kom med uhorvelegt Herfang ned aat Bessen, strauk derfraa til Sandnes og so til Torge. Her sekk han høyra at Hilderidssønerne hadde voret inne i Trondheim og baksnakka honom syre Kongen, men Torolv brydde seg inkje større um det, sagde berre, at han var viiss paa, Kongen inkje vilde festa lit til slikt Snakk. Men det vardt no inkje so vel. Hilderidssønerne hadde sagt til Kongen, at Torolv snaut honom paa Finneskatten, og soframt som berre Kongen vilde giva deim Finneretten, skulde han nog faa annan og likare Skatt.

Daa Sumaren kom vilde Torolv sjølv fara med Skatten aat Kongen. Med 90 Mann kom han

til Trondheim. Han leitade fyrst upp Olve Hnufa og bad honom tala hans Sak, for han visste inkje, um han kunde sthra seg, soframt det vardt visst, at Kongen hadde lydt etter Baksnakket. Dagen etter kom Olve og sagde, han kunde inkje verda klok paa Kongen. „So lyt eg ganga sjølv daa,” sagde Torolv og dermed gjeikk han. Kongen sat nettupp til Bord, daa Torolv kom. Torolv helsade honom og sagde si Wrend. Kongen bad deim giva Torolv at drifka og sagde: „eg skulde no inkje venta annat en godt av deg, endaa her gjeng so mangt eit Ord, so ein veit inkje kvat ein skal tru.” Torolv svarade, at dei som laug paa honom, synte Kongen ei klen Vinskapstenesta, og han skulde nog snakka med deim etter Fortenesta sekk han Takk i deim. Dagen etter flidde han Kongen Skatten og dessutan fleire fine kostelege Skinvaror i Gaava. Mange tykte, detta var svært til Gaava, men Kongen sagde at Torolv nog visste at taka seg bitalad paa ei onnor Leid. Torolv vissade Kongen Gong etter Gong um sin Truskap og undrade seg paa, at han synte honom mindre Tillit no, en daa han var hans Hyrdmann. „Det verd visst ogso det beste,” svarade Kongen, „at du kjem attende til mi Hyrd, verd min

Merkesmann og Ýrestander fyre Hýrdi; daa skal ingen kunna baksnakka deg, naar eg Dag og Nott kann sjaa, forleides du fer aat." Torolv fastade berre Augo sine paa Huskararne sine, som stod paa baade Sidor og svarade: „ugjerna skil eg meg ved denne Flokken; det Ven og det Embætte, du heve givet meg, maa du sjølv raada fyre, men Huskararne mine slepp eg inkje fraa meg, solenge eg heve Gods nog til at halda deim; mi Bøn er berre Konge, at du vil vitja meg og høyra kvat truverduge Folk hava at segja um meg." Kongen svarede, at han nog skulde agta seg fyre tidare at koma til Torge. Daa gjekk Torolv og strauk heim, og Kongen gav Venet og Finneretten aat Hilderidssønerne. Ta det vardt inkje nog med detta, men han sagde og, at Garden Torge og alt, som Baard Brynjulvson hadde aatt, var hans Eigedom, og no skulde Hilderidssønerne hava det til Styrings. Daa Torolv fekk spurt detta, tok han Skipi sine, bar alt sitt Lausøyre ut paa deim og foor med alle sine Folk, frie og Trælar, aat Sandnes, og her livde han nett paa same Storkarsmaaten som fyrr.

Betren etter foor daa Hilderidssønerne i Fjellet, men dei hadde inkje Lukka med seg. Dei hadde

berre 30 Mann, so Finnerne vyrde deim infje stort, og det var klen Skatt dei fekk. Men Torolv strauk til Næoenland og i Samlag med Næonekongen herjade han paa Russland som fyrr og gjorde stort Hærfang. So dreiv han og Lofotfiske og tente mange Pengar. Han fullsladde eit stort Skip han aatte med Fisk, Huder, Skinnvaror og annat, og sende Torgils Gjallande med det til England at han skulde selja Farmen, og hava med seg attende Klæde, Vin, Honing, Korn og annat, som han mest turvte. Torgils gjorde god Handel og strauk um Hausten attende til Noreg.

Med' detta stod paa, var Hilderidssønerne komne til Kongen med Skatten, og han undrade storlege, at han var so liten, myket minder en i Torolv si Tid. Hilderidssønerne laug daa i Hop, at Torolv hadde gjenget deim i Vegen, drivet inn Skatten fyre deim, og voret etter deim, ja han hadde givet Finnerne sitt Ord paa at ingen kongeleg Skattekrevjar skulde setja sin Fot millom deim tidare. No tenkte han paa at riva seg laus, verda Konge over Finnmarki og Haalogaland, og no nyft hadde han gjort i Vegen eit Skip, ladt med Skinnvaror og annat, av alt det han hadde stolet fraa Kongen. Kongen

skulde difyre passa upp Skipet, naar det no kom attende fraa England.

Desse Ord gjorde somyket, at Harald sende i Vegen eit Par paalitande og framdjerve Folk, som han brukte til slikt, og dei skulde daa lura paa Skipet, taka det og Farmen men inkje gjera Mannskapet Skade, med minder dei var nøydde til det. Sigtrøgg Snarfare og Halvard Hardfare — so heitte dei — siglde straks og kom uforvarande paa Torgils i Furusund. Torgils visste inkje Ordet, fyrr Skipet var fullt av vaapenklaedde Menner, han og Mannskapet vardt sett i Land vaapenlause, og han laut sjaa paa, kor Halvard og Sigtrøgg strauk stad med Skip og Farm utan at leiva somyket som ein Baat, som dei kunde faa seg fram i. Torgils laut tigga seg fram, til dess han kom til gamle Kveldulv, Fader hans Torolv, og fortalte honom, kvat som hendt var. Gamle Kveldulv sagde berre, at det gjekk som han hadde spaatt, det vilde inkje koma nokot godt ut av at halda seg til Wins med denne Kongen, difyre var det best, Torolv strauk til Danekongen elder Sveakongen elder Englands-kongen og baud seg fram der. Kveldulv gav deim daa eit Farth, somyket dei kunde koma heim. Daa

Torolv fekk vita Tidendi sagde han berre: „det er godt at skifta Gods med Kongen; det skader vel infje, at Huskararne mine sht vera minder fint klædde en eg ein Gong tenkte.“ Han maatte daa selja israa Egedomarne sine no og panisetja andre, for liva vilde han som fyrr og lika mange Folk vilde han halda.

Baaren etter gjorde Torolv eit stort Langskip ferdugt, og foor sudpaa med meir en 100 Mann, alle gausta Karar. Han lagde infje til Lands, fyrr han kom til Viken (Landet kring Kristianiafjorden), og der fekk han daa høhra, kvar Kongen var og skulde vera Sumaren. So strauk han derisraa, herjade ei Stund i Øystressjoen, men stelte det so, at han laag i Øresund, nettup daa Kjøpmannsfloten skulde skiljast og fara heim. Kvart Aar var der Marknad der ved Øresund paa Haløre (Helsingør), og daa var der altid mange norske Skip der. Torolv hadde Augo med seg og fekk lurt seg innpaa eit stort Skip som høyrde Kongen til, og var fulladt med Korn, Malt og Honing. Han gav Styremannen Valet millom at slaast elder at giva Skipet fraa seg godviliugt; og daa Torolv var mannsterkare, vilde han det sidste. Torolv sette daa Mannskapet paa Land

og strauk med Skipet. Men han tyktest inkje vera fullhemnd med detta. Han hadde spurt, at Garden hans Sigtrygg og Halvard laag med Gaut-Elvi, og dit foor han daa, kringsette Garden fyre Dag og sette i Herrop. Folket der vaknade og greip til Vaapen, og no vardt det til eit Basketaf. Sigtrygg og Halvard var inkje til Stadar men two yngre Brøder av deim; den eine vardt drepen med 20 Mann, den andre kom seg undan men miste eine Hondi. Torolv herjade Garden, sette Eld paa honom og siglde so til Havs; der kneip han endaa eit Skip ladt med Malt og Mjøl, og no foor han herjande som ein Viking nordetter, alt til han kom til Fader sin i Fjordom. Gamle Kveldulv sagde, at han gjorde ukloft i at draga Krof med Harald, og at han ottadest, det var sidste Gong han saag honom. Torolv kom godt og vel til Sandnes med Herfanget sitt og livde no som ein Konge den Vetren.

Det varde inkje lenge, fyrr Kongen fekk spurt, kva Torolv hadde gjort, og han vardt inkje alt so blid, kann du vita. Og endaa verre vardt det med honom Halvard og Sigtrygg, som fekk spurt, at dei var gardlause. Dei bad Kongen um Lov at gaanga mot Torolv strafst. Kongen svarade inkje

nei til det, men sagde ogso beint ut, at han trudde inkje dei raadde med honom; snarare trudde han, at um dei siglde i Ro og Maſ sunnantil, vilde dei koma baade roande og siglande attende, alt dei berre orkade. Han Halvard og Sigtrygg kom seg i Be- gen lel med 2 Skip og 200 Mann, men dei fekk Molbhr. Inkje fyrr var dei farne, fyrr Kongen og drog stad med 4 Skip og 400 Mann. Han siglde inkje kring Agdanes men upp Beitstadfjorden, let Skipi vera der, gjekk hver Naumdalseidet, og let Bønderne i Namsenfjorden møta fram med 6 Skip. Med desse rodde han Dag og Nott nordetter, til dei ein kveld kom til Sandnes. Der laag eit Langskip, tjeldat og siglferdig, elles var ingen til at sjaa. Torolv hadde inkje minste Tanke paa, at Kongen var ncer, han skulde nettupp Morganen etter segja Fedralandet sitt Farvel, hadde no bryg- gjat Reiseølet og sat i Stova med Mennene sine og drakk. Disyre var inkje Bakter ute.

Kongen let Mennene sine ganga stilt i Land og kringsette Huset. So lyfte dei Herrop, og Unrarne skrall. Torolv og Mennene hans spratt fraa Benkjom, treiv sine Vaapn og vilde ut, men Dyrerna var stengde. Kongen let funngjera, at

Ævinnfolk, Born, gamle Folk og Trælar skulde faa Lov at koma ut, og dei gjekk. Sigrid, Husfrøya, spurde, um Eyvind Lambe og Olve Hnufa var der, og dei gjekk fram og spurde, kva ho vilde. „Fylg meg til Kongen,” sagde ho. Dei gjorde so. „Er Forlik mogeleg med Torolv, Herre?” sagde ho. Kongen svarade: „vil Torolv giva seg paa Æaade og Unaade, daa skal han faa Liv og Limer, men Mennene hans skal reffast, so som det kann høva seg.” Olve Hnufa gjekk daa til Stovedyri og sagde til Torolv Bilkori aat Kongen. Torolv svarar stutt, at han vil infje tigga Forlik av Kongen. „Bed du honom lata oss faa Lov at koma ut, so skal me freista Mann mot Mann.” Daa Kongen fekk dette Svaret, sagde han berre: „legg Eld kring Huset! infje vil eg spilla Livet til Mennene mine og stridaßt med honom ute; eg veit vel, at Torolv vil gjera oss stor Mannskade, um han kjem ut, endaa han heve færre Folk.” So sette dei daa Eld paa Stova, og snart slekte Logen uppetter, for Timbret var turt, Beggjerne tjørebrædde, og Nœvr paa Taket. Torolv og hans Menn braut seg gjennom Bordveggen og rende so hardt mot Timbervæggen, so Stokkarne sprang ut or Naverna, og

det vardt eit stort Hol. Gjekk daa Torolv fyrst ut, so Torgils Gjallande, so kvar av dei andre. No vardt det den hardaste Strid paa Tunet, Torolvsflokken stod klembd millom den brennande Stova og Kongsfylkingi, men Kongen sekk og sanna sitt Ord um Torolv; dei visste at gjera det høst i Hyrdi hans. Torolv tok Sverdet i baade Hender, sprang fram, hogg til baade Sidor og skar seg Beg framigjenom Flokkens beint mot Kongsmerket. Han sette Sverdet gjennom Merkesmannen, og so stod han Andlit mot Andlit med Kongen. Men daa stod det og Sverd og Spjot so tjukt igjenom honom, at han stupte fram fyre Førerne til Kongen. „No kom eg tri Steg for stutt,” sagde Torolv, og dermed hogg Kongen honom Banehogget. I sidste Aalaupet var og Torgils Gjallande fallen. No bles Kongen i Lurarne, at dei skulle enda Striden, og so vardt gjort. Daa sagde Kongen til Olve Hnusa og Broder hans: „tak no Torolv, dykkar Frende, syn honom og dei andre, som her er fallne, all Sønd, og lat ingen rana her, for detta er altsaman min Eigedom.” So gjekk Kongen umbord paa Skipi sine og saag til dei særde Mennene. Han stansade ved ein, som sat og reivde ei Flerra,

han hadde fengset. „Infje heve Torolv gjevet det Saar,” sagde Kongen, „onnorleides heit Vaapni i hans Hond; dei fleipp nog reiva dei Saari, han gav, og stor Synd er det, at slike Folk maa falla.” Daa det lykte av Dag siglde Kongen burt, og daa møtte han i kvart Sund Skip, som skulde upp at verja Torolv mot Halvard og Sigtrygg, daa det gjekk Ord um, at dei var i Begen. Daa Halvard og Sigtrygg endelege naadde fram, fekk dei lang Nos og maatte snu igjen til stor Spott og Spe.

Olve Hnufa og Eyvind Lambe vardt verande eit Bil paa Sandnes. Dei reiste Haug hver Torolv og sette Bautasteinar paa Haugen. Sidan stelte dei og alt i Lag fyre Sigrid. Men daa dei var attende komne til Trondheim, kunde dei infje lenger trivast der hjaa Kongen. So gjekk dei daa ein Dag til Harald og Olve sagde: „me er komne og vil beda deg um Heimlov Konge, for infje hava me Hug til lenger at sitja Sida um Sida og drifka med deim, som bar Vaapn paa Torolv, Frenden vaar.” Kongen vardt vred og svarade stutt nei, men Dagen etter let han deim falla aat seg, lovade deim myket fyre deira Truskap og Dug og sagde, at no var han meint paa at senda Eyvind der Nord,

gista honom med Sigrid og giva honom alt det Torolv hadde aatt; „men du Ølve maa vera her hjaa meg, for deg kani eg infje unvera.“ Brøderne takkade Kongen myket, og det gjekk etter hans Vilje. Eyvind vardt gift med Sigrid, og av deim er komne ei stor og merkeleg Ett. Son deira vardt gift med Dotterdotter av Kongen, og hans Son var den namingjetne Skalden, Eyvind Skalda-spiller, som kbad det makalause Draapa hver Haakon Adalsteinsfostre. Hans Son var igjen Haarek av Tjotta.

Daa gamle Kveldulv spurde, at Sonen hans var fallen, vardt han so sorgfull, at han lagde seg ned. Skallagrim gjekk ofta burt aat Sengi hans, og bad honom manna seg upp; „alt annat er høvelegare en at gjera seg laak og leggja seg nedføre; mi Raad er den, at me skal freista hemna Torolv; kanskje kann me raaka burt i sume av deim, som var med, daa han fall elder andre, som Kongen heve kjær.“

Ølve Hinusa talade ofta syre Kongen paa det, at det var best at bjoda Kveldulv og Skallagrim sonelege Bøter syre Torolv. Kongen svarade infje reint nei til detta, naar dei berre vilde koma aat

honom. Daa difyre Kongen var paa den Kant, der Kveldulv aatte Gard, saag Olve seg Kans til at snarta innum. Gamlen tok vel mot Olve og spurde honom ut til det minste um, forleides det gjekk til den Kvelden paa Sandnes, um Torolv infje gjorde eit og annat Storverk fyrr han fall, even som bar Vaapn paa honom, kvar han hadde dei fleste Saar, og forleides han fall. Olve fortalte daa, at han fall aa Gruve framfyre Føsterne paa Kongen, og at Kongen gav honom Banehogget. Daa vartt gamle Kveldulv glad. „God Tidend er det,” sagde han, „for so sagde dei gamle, at den Mann skal verda hemnt, som fell framstupes, og Hemnen skal koma nær innaat den, som han fell imot.” Olve talade no paa det, at dei skulde fara aat Kongen og krevja Bot, men Kveldulv sagde, at han var for gammal og styrd til det. Grim var helder infje hugad paa den Ferdi, men sidstpaa fekk daa Olve talt honom til det, og Dagen vartt avsnakkad, daa han skulde koma.

Skallagrim lagade seg til Ferdi, daa Tidi kom og valde 11 Mann av dei sterkeste og største derikring til Ferkdalag. Dei rodde inn Østerfjorden, foor so landleides til Voß, til Evangervatnet og

sekk seg Baat der. Dei sekk spurt Gorden, der Kongen heldt til, og kom dit, daa han sat til Bord. Skallagrim sende Bod inn etter Olve, og ein Mann gjekk daa inn i Stova og sagde: „her er komne tolv Karar til Gards, um eg skal kalla deim so, men dei ser likare ut til Troll en til Folk.“ Olve stod straks upp og gjekk ut, han skynade nog, even detta var. Olve bad Grim fylgja seg, og seks Mann gjekk dei daa inn aat Kongen, dei andre seks stod ute og skulde gjæta Vaapni. Olve gjekk fram fyre Kongen, heldt ein lang og fin Tale, der han bar fram Wrendi til Skallagrim. Kongen saag seg ikring og saag daa ein Mann standa bak Olve, som var eit Hovud høgare en alle andre og fleinstkalla. „Er detta Skallagrim, den store Kroppen?“ spurde Kongen. „So er det,“ svarade Grim. „Daa vil eg, at du skal ganga i mi Tenesta og verda min Hymann,“ sagde Kongen. „Og i Øster fyre Broder din skal du faa likso stor Heidr, som han fekk, og vonar eg daa, at du betre kann bera honom en han.“ Skallagrim svarar: „det var funnigt, for langt Torolv gjekk framum meg i alle Maatar, og likavel hadde inkje han lufka til at tena deg Konge. Difyre vil holder inkje eg verda din Mann, for eg

trur inkje, det vilde ganga meg likar en Torolv." Kongen tagde og vardt blodraud i Andlitet. Men Olve snudde seg straks og bad Skallagrim skunda seg ut og fara heim som snøggaste. Han gjorde so, kom seg over Batnet med Fylgjet sitt, og Olve tok daa og borade Hol i dei Skip, som var uppsette ved Batnet. Daa ei Stund var lidi, sagde Kongen: „det saag eg paa Skallen til hin digre Karen, at han verd aldri min Vin og vil gjera meg og mine all den Skade han kann. Far etter honom og drep honom." Dei foor daa til Batnet og gjekk fraa Skip til Skip men ubrukande var dei alle, og soleides slapp Skallagrim undan.

Daa Skallagrim kom heim, let Kveldulv vel hver soleides som han hadde svarat Kongen, „men her verd inkje buande fyre oss lenger her i Landet," sagde han. So vardt dei daa samstelte um, at dei skulde fara til Island, der fleire av Kjennigarne deira alt var farne. Dei sekk seg daa 2 Skip og 30 Mann paa kvart umfram Kvinnfolk og Born. So bar dei alt sitt Lausohre um Bord, men Fordi sekk dei inkje selt, daa ingen vaagade kaupa fyre Kongen. Dei siglde daa i Begen, men det var som kunde dei inkje skiljast fraa Landet, fyrr Torolv var hemnd. Dei laag lenge og bidde med Solund-Dy-

arne ytst i Sognefjorden, daa der var Vidsyn yver Havet og mange Hamner. Hemnen kom og, fyrr dei hadde ventat.

Kong Harald hadde ein Morbroder, Gutorm, som nettupp var daaen i Tunsberg, og no hadde Kongen sendt Halvard Hardfare og Sigtrøgg Snarfare etter dei two unge Sønerne hans med det Skipet, dei hin Gongen hadde teket fraa Torgils Gjallande. Dei kom nettupp no siglande yver Sognesjoen. Skallagrim kjende Skipet paa lang Leid, saag, kvar dei lagde seg i Hamn, og foor attende til Fader sin og fortalde det. Gamlen var straks ferdug til at ganga paa Skipet. Dei firade Baatarne sine i Sjoen, 20 Mann paa kvar, og rodde stilt um Notti burt aat Skipet. Her hadde dei lagt seg til Ro, og Vaktmennene sat paa Bryggja. Daa Skallagrim og Kveldulv lagde til Bryggja, sprang Vaktmennene upp, ropte Herrop, og no tumlade dei fram or Sengjom umbord. Kveldulv og Skallagrim med Flokken sin etter, og no vardt det eit Blodbad yver all Maate. Kveldulv og Skallagrim gjekk fram fraa kvar sin Slamn og hogg, og ingen kunde standa seg mot deim. Gamle Kveldulv var reint som rasande. Han hogg ned alt som kom i Begen, sidstpaa sette han Øksi si i Hovudet paa

Halvard, so ho seig i til Skafset; han tverrykte henne aat seg, so han lyfte Halvard upp med det same og heiv honom utanbords. Midt paa Skipet møtte han Son sin, Skallagrim; daa hadde han drepet Sigtrygg, og Skipet var rudit; alt som inkje fall fyre Øksi, sprang paa Sjoen og thindest der. Verre tri Mann var att, som kunde bera Tidend til Kongen um detta. Kveldulv og Skallagrim tok Torolv sitt gamle Skip og styrde til Island, men paa Begen vardt gamle Kveldulv klen, han hadde røynt seg for hardt i Striden. Daa han merkade, det vardt Dauden, sagde han, dei skulde leggja Líket hans i ei Rista og kasta henne fyre Bord og soframt som Rista dreiv island paa Island, skulde Skallagrim festa Bu paa det Stelle. Skallagrim fann ogso Rista att i Borgarfjorden paa Island, bygde seg der Gard og fraa honom er ei stor Ett komi som altid laag i Ulfred med Haraldscætti. Hans Son var den namingjetne Egil Skallagrimson.

Detta var inkje den einaste Hemn hver Torolv. Ketil Høng, ein av Skyldfolket hans, foor med 60 Mann til Torge, drap der Hilderidsønerne, tok Godset, som var paa Garden og strauk so med alt sitt til Island.

---

Prentat hjaa Georg Grieg i Bergen.



UNIVERSITY OF ILLINOIS-URBANA



30112 082004612

Hjaa Ed. B. Gierlson.

Janson, Kr. Fraa Bygdom. Andra Upplaget. 60 ø., fint bundet 90 ø.

— Norske Dikt. 60 ø., fint bundet 90 ø.

Jon Arason, Syrgespil i fem Altar. 60 ø., fint bundet 96 ø.

— Ei Slaastkjempa. 12 ø.

— Han og Ho. 60 ø., fint bundet 84 ø.

— Marit Skjølte. 48 ø., fint bundet 72 ø.

— Soldatboki. 12 ø.

— Tri Preikor fyre dat norske Landsfolk. 12 ø.

— Sigmund Bresteson. 60 ø., fint bundet 90 ø.

— Torgrim. 48 ø., bundet 72 ø.

Krohn, Henrik. Minne fraa ei Stockholmsferd. 40 ø.

— Smaakvæde. 20 ø., fint bundet 40 ø.

— Ei liti Ferd fraa Sogndal til Fjerland. 24 ø.

— Med Fotografi av Fjerland 40 ø.

— Geirstad-Trond. 12 ø.

— Fraa Vestlandet. 24 ø.

— Svein og Gudveig. 24 ø.

Nygaard, M. Kortfattet Fremstilling av det norske Landsmaals Grammatik. 12 ø.

— Oldnorsk Læsebog for Begyndere til Brug paa Skoler og ved Selvundervisning. 30 ø.

— Oldnorsk Grammatik til Skolebrug. 30 ø.

— Kortfattet Fremstilling af den oldnorske Formlære. 12 ø.

— Eddasprogets Syntax. I. 36 ø. II. 24 ø.

Paulson, O. Læsebok i Landsmaalet. 30 ø. bundet.

Vinje, A. O. Om vaart nationale Stræv. 8 ø.

Bunyan. Pilgrimssferd. I. Øversett fraa Engelsk. 24 ø.

Luthers little Katekisma. 6 ø.

Evangelium etter Markus. 12 ø.

By og Bygd. I—VI. à 18 ø. Tredje Margang I—III. à 18 ø.

Fjorde Margang I—III. à 18 ø. Femte Margang I. II. à 18 ø.